


# Frå urnordisk til norrønt språk

av Odd Einar Haugen



Arbeidsmanuskript

30. desember 2012

## Nokre innleiande ord


Dette kapittelet skulle eigentleg ha vore med i den reviderte utgåva av *Handbok i norrøn filologi* (2013). I denne utgåva ønskete vi å ha med eit nytt kapittel om den språklege utviklinga frå urnordisk til norrønt, til støtte for kap. 3 om runer, og til utfylling for dei andre språklege kapitla (no kap. 11, 12 og 13). Kjartan Ottosson tok på seg å skrive eit slikt bidrag, men han rakk ikkje å fullføre det innan han fall frå så altfor tidleg sommaren 2010. Underteikna tok derfor på seg denne oppgåva, nokså nølende.

Resultatet ligg føre her. Men då kapittelet vart ferdig, var det klart at det var for langt for handboka. Meir enn 800 sider bør ikkje ei bok ha, og dette kapittelet ville ha lagt rundt 100 sider til handboka. I eigenskap av redaktør valde eg å ta ut kapittelet og heller leggje det fram på nettstaden til boka, [www.nofihandbok.no](http://www.nofihandbok.no). Det hadde også sitt å seie at kapittelet kan hende ikkje var heilt ferdig; det er eit stort og komplekst felt det skal dekkje.

Under arbeidet med kapittelet hadde eg hjelp og støtte frå mange kantar. Her i Bergen fekk eg mange gode råd frå Oddvar Nes, Eldar Heide, Helge Dyvik og Helge Sandøy; utanfor Bergen frå Hans Frede Nielsen (Odense); Arne Torp, James Knirk og Harald Bjorvand (alle Oslo) og Michael Barnes (London). Trass i all den hjelpa og kritikken eg har fått, er det nok mykje som både skulle og kunne ha vore gjort annleis. Eg er derfor glad for all kritikk og gode råd som kan gjøre kapittelet betre, meir dekkjande og meir lesverdig.

*Odd Einar Haugen*

### ILLUSTRASJONANE PÅ OMSLAGET

Spenne frå Bratsberg i Telemark (ca. 500 e.Kr.). På baksida av spenna står det ei innskrift på urnordisk,  ekerilær ‘Eg erilen’. Sjå omtale i Karin Fjellhammer Seim (2013: 142–144). © Kulturhistorisk Museum, Universitetet i Oslo.

Oppslag frå *Gammalnorsk homiliebok* (AM 619 4°, bl. 40v–41r). Dette er den eldste, tilnærma fullstendige norske boka, skriven i Bergen ikkje lenge etter 1200. Sjå omtale i *Vår eldste bok*, utg. Odd Einar Haugen og Åslaug Ommundsen (2010). © Den Arnamagnæanske Samling, Nordisk Forskningsinstitut, Københavns Universitet.

# Frå urnordisk til norrønt språk

*Dette kapittelet gjev eit innleiande oversyn over den indoeuropeiske språkfamilien og plasseringa av den germanske og den nordiske greina innanfor denne familien, der fokuset ligg på den perioden då det eldste nordiske fellesspråket skilde seg ut frå dei germanske grannespråka. Denne perioden kjem vi til å omtale som urnordisk, og vi set den bakre grensa til det andre hundreåret e.Kr. På grunnlag av eit korpus på 25 runeinnskrifter frå perioden ca. 150–650 e.Kr. gjev kapittelet ei skisse til lydverket og delar av formverket for urnordisk, og det viser til slutt korleis ein gjennom ei samling av lydreglar kan føre dei urnordiske formene fram til det klassiske norrøne språksteget på 1200-talet.*

## Det språklege mangfaldet – før og no

Vi reknar med at det er nesten 7000 språk i verda i dag. Dei spenner frå språk som er i ferd med å døy ut og berre har ein handfull brukarar, til dei verkeleg store språka målte i talet på språkbrukarar, slike som kinesisk, spansk og engelsk. Den skandinaviske språkgruppa, som omfattar norsk, svensk og dansk, er ei lita gruppe jamført med dei store språka i verda, men med rundt 18,5 millionar brukarar dannar denne gruppa trass alt eit mellomstort språk, om vi held oss til dagens Europa.

No er det likevel ikkje vanleg å rekne skandinavisk som eitt språk, sjølv om skilnadene mellom norsk, svensk og dansk er mindre enn dei ein finn innanfor mange andre språk. Hadde Kalmar-unionen frå 1397 vist seg å vere liv lage, ville vi kanskje ha rekna skandinavisk som eitt språk i dag. I staden har vi fått tre nærslekta skriftspråk, kvart med sine normgjevande institusjonar: svensk, dansk og norsk. Norsk har vi attpå til i to variantar, bokmål og nynorsk. For tusen år sidan, då vikingtida gjekk mot slutten, kunne vi verkeleg tale om eit felles språk i Norden, og til det høyrdes også norn (på Shetland og Orknøyane), færøysk og islandsk, som fram til slutten av vikingtida på 1000 -talet må reknast som dialektar av vestnorsk. Det er dette felles språket i Norden som er emnet for vårt kapittel; her skal vi følgje hovudtrekk i utviklinga frå dei eldste tider fram til klassisk norrønt.

## Dei indoeuropeiske språka

Vi kan berre gisse på kva tid språk først vart utvikla blant menneska, og sjølv om det kan synast sannsynleg at alle språk går tilbake til eitt urspråk, er det mogleg at språk har utvikla seg uavhengig av kvarandre fleire stader i verda. Men om opphavet til språket erapt i det historiske mørkret, er det mogleg å dele språka inn i familiarar. Oppslagsverket *Ethnologue*, som fører ei løpende liste over alle språk i verda, reknar med 116 hovedfamiliarar ("top-level genetic groups"), dvs. familiarar som ein ikkje utan vidare kan føre tilbake til eit felles opphav. Den største av alle familiene målt i talarar, er den indo-

europeiske familien. I dag er det 2,7 milliardar menneske som taler eit indoeuropeisk språk, eller nesten 40 % av alle folk i verda.

Det er vanleg å rekne med 11 hovudgreiner av den indoeuropeiske familien, som vist i tab. 1 (slik t.d. i Hock og Joseph 2009: kap. 2). Somme oppstillingar slår saman slavisk og baltisk til éi grein, balto-slavisk, slik at talet på hovudgreiner blir 10. Det er dessutan fleire utdøydde språk som har eit uavklart forhold til den indoeuropeiske familien, og ein ser derfor oppstillingar med heilt opp mot 20 greiner (t.d. Baldi 1999: 22).


Språkfamilie	Hovudspråk i dag
Indo-iransk	hindi, urdu, bengali, persisk, pashto
Tokarisk (†)	<i>utdøydd</i> , tokarisk A og B vart talte i Sentral-Asia i det noverande Kina og har trekk til felles med italiisk og keltisk
Armensk	armensk
Anatolisk (†)	<i>utdøydd</i> , omfattar fleire språk, m.a. hettittisk, som gjekk tapt med hettitarriket ca. 1200 f.Kr., kjent i innskrifter frå ca. 1600 f.Kr.
Hellensk	gresk
Slavisk	russisk, kviterussisk, ukrainsk, polsk, tsjekkisk, slovakisk, serbisk, kroatisk, bosnisk, slovensk, bulgarsk, makedonsk
Baltisk	litauisk, latvisk
Albansk	albansk
Romansk	italiensk, fransk, spansk (kastiljansk og katalansk), portugisisk, rumensk
Germansk	engelsk, nederlandsk, tysk (høgtysk og lågtysk), afrikaans, frisisk, dansk, svensk, norsk, islandsk, færøysk
Keltisk	irkisk, skotsk-gælisk, walisk (også kalla kymrisk), bretonsk

Tab. 1. Dei 11 hovudgreinene av indoeuropeisk med dei mest talte språka i dag, rekna frå aust mot vest etter dagens utbreiing. Utdøydde former er ikkje oppførte, slike som oskisk, umbrisisk og latin i den romanske greina, gotisk i den germanske og kornisk i den keltiske.

Dersom det er riktig at dei indoeuropeiske språka dannar éin språkfamilie, og dét er det brei semje om, må alle greinene gå tilbake til eit felles opphav, eit grunnspråk, på same måte som handskriftene i eit stemma går tilbake på eit felles opphav (sjå meir om dette i O.E. Haugen 2013: 111–115). Men ingen har så langt lykkast i å leggje fram eit uomstridd tre, og den familien som er vanskelegast å klassifisere, er den som vi skal halde oss innanfor i det følgjande, nemleg den germanske. Ei av mange framstillingar er den som er vist i ill. 1 på neste side.



Ill. 1. Den indoeuropeiske språkfamilien framstilt som eit stamtre, basert på eit tre publisert av Gamkrelidze og Ivanov (1990). Det er ikkje så liten variasjon mellom dei trea ein kan finne i lærebøker og oppslagsverk, og knapt nokon kan få med seg alle dei indoeuropeiske språka. Her har vi justert treet hos Gamkrelidze og Ivanov på fleire punkt: m.a. er det føydd til ei grein for albansk og ordninga av dei germanske språka følgjer treet i ill. 7, s. 18 nedanfor. Alle nemningar er dessutan gjevne på norsk.




*Ill. 2. Eit tre over den strukturelle slektskapen mellom dei indoeuropeiske språka (frå Ringe, Warnow og Taylor 2002: 87). Treet er utarbeidd ved hjelp av kladistisk programvare, mykje brukt i biologi og genetikk. Plasseringa av germansk er vanskeleg, og denne forskargruppa har gått vidare ved å analysere germansk uavhengig av dei andre språka. Ettersom dette er eit forsøk på å vise utviklinga av dei indoeuropeiske språka, byggjer det så langt mogleg på dei eldste heimla språka. Dei tilsvarande språkstega står noko nærmare stamma i treet i ill. 1.*

Ved hjelp av numeriske metodar har språkforskaren Donald (Don) Ringe, Tandy Warnow og Ann Taylor sett opp og testa fleire alternative tre over dei indoeuropeiske språka (2002: 87). Grunnlaget er eit datasett på 22 utvalde språklege trekk i lyd- og formverket, og i ill. 2 ser vi at analysen langt på veg fører fram til dei same familiene som i ill. 1. Eit unntak er plasseringa av den isolerte familien albansk like ved dei germanske språka. Det kan ha samanheng med at albansk har lånt det aller meste av sitt ordtilfang frå grannespåra, og at det dermed er vanskeleg å gje ei sikker plassering av dette språket. Når det gjeld dei germanske språka, kan vi merke oss at gotisk er det første som skil seg ut, og det er i samsvar med stamtreeet i ill. 1. Den vidare analysen av dei germanske språka i dette treet er truleg mindre sikker.

Treet i ill. 2 byggjer på ein gjennomført binær analyse, og det fører til at kvar grein deler seg i to og berre to nye greiner. Dette er ein eigenskap ved dei fleste numeriske metodar og inneber ein risiko for overtolking av treet, om ein ikkje er klar over at desse metodane søker å løyse opp fleirdelte greiner i ein serie av todelte greiner. Problemet er kjent frå mange andre disiplinar, både språkvitskap og tekstkritikk (jf. O.E. Haugen 2013: 115–120). Treet i ill. 2 kan derfor ikkje lesast som eit alternativ til det mangegreina treet i ill. 1, men det kan gje grunnlag for å vurdere dei større grupperingane av språka, som t.d. at gresk og armensk dannar ei gruppe (noko som ikkje er så overraskande) og dernest at albansk og germansk dannar ei gruppe (som er overraskande og problematisk).

Når det er så vanskeleg å vise slektskapen mellom språk i form av eit tre, er det fordi språk ikkje berre utviklar seg gjennom arv, men også gjennom språkkontakt. I den germanske familien har det vore omfattande kontakt, både internt i familien og med tilgrensande språk. Denne kontakten er det vanskeleg å vise i ein modell der greinene stadig skil lag. To sentrale døme er for det eine den påverknaden fransk hadde på engelsk etter den normanniske invasjonen i 1066, og for det andre den påverknaden som lågtysk hadde på nordisk gjennom heile seinmellomalderen. Eit tre maktar ikkje å fange opp språkkontakt på ein god måte utan at greinene kryssar kvarandre eller veks i hop, og di større språkkontakten har vore, di vanskelegare er det å vise han fullgodt i eit tre.


Ill. 3 viser korleis språkleg slektskap kan framstillast på ein annan måte, ikkje ulikt grensene på eit dialektkart. Her er det 26 språklege trekk i lyd- og formverket som blir



Ill. 3. Forholdet mellom dei germanske språka framstilt etter språkleg nærleik på grunnlag av 26 utvalde trekk ved språka (frå Trask 2007: 230, på grunnlag av trekk i Robinson 1992: 250–251). Denne framstillinga er i samsvar med bølgjemodellen, omtalt i tekstboksen s. 8 nedanfor, og er sett opp slik at at språka fordeler seg nokolunde i samsvar med den geografiske spreininga – islandsk i nordvest, svensk i nordaust og tysk i sør.

## Stamtre eller bølgjer?

Stamtreeet er ei nærliggjande framstilling av slektskap, anten det no er av planter, forfedrar, handskrifter – eller språk. Dei første stamtrea over språkleg slektskap vart utvikla på 1850 -talet av den store språkforskaren August Schleicher (1821–1868), og dei har for etertida vore uløyseleg knytte til hans namn. Stamtreeet viser slektskapen mellom dei indoeuropeiske språka så langt han då var kjend, og om vi jamfører det med stamtreeet i ill. 1, ser vi at det er mykje som var klarlagt allereie for 150 år sidan.



Ill. 4. Schleichers stamtre med norske nemningar tilføydde. Den øvste greina kalla Schleicher tysk (*deutsch*), og det svarar til det vi no kallar germansk. Treet er frå 2. utgåve av Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen (1866: 9). Då kjende ein enno ikkje til den tokariske og anatoliske språkgreina.

Stamtreeet er ein god og lett forståeleg modell, så langt han rekk, og det innbyr også til litt meir kunstnariske utformingar. Men stamtreeet kan ikkje så lett vise språkleg kontakt. Allereie i 1872 kritiserte språkforskaren Johannes Schmidt (1843–1901) denne modellen, og argumenterte for at språkleg utvikling best kan visast i ein bølgjemodeell, der dei språklege endringane breier seg som ringar i vatn. Det var hans *Wellentheorie*. Ill. 3 på s. 7 er døme på ein slik modell, og tilsvarende modellar kan ein også leggje over kart, slik ein ofte gjer det i dialektgeografien. Men bølgjemodeellar kan ikkje vise korleis språk har utvikla seg over tid; dei er *samtidige* heller enn historiske. Dermed er den noko nedslåande konklusjonen at det truleg er umogleg å utvikle ein modell som på ein enkel og lettfatteleg måte kan vise alle sider ved språkutvikling og språkslektskap. Det gjer at dei gamle stamtrea framleis er i godt hold, trass i dei innvendingane som har vore reiste, og som det er semje om.

Ved hjelp av ulike typar av numeriske modellar, m.a. klyngeanalyse og kladistisk analyse, kan ein skape trefigurar som tilsynelatande er av same type som det tradisjonelle stamtreeet. Men det er ein overflatisk likskap, og dekkjer over at det er tale om visualiseringar av reint numeriske analysar, der treeet er ei av fleire moglege grafiske framstillingsformer av den underliggjande analysen. Eit slikt tre er vist i ill. 2. Sjå meir om dette i t.d. Clackson (2007: 9–15) og i O.E. Haugen (2013: 115–120).

lagde til grunn. Modellen viser kor mange trekk som skil dei enkelte språka; såleis er det vel så mange trekk som skil mellom høgtysk og lågtysk som det er mellom lågtysk og engelsk. I det utvalet av trekk som er gjort her, er det faktisk ingen trekk som skil mellom norsk og svensk, og dansk skil seg berre ut frå desse to språka med berre eitt trekk: den glottale støyten. Modellen kan gje eit romleg inntrykk av forholdet mellom språka, men han kan ikkje seie noko om kvifor språka over tid har fordelt seg som dei gjer.

## Germansk skil seg ut

Lenge før Kristi fødsel budde det laust organiserte stammer i sentrale delar av Europa, frå dagens Nord-Tyskland opp til Skandinavia. Dette var germanarane, eit folk med ein felles kultur og eit felles språk, som etter kvart tok på vandring over store delar av Europa. Den romerske historieskrivaren Tacitus omtaler germanarane i skriften *Germania* frå det første hundreåret e.Kr. og listar der opp ikkje mindre enn førti stammer spreidde over heile det nordlege Europa. Vi kan kjenne att desse stammene i fleire landskapsnamn den dag i dag: *rugii* i Rogaland og Rügen i Nord-Tyskland, *harudes* (eller *charudes*) i Hordaland og Hardsyssel i Jylland, osv. Men vi har ingen sikre skriftlege kjelder på germanske språk før det andre hundreåret etter Kristi fødsel, anna enn enkelte germanske ord hos romerske forfattarar som Tacitus og andre. Men i det andre hundreåret får vi dei eldste innskriftene i det eldre runealfabetet, det som vi også kallar det fellesgermanske runealfabetet. Kva er det så som skil germansk frå andre, nærslektta indoeuropeiske språk? Ettersom vi ikkje har direkte kjelder til det før-germanske språket, må vi svare på dette spørsmålet ved å jamføre germansk med grannespråka. Og då viser det seg at sentrale ord, knytte til slektskap, kropp, talord o.l., viser systematiske fellestrek i germansk jamført med t.d. latin, som vist i tab. 2. Her bruker vi norrønt som representant for germansk.

LATIN	NORRØNT	SAMSVAR	LATIN	NORRØNT	SAMSVAR
piscis	fiskr	p = f	labium	lippa	b = p
tres	þrír	t = þ	edere	eta	d = t
caput	hófuð	k = h	genu	kné	g = k

Tab. 2. Sentrale ord i latin og norrøn med lydleg samsvar. Bokstaven c i latin hadde uttalen [k], medan þ i norrønt vart uttalt [θ] i framlyd, dvs. som th i engelsk thing.

Jamføringa i tab. 2 kunne få ein til å tru at norrønt var utvikla frå latin, og at det hadde vore ein serie av lydovergangar frå det eine til det andre språket. Slik er det ikkje. Forståinga av slektskapen mellom dei indoeuropeiske språka utvikla seg raskt frå slutten av 1700-talet med den nye, jamførande språkvitskapen, og innan midten av 1800-talet hadde ein nådd svært langt i å forstå hovuddraga i den språklege slektskapen. Det var då klart at germansk hadde ei rekkje nye trekk, *innovasjonar*, og at andre indoeuropeiske språk hadde teke vare på opphavlege trekk, slike som kunne førast tilbake til det indo-

## Stjerner og andre krummelurar

Rekonstruerte former er mykje brukte i språkvitskapen, og di meir di lenger bakover ein kjem. Dei er markerte med *stjerne* (*asterisk*) for å vise at dei ikkje førekjem i kjeldene, men er rekonstruerte. I dette kapittelet kjem bruken av stjerneformer til å strekkje seg langt inn i den urnordiske perioden, og i nokre tilfelle heilt inn i norrøn tid. Men det er også andre teikn som bør forklarast:

**Lengd.** I dette kapittelet bruker vi lengdestrek for å vise at ein vokal er lang, og denne bruken er gjennomført heilt fram til norrøn tid, t.d. *sér* for det som i lydskrift ville ha vore notert som [se:r] med kolon brukt som lengdeteikn. I norrøn normalortografi bruker ein som kjent aksent for vokallengd og skriv *sér* som *sér*. Lengdestreken blir omtalt som *makron*, og det finst eit motsvarande teikn, *breve*, for å vise at ein vokal er kort, t.d. *sér*. Her bruker vi ikkje breve, så når det ikkje står nokon lengdestrek over ein vokal, kan ein gå ut frå at han er kort

**Aksent.** Vi bruker aksent (*accent aigu*) over vokalar (eller syllabiske konsonantar) som er aksentuerte. I indoeuropeisk tid meiner vi at aksenten var musikalsk, dvs. at han primært kom til uttrykk som eit skifte i tonehøgd, slik vi kjenner det frå sanskrit og klassisk gresk, t.d. ieur. \**tréyes* ‘tre [talordet]’ og klassisk gresk πούς *pōs* (nominativ eintal), ποδός *podós* (genitiv eintal) m. ‘fot’. Om vokalen er lang i tillegg til å vere aksentuert, bruker ein både lengdestrek og aksent, t.d. ieur. \**pətēr* ‘far’. I dei germanske språka gjekk aksenten over til å bli realisert primært gjennom trykk, og han festa seg typisk på rotstavinga i ordet. Som nemnt ovanfor blir nøyaktig det same aksentteiknet brukt for å markere vokallengd i norrøn normalortografi

**Aspirasjon.** At ein plosiv er aspirert, kan vi vise med ein liten *h* etter plosiven, t.d. sanskrit *b<sup>h</sup>rātar* ‘bror’. Dette kan sjå framandarta ut, men vi kunne like gjerne ha notert dei ustemedde plosivane i moderne norsk med aspirasjonsteikn, for dei er også aspirerte, t.d. *p<sup>h</sup>il* ‘pil’. Ettersom dei moderne norske plosivane også skil seg ved å vere ustemedde eller stemde, kan vi klare oss med dei latinske skriftteikna *p*, *t*, *k* vs. *b*, *d*, *g* (i staden for *p<sup>h</sup>*, *t<sup>h</sup>*, *k<sup>h</sup>* vs. *b*, *d*, *g*)

**Frikativitet.** Dei stemde plosivane *b*, *d*, *g* kunne i germansk veksle med stemde frikativar. I dette kapittelet bruker vi den tradisjonelle notasjonen med tverrstrek for dei stemde frikativane, *þ*, *ð*, *g*. I IPA-alfabetet er dei tre siste lydane noterte som [β], [ð], [ɣ].

**Palatal artikulasjon.** I indoeuropeisk kunne dei bakre plosivane *k*, *g* og *g<sup>h</sup>* ha ein fremre, palatal artikulasjon. Dette blir ofte notert med vanleg aksent, *accent aigu* (slik t.d. i Bjorvand og Lindeman 2007), men for å unngå forveksling nyttar vi her omwend *breve*, *ķ*, *ǵ*, *ǵ<sup>h</sup>*, som det også er tradisjon for.

**Labiovelar artikulasjon.** Dei bakre plosivane i indoeuropeisk, *k*, *g* og *g<sup>h</sup>*, kunne også ha ein labiovelar tilleggsartikulasjon. Denne blir notert med ein liten *w*, *k<sup>w</sup>*, *g<sup>w</sup>*, *g<sup>wh</sup>*, og kan kjennast att som *qu* i latin og *hv* i norrønt, jf. ieur. \**k<sup>w</sup>od* > latin *quod*, norr. *hvat* (etter lydforskyvinga *k<sup>w</sup>* > *h<sup>w</sup>*). Det alfabetet som biskop Wulfila utvikla for gotisk på 300-talet, har eit eige teikn, *hwair*, for den sistnemnde lyden. I translitterering til det latinske alfabetet blir det attgjeve med ein ligatur av ‘h’ og ‘v’, ‘hv’, t.d. *hwas* ‘kven’.

**Nasalitet.** I løpet av urnordisk tid fall *n* i mange stillingar, men han etterlét seg nasal uttale av dei vokalane som stod i kontakt med han. Det var truleg ein lengre periode i tidleg nordisk at språket hadde både orale og nasale vokalar, slik den islandske *Første grammatiske avhandling* frå 1100-talet slår fast. Nasale vokalar blir til vanleg noterte med tilde, som i moderne spansk og portugisisk, t.d. urnordisk \**drepān* > tidleg norrønt \**drepā*. Om ein nasal vokal i tillegg er lang, kan vi vise dette med lengdestrek, t.d. \**gans* > \**gās* (med erstatningsforlenging av vokalen). I dette kapittelet kjem vi berre til å notere nasalitet når det er særskilt grunnlag for det. I translitterering av runeinnskrifter blir *ogonek* (kvist) også brukt for å markere nasalitet, t.d. *ą* for *ā*.

**Usikker lesemåte.** For å markere usikker lesemåte brukat ein ofte å setje eit lite punkt under kvart teikn som ikkje kan lesast sikkert, men som det likevel er så klare spor av eller indikasjonar på at det ikkje er tale om ei utfylling av tapt tekst. Eit døme på dette er **gästir** i innskrift [8] EINANG, s. 26.

europeiske urspråket. Ein forstod då at latin høyrer med blant søskenbarna, ikkje forældra til germansk. Jf. tekstboksen s. 13 om termen *innovasjon*.

Dei sambanda som er oppførte i tab. 2, kan byggjast ut til ein tredelt serie av lydforskyvingar med grunnlag i rekonstruerte indoeuropeiske former. Overgangane omtaler vi som *den germanske lydforskyvinga*, illustrert i tab. 3 nedanfor. I dei eldste germanske kjeldene, som er frå tida kort etter Kristi fødsel, er lydforskyvinga gjennomført. Denne overgangen må såleis vere eldre, kan hende så gammal som frå den yngre bronsealderen.

Den germanske lydforskyvinga ser ut til å ha vore ei kjede av forskyvingar der først ustemed plosivar i indoeuropeisk vart ustemed frikativar i germansk, der dei stemde plosivane vart ustemed, og der dei stemde, aspirerte plosivane mista aspirasjonen og vart til stemde frikativar. I urnordisk er dei stemde frikativane gått over til plosivar i framlyd og etter nasal, og denne artikulasjonen hadde dei framleis i norrønt. Lydforskyvinga er vist som tre skilde overgangar i tab. 3, der vi først set opp den rekonstruerte indoeuropeiske forma og deretter den norrøne forma; norrønt er då ført opp som éin av fleire moglege representantar for germansk. Den tredje overgangen, frå aspirerte plosivar til stemde frikativar, er då sett opp slik at den seinare utviklinga til plosivar i framlyd og etter nasal er teken med, og derfor er overgangen formulert som *b<sup>h</sup>* > *þ/b* osv., der *þ* er friativ og *b* plosiv. I dei norrøne døma i tabellen står *b*, *d*, *g* i framlyd og er då plosive.

FRÅ USTEMDE PLOSIVAR			FRÅ STEMDE PLOSIVAR			FRÅ ASPIRERTE PLOSIVAR		
TIL USTEMDE FRIKATIVAR			TIL USTEMDE PLOSIVAR			TIL STEMDE FRIKATIVAR		
IEUR	NORR	OVERG.	IEUR	NORR	OVERG.	IEUR	NORR	OVERG.
*pisk-	fiskr	p > f	*d <sup>h</sup> ewb-	djúpr	b > p	*b <sup>h</sup> er-	bera	b <sup>h</sup> > þ/b
*tréyes	þrír	t > þ	*dóru-	tré	d > t	*d <sup>h</sup> ewb-	djúpr	d <sup>h</sup> > ð/d
*k <sup>h</sup> erd-	hjarta	k > h	*g <sup>h</sup> énu	kné	g > k	*g <sup>h</sup> ayd-	geit	g <sup>h</sup> > g/g
*k <sup>w</sup> od	hvat	k <sup>w</sup> > h <sup>w</sup>	*g <sup>w</sup> em-	kvám-	g <sup>w</sup> > k <sup>w</sup>	*g <sup>w</sup> or-	varmr	g <sup>w</sup> > g <sup>w</sup> /g <sup>w</sup>

Tab. 3. Den germanske lydforskyvinga illustrert med rekonstruerte indoeuropeiske former og dei tilsvarende norrøne formene. Dei diakritiske teikna er forklarte i tekstboksen s. 10–11 ovanfor. Med nokre få unntak har norrønt framleis dei lydane som germansk fekk under lydforskyvinga mykje over tusen år tidlegare.

Den danske språkforskaren Karl Verner (1846–1896) forklarte i eit arbeid trykt i 1876 nokre tilsynelatande unntak frå den germanske lydforskyvinga, nemleg at indoeuropeisk *p*, *t*, *k* i innlyd og utlyd ikkje alltid utvikla seg til dei ustemed frikativane *f*, *þ*, *h*, men i nokre tilfelle til dei stemde frikativane *þ*, *ð*, *g* (tverrstrekken er brukt for å vise at dette er frikative variantar av plosivane *b*, *d*, *g*). Såleis har urgermanskt \*brōþer m. ‘bror’, men \*faðér m. ‘far’ i staden for \*fabér, trass i at ein reknar med at indoeuropeisk har hatt \*-t- i rota av begge orda, og dette skulle ha gjeve \*-þ- i urgermanskt. Verner forklarte dette ved at i framlyd og etter aksentuert vokal, var utviklinga i samsvar med hovudregelen, *p*, *t*, *k* > *f*, *þ*, *h*, men når aksenten kom på vokalen etter dei same plosivane, slik som i ieur. \*pəþér > urgerm. \*fabér, utvikla plosivane seg til *þ*, *ð*, *g* med forma \*faðér som resultat. Han fann støtte for denne aksentfordelinga i sanskrit, der *pitár*- ‘far’ har aksenten på den siste stavinga, men *bhrátar*- ‘bror’ har han på den første.

I tillegg oppdaga Verner at det var den same fordelinga mellom den ustemed frikativten *s* og den stemde *z*. I norrønt kan ein framleis sjå restar av dette systemet, ettersom det i bøyninga av dei sterke verba må ha vore eit skifte mellom trykk på den første stavinga i infinitiv og i preteritum eintal (som rett nok hadde berre ei staving), men på den andre stavinga i preteritum fleirtal og i perfektum partisipp. Ettersom den stemde *z*-en i urgermanskt utvikla seg til *r* i norrønt, får vi eit skifte mellom *s* og *r*, som vist i tab. 4.

Med Verners lov vart den germanske lydforskyvinga ei tilnærma unntakslaus lov; det som såg ut til å vere eit unntak, viste seg å vere ein modifikasjon av regelen.

INFINITIV	PRETERITUM EINTAL	PRETERITUM FLEIRTAL	PERFEKTUM PARTISIPP	
vesa	vas	váru	verit	av <i>vera</i> vb. ‘vere’
kjósa	kaus	kuru	korit	av <i>kjósa</i> vb. ‘velje’

Tab. 4. Utslag av Verners lov i norrønt: fordelinga mellom *s* og *r* i enkelte verb. Seinare vart denne vekslingsoppheva ved analogi, som kunne gå begge vegar: frå *vesa* til *vera*, men frå *kuru* til *kusu*. Fleire døme i Iversen (1973: § 38).

## Stemmaet og stamtreeet

Stemmaet er ein mykje brukt modell for å vise slektskapen mellom handskriftene av eit verk. I det ytre minner stemmaet mykje om stamtrea i den historiske språkvitskapen og for så vidt også andre typar av tre, t.d. syntaktiske tre. Det avgjerande er likevel ikkje den grafiske forma på modellen, men den metoden som modellen byggjer på. Då viser det seg at det er mange fellestrekks mellom den genealogiske metoden, som ligg til grunn for stemmaet, og dei metodane som er brukte i historisk språkvitskap, sjølv om terminologien ikkje er den same. Begge legg avgjerande vekt på felles feil (tekstkritikken) eller felles innovasjonar (språkvitskapen), og begge understrekar at ein ikkje kan bruke felles eldre trekk, dvs. arkaismar, i avgrensinga av familiar. Arkaismane må ein rekne med har følgd handskriftene – og språka – heile vegen. Det er når handskrifter eller språk bryt ut i felles innovasjonar, at ein kan skilje ut eigne greiner eller familiar.

Samtidig må ein stille krav om at innovasjonane ikkje er så opplagde at dei kan ha oppstått uavhengig av kvarandre. Det svarar til skiljet mellom signifikante og insignifikante feil i tekstkritikken, der kravet til dei signifikante feila er at dei ikkje kan ha oppstått uavhengig av kvarandre og at det ikkje er mogleg for avskrivarane å rette tilbake til den opphavlege formuleringa. Tilsvarande gjeld i den historiske språkvitskapen, der ein må setje til sides innovasjonar som kan vere oppstått i fleire språk uavhengig av kvarandre. Til den siste, insignifikante gruppa høyrer slikt som at trykklette vokalar fell bort, at konsonantar blir palataliserte føre fremre vokalar, at lange vokalar blir diftongerte osv.


Det er også skilnader mellom dei to modellane stemmaet og stamtreeet. Den mest opplagde ligg i volumet: eit stemma prøver å vise korleis eit bestemt verk har vore overlevert i avskrifter, der det kan vere eit sterkt innslag av kontroll gjennom heile prosessen, og der dei ikkje er så mange som er involverte i traderinga. Språk er så mykje større og meir komplekse, og innslaga av kontroll (foreldre som rettar på sine barn, barn som rettar på kvarandre) er skiftande og mindre føreseielege. Medan ei avskrift av eit verk i prinsippet kan reduserast til ein streng av teikn, er språk mangearta storleikar, der ein kan skilje mellom lydverk, formverk, ordtilfang og fleire andre nivå, og der utviklinga kan skje i ulikt tempo på dei ulike nivåa og i ulike geografiske område. I lydverket har t.d. moderne islandsk utvikla seg meir dei siste tusen åra enn fleire norske dialektar, medan formverket er så godt som uendra jamført med dei andre nordiske språka, og ordtilfanget har langt færre innlån enn dei fleste andre moderne språk.

Sjå meir om stemmaet og genealogisk metode i O.E. Haugen (2013: 105–115).

## Tre greiner av germansk

Det er vanleg å skilje mellom tre hovudgreiner av germansk: ei austgermansk grein som omfattar gotisk, no utdøydd, ei nordgermansk grein som omfattar dei nordiske språka, og ei vestgermansk grein som omfattar tysk (høgtysk og lågtysk), nederlandsk, afrikaans, frisisk og engelsk. Dette kan ein stille opp som vist i tre A i ill. 5. Gotisk er hovudsakleg

kjend frå biskop Wulfilas omsetjing av det greske Nytestamentet på midten av 300-talet, overlevert m.a. i det staselege handskriftet Codex Argenteus, "Sølvbibelen" (500-talet), som no er i Uppsala universitetsbibliotek. Dei to andre greinene er som vi veit fullt levande og har delt seg i fleire nærslekta språk.



Ill. 5. Tredeling eller todeling av dei gamle germanske språka? Dette er ei forenkla oppstilling av tre ulike syn på den germanske språkslektskapen. Tre A går tilbake til August Schleicher i 1860 (han nytta rett nok nemningane Deutsch, Nordisch og Gotisch for dei tre hovudgreinene) og finst framleis i mange språkhistoriske framstillingar. Tre B etablerer eit samband mellom den gotiske og den nordiske greina, og finst (igjen med noko ulike nemningar) m.a. hos Ernst Schwarz (1951). Tre C vart lansert av Hans Kuhn (1955) og har no støtte av dei fleste forskrarar, med ymse modifikasjonar. Sjå omfattande gjennomgang i Hans Frede Nielsen (1979: 58–91).

Gjev tre A i ill. 5 ei riktig framstilling? Svaret på spørsmålet avheng av korleis ein tolkar figuren. Om vi ser på han som ein *typologisk modell*, vil dei fleste truleg vere samde i at han er riktig. Då seier han ikkje anna enn at germansk er delt inn i tre greiner, nemleg aust-, nord- og vestgermansk. Men dersom han blir tolka som ein *utviklings-*

*modell*, er det langt frå alle som vil vere samde. Då gjev modellen inntrykk av at dei tre greinene av germansk delte seg meir eller mindre samtidig – lat oss seie i dei første par hundreåra etter Kristi fødsel. Det er det dei færraste som meiner no, men då August Schleicher sette opp sitt stamtre, var det nettopp slik han teikna treet (jf. tekstboksen s. 8 ovanfor). Ikkje lenge etter at Schleicher la fram sitt tre, var det språkforskarar som hevda at den nordlege og den austlege greina måtte stå saman. Dei meinte at den sentrale delen av Sverige var opphavslandet for gotarane, og fann stønad for dette i stadnamn som Götaland og Gotland. Gotarane vandra seinare sør austover, og det språklege sambandet mellom gotisk og nordisk vart brote. I så fall ville tre B vere det riktige. Kanskje den siste talsmannen for dette synet var Ernst Schwarz (1895–1983) i eit arbeid frå 1951. Men det er få språklege trekk som støttar opp om ei slik utvikling. Det er langt meir sannsynleg at austgermansk, dvs. gotisk, skilde seg ut tidlegast, og at nord- og vestgermansk heldt følgje ei god tid lenger. Dei dannar då ei nordvestgermansk grein, som vist i tre C. Ein førande talsmann for dette synet var den store edda- og namneforskaren Hans Kuhn (1899–1988), som i ein artikkel frå 1955 argumenterte for sambandet mellom den nordlege og vestlege greina av germansk.

## Nordvestgermansk

I dette kapittelet legg vi til grunn at nordvestgermansk skilde seg frå austgermansk før vi kan tale om ei eigentleg nordisk grein. Vi reknar at urgermansk hadde eit vokalsystem med fire korte vokalar i trykksterk stilling, *a*, *e*, *i*, *u*, og fire lange, *ē*, *ī*, *ō*, *ū*. Dette var eit usymmetrisk system i den forstand at det mangla ein lang *ā* og ein kort *o*. I løpet av den nordvestgermanske perioden kjem desse inn att. For det første oppstod det ein *ā* av eldre *ē*, t.d. urgerm. \**mēla-* > urn. \**māla* > norr. *mål* n. ‘mål, storleik’, og det kom til ein ny *ē*, ofte kalla *ē*<sub>2</sub> til skilnad frå den gamle *ē*. Den nye *ē* førekjem m.a. i adverbet urn. \**hēr* ‘her’ og i preteritum av redupliseringe verb, t.d. urn. \**hēt* av \**haitan* ‘heite’. For det andre

Urgermansk									
Korte vokalar					Lange vokalar				
<i>a</i>	<i>e</i>	<i>i</i>		<i>u</i>	<i>ē</i>		<i>ī</i>	<i>ō</i>	<i>ū</i>
			\						
<i>a</i>	<i>e</i>	<i>i</i>	<i>o</i>	<i>u</i>	<i>ā</i>	<i>ē</i>	<i>ī</i>	<i>ō</i>	<i>ū</i>
Urnordisk									

Ill. 6. Utviklinga av dei trykksterke vokalane frå urgermansk til urnordisk. Opphavet til den nye *ē* i nordvestgermansk og seinare urnordisk er omdiskutert og er derfor ikkje spesifisert her.

oppstod det ein ny kort *o* av *u* ved *a*-omlyd, som ein kan sjå døme på i ei slik form som urn. *holtijar* (ikkje *\*hultiyar*) i gullhorninnskrifta (s. 28 nedanfor). Resultatet vart at urnordisk fekk eit symmetrisk system med fem korte og fem lange vokalar i trykksterk stilling. Desse overgangane er oppstilte i ill. 6.

Her skal vi peike på fire viktige overgangar frå urgermanskt til nordvestgermanskt og seinare urnordisk:

1. Føre *a* og andre låge vokalar vart *u* senka til *o*, men ikkje framfor nasalgrupper. Dette skal vi nedanfor s. 54–55 omtale som (1) *a*-omlyd. Den viser seg m.a. i urgerm. *\*burnan* > nvgerm. *\*horna* n. ‘horn’, jf. norrønt *horn* n. Derimot skjer det ingen overgang framfor nasalgrupper, t.d. urgerm. *\*hundaz* > nvgerm. *\*hundaz* > urn. *hundar* m. ‘hund’, jf. norrønt *hundr* m.
2. Føre *i* vart *e* heva til *i*. Nedanfor s. 55 skal vi omtale dette som (2) eldre *i*-omlyd. Den gjev seg utslag i t.d. urgerm. *\*weniz* > nvgerm. *\*winiz* > urn. *\*winir* m. ‘ven’, jf. norrønt *vinr* m.
3. I rein utlyd vart *ō* heva og forkorta til *u*. Denne overgangen viser seg t.d. i urgerm. *\*manō* > nvgerm. *\*manu* f. ‘man, nakkehår på hest’. Denne forma har ein framleis i gammalengelsk *manu* f., og ein må rekne med den same forma i urnordisk, *\*manu*. Fram mot norrønt utviklar den seg til *mōn* f. ‘man’ ved (4) *u*-omlyd og (8) synkope, *\*manu* > *\*mōnu* > *mōn*.
4. Føre nasalgruppe innleidd med *m* vart urgermanskt *a* heva til *u*. Denne overgangen ser vi i dativ fleirtal av substantiv i *a*-stammene, t.d. urgerm. *\*dagamaz* > nvgerm. *\*dagumz*. Gammalengelsk har *dagum* og urnordisk *\*dagumr*, som utviklar seg til *dögum* i norrønt ved (4) *u*-omlyd og (22) assimilasjon *mr* > *m*.

Ottar Grønvik gjev eit breitt, men samtidig konsist oversyn over desse og andre overgangar frå urgermanskt til nordvestgermanskt (1998: 86–95).

## Den nordiske språkgreina byrjar å ta form

Overgangen frå nordvestgermanskt til det språksteget som vi skal kalle urnordisk, ser ut til å ha skjedd i løpet av dei første hundreåra e.Kr. Om ein vil halde fast på at den nordvestgermanske perioden varte lenger enn dette, må ein seie at det allereie i dei første hundreåra e.Kr. dukkar opp nordiske former i nordvestgermanskt. Det er altså tale om eit periodiseringsspørsmål: kor store må endringane vere for at ein skal kunne tale om ein ny periode, og kor mykje må ei grein skilje seg frå nærslekte greiner for å kunne reknast som ei eiga grein?

Det mest slåande (men også omdiskuterte) kjennemerket på overgangen frå nordvestgermanskt til urnordisk er at den stemde frikativen *z* ser ut til å ha utvikla seg til ein rulla frikativ, notert med *ȝ* i det eldre runealfabetet og som oftast translitterert med teiknet **r**. Men kan ein vere sikker på at *r* var ein annan lyd enn den urgermanske og nordvestgermanske *z*? Mange meiner at det var ein reell, fonetisk overgang frå nordvestgermanskt til urnordisk. Orrin Robinson tenkjer seg at *r* kan ha vore ein palatalisert, rulla frikativ, av same type som den tsjekkiske *ř*, t.d. i namnet *Dvořák* (1992: 92–93).

Harald Bjorvand deler dette synet og viser til at *r* er attgjeven med *r* i samisk, t.d. urn. \**diura* n. ‘dyr’ > samisk *divri* (2010: 186–187). I dette kapittelet legg vi til grunn at urnordisk *r* representerte ein annan lyd enn urgermansk og nordvestgermansk *z*, og dermed skal ei form som \**hundaz* forståast som germansk, medan \**hundar* er urnordisk. Vi kjem tilbake til spørsmålet om *Y R* under regel (21), s. 69 nedanfor. Der skal vi dessutan sjå at urnordisk *Y R* fall saman med *R r* i eldre norrøn tid.


Kor stor var eigentleg skilnaden mellom det urgermanske og det urnordiske språksteget? Hans Frede Nielsen (2010: 97) bruker den kjende gullhorninnskrifta som instruktivt døme (vi kjem tilbake til denne s. 28 nedanfor). Den rekonstruerte urgermanske og den overleverte urnordiske forma av denne innskrifta er forbausande like, medan den rekonstruerte gotiske forma skil seg tydeleg ut, og endå meir den yngre norrøne forma (der verbet \**taujan* ‘gjere’ er utskift med ‘gera’). Medan gotisk og språket i gullhorninnskrifta var om lag samtidige, er urgermanskt eit eldre språksteg, her lausleg rekna til eit halvt århusen før Kristi fødsel:

urgermanskt	(ca. 500 f.Kr.)	*ek hlewagastiz hultijaz hurnan tawidōn
urnordisk	(ca. 400 e.Kr.)	ek hlewagastir holtijar horna tawidō
gotisk	(ca. 300 e.Kr.)	*ik hliugasts hulteis haúrn tawida
norrønt	(etter ca. 800 e.Kr.)	ek hlégestr hóltir horn *táða [gørða]

Den norrøne versjonen er eigentleg i normalortografin frå 1200-talet, men vi kan driste oss til å hevde at eldre norrønt allereie i byrjinga av vikingtida på sentrale punkt hadde nådd fram til denne forma, slik som innskrifta på Eggja-steinen kan få oss til å meine (jf. Seim 2013: 149–151) og like eins den svenska Rök-steinen. I så fall kan vi setje 800 som eit mogleg årstal for den norrøne forma ovanfor.

Ottar Grønvik er ein av dei som har argumentert sterkest for at nordisk etablerte seg på eit tidleg tidspunkt som ei eiga grein innanfor det nordvestgermanske språkområdet, kan hende rundt år 200 e.Kr. (1981: kap. 3, 1987: 180–189, 1998: kap. 7). Mange andre forskrarar har meint at nordisk først skilde seg ut på eit noko seinare tidspunkt. I ei nyleg oppsummering framhevar Hans Frede Nielsen den gradvise utviklinga gjennom perioden 200–500 e.Kr., og at det truleg først mot slutten av denne perioden er rett å tale om ei eiga nordisk grein (2010).

Vi skal likevel ikkje leggje avgjerande vekt på det terminologiske i denne debatten. Det avgjerande er å danne seg eit inntrykk av det språksteget som er representert i kjeldematerialet frå denne tida, dvs. i dei eldste runeinnskriftene. Desse er alle skrivne i det fellesgermanske runealfabetet, og som vi skal sjå, har dei ei forbausande einsarta språkleg form – så langt det vesle materialet når.



Ill. 7. Dei germanske språka i eit stamtre av same type som i ill. 1. I denne modellen deler urgermanskt seg i ei austgermanskt og ei nordvestgermanskt grein før den siste greina deler seg i vestgermanskt og nordgermanskt. Den nordgermanske greina, rett under føtene til ekornet Rata-tosk, svarar då til urnordisk i dette kapittelet. Liknande, men meir skjematiske tre finn ein hos Wayne Harbert (2007: 8) og Hans Frede Nielsen (2010: 96). Dei har den same oppstillinga av den nordvestgermanske greina som her, men skil seg når det gjeld inndelinga av den vestgermanske greina, der det ser ut til å ha vore ein høg grad av språkkontakt mellom dei to hovudgreinene, som her er kalla innlands- og låglandsgermanskt.

## Periodisering

Så langt i dette kapittelet har vi sett på utviklinga fram mot urnordisk, der det på grunn av det sparsame kjeldematerialet rår usemje om korleis germansk bør inndelast og periodiserast. Overgangen frå urnordisk til norrønt er mindre omstridd, så denne kan vi tillate oss å føregripe når vi set opp dei viktigaste språkhistoriske periodane i ill. 8.

nordvestgermansk		– 200
urnordisk	eldre urnordisk	200 – 500
	yngre urnordisk (synkopetid)	500 – 700
norrønt	eldre norrønt	700 – 1050
	yngre norrønt (klassisk norrønt)	1050 – 1350
mellomnorsk		1350 – 1550
moderne norsk		1550 –

Ill. 8. Språkhistoriske periodar (alle årstal e.Kr.). Perspektivet i denne tabellen er norsk, dvs. at om ein jamfører med stamtreeet i ill. 7, følger tabellen utviklinga frå stamma og ut i den norske greina. Slik sett kunne ein like gjerne ha kalla norrønt for gammalnorsk i dette oppsettet.

Kjernen i periodiseringssproblemet er overgangen frå den nordvestgermanske perioden til den urnordiske. Mange meiner som nemnt at den nordvestgermanske perioden i realiteten strekkjer seg eit godt stykke inn i den perioden som her er kalla eldre urnordisk, kan hende heilt opp mot 500 e.Kr. I dette kapittelet skal vi halde oss til den tradisjonelle inndelinga og omtale perioden 200 – 500 e.Kr. som urnordisk. Det vil seie at når vi ovanfor har talt om ein nordvestgermansk periode, ligg denne før ca. 200 e.Kr. Hit høyrer då nokre av dei eldste lydovergangane som vi plar omtale i den norske (og nordiske språkhistoria), nemleg (1) *a*-omlyd og (2) eldre *i*-omlyd.

Somme forskrarar har valgt termen *Early Runic* på det urnordiske språksteget (slik Hans Frede Nielsen har gjort i fleire arbeid), medan forfattarane av samleverket *The Nordic Languages* vart samde om termen *Ancient Nordic*. Termen *urnordisk* er likevel så godt innarbeidd i nordisk språkvitskap at vi har valt å halde fast på han. Men det bør føyst til at medan *urgermansk* heilt ut er eit rekonstruert språksteg, er *urnordisk* eit skriftleg dokumentert språksteg, om enn med eit sparsamt materiale. I det følgjande kjem det derfor til å vere rikeleg med stjerneformer også for det urnordiske.

## Det urnordiske kjeldematerialet

Det er som nemnt usemje om kva tid vi kan tale om eit eige nordisk språk, skilt frå dei andre og særleg dei vestlege germanske dialektane. Men det er ikkje usemje om at runeinnskriftene frå perioden ca. 200 til ca. 500 dannar eit forbausande einskapleg og umåteleg viktig kjeldegrunnlag for den eldste dokumenterte perioden av det nordiske språket. Det er ikkje noko stort korpus, og mange av innskriftene er ikkje på meir enn eitt ord, medan den lengste, den ikkje heilt fullstendige innskrifta på Tune-steinen frå ca. 400 e.Kr., har 95 runer og tel 15 ord. Det sentrale korpuset, slik ein finn det hos t.d. Krause (1971) og Antonsen (1975), tel ikkje meir enn 120–130 innskrifter. Antonsen har gjort det strengaste utvalet; etter at han hadde utelukka aust- og vestgermanske innskrifter utan dei yngre innskriftene, sat han att med berre 93 sikre nordvestgermanske (dvs. urnordiske) innskrifter. No har det kome til ein del innskrifter etter oversyna til Krause og Antonsen, m.a. fleire funn i Illerup og Nydam på Jylland. Det sentrale korpuset er derfor noko større enn hos Krause og Antonsen, men det ser ikkje ut til at nyfunna har endra avgjerande på vår forståing av språket i dei eldste runeinnskriftene.

Enkelte synest språkforma i dette korpuset er så homogen at dei trur det har vore tale om eit slags fellesspråk, ikkje ulikt den greske *koiné*, som vart brukt for Nytestamentet (jf. Makaev 1996: kap. 2). Liknande tankar hadde den lite påakta norske språkforskaren Håkon Melberg, som i eit større arbeid frå 1951 sokte ei forklaring på den språklege uniformiteten i den urnordiske perioden. Han tenkte seg at danane på denne tida hadde underlagt seg heile Skandinavia, og at deira språk var blitt eit fellesspråk i det skandinaviske området. Hans forklaring møtte snøgt motbør, men det står fast at så liten språkleg variasjon over fleire hundre år (i ei tid utan normerande instansar) i beste fall er eit unntak, og i alle fall eggjar til forklaringsfreistnader.

I kap. 3 og 11 av *Handbok i norrøn filologi* (utg. O.E. Haugen 2013) møter vi eit utval på 11 innskrifter i det eldre runealfabetet. Her skal vi legge til ytterlegare 14 innskrifter, slik at vi får eit korpus på i alt 25 innskrifter, som dekkjer ein periode frå ca. 150 til ca. 650 e.Kr., altså både eldre og yngre urnordisk. I dette korpuset nummererer vi innskriftene i hakeparenteser frå [1] til [25] og fører opp funnstad, gjenstandstype og datering. Deretter kjem det ei translitterering av runene til det latinske alfabetet i samsvar med oversynet i ill. 10, 11 og 12. I translittereringa er loddrett strek brukt for å vise linjekifte, og boge i overkant for å vise binderuner. Etter pilteiknet ⇒ kjem ei normalisering av innskrifta. Her har vi innført orddeling, lengdeteikn på vokalane, skilt mellom plosive og frikative variantar av *b*, *d* og *g*, og utført enkelte mindre tekstrettingar. Det er altså tale om ei ganske svak normalisering av innskrifta. Medan translittereringa er attgjeven i halvfeit, står den normaliserte teksten i ordinær skrift. På den neste linja følgjer ei attgjeving i normalisert norrøn språkform (som er ei relativt sterk normalisering), og til slutt kjem ei omsetjing til moderne norsk. I fleire tilfelle har ikkje norrønt lenger det urnordiske ordet, og det er då sett til i rekonstruert, norrøn form markert med stjerne. Det må understrekast at dei rekonstruerte norrøne formene er usikre, og at det i nokre tilfelle dreiar seg om namn som kanskje ikkje har nordisk opphav, som t.d. **harja** og **hariso**. Rekonstruksjonen blir då eit forsøk på å vise korleis slike ord ville ha utvikla seg til norrønt, og er ikkje nokon påstand om at slike former faktisk fanst i norrøn tid.

Alle innskriftene i korpuset er daterte, men det er grunn til å vere merksam på at dateringane har skift over tid. Berre sidan arbeida til Krause (1971) og Antonsen (1975) har det skjedd mange omdateringar. Dei fleste dateringane er romslege, gjerne innanfor eit halvt eller heilt hundreår. Når ein støyter på mindre spenn, slik som for innskrifta [1] VIMOSE, datert til ca. 150–160 e.Kr., er det ikkje på språkleg grunnlag, men på arkeologisk eller anna grunnlag. Det er rett og slett umogleg å datere det eine ordet *harja* til ein så snever periode på reint språkleg grunnlag. Lisbeth Imer (2011) har nyleg gått gjennom alle dateringane av eldre runeinnskrifter på arkeologisk grunnlag, og i det følgjande er det teke omsyn til hennar nokså vide dateringar, men som oftast er det i samsvar med tradisjonen på feltet gjeve snevrare dateringar.



Ill. 9. Ein gullbrakteat med innskrifta  $\text{ᚠᚢ} \text{ᚦ} \text{ᚢ}$  alu ‘øl’ rett til venstre for bestehovudet. Innskrifta skal lesast frå høgre til venstre, og runene er då vende i leseretninga. Mellom hovane ser vi solkrossen. Brakteatar var tynne plater i gull (unntaksvise i sølv), som oftast sirkelforma, og prega på éi side. Dei fleste hadde oppheng, slik at dei kunne berast som smykke. Det er funne nærmare 1000 brakteatar frå 400- og 500-talet, dei fleste frå Norden. Denne brakteaten er frå Djupbrunns, Stenkumla på Gotland, og er datert til ca. 400 e.Kr.

Alle innskriftene vi legg fram i dette kapittelet, er siterte i fullstendig form, utanom [9] HOGGANVIK, [13] TUNE, [24] STENTOFSEN og [25] BJÖRKETORP. Her nøyer vi oss med eit utdrag. Det er ikkje noko stort korpus vi legg fram, men det er velt med tanke på å gje ei spreiing i både tid og rom frå heile det skandinaviske området, og dessutan med tanke på at innskriftene skal vere forståelege og ikkje for omdiskuterte. Det er stort nok til at vi kan referere til det mange stader i den påfølgjande framstillinga av morfologien i urnordisk, og vise kva for type av belegg vi har når vi uttaler oss om dette språksteget. Med unntak av [9] HOGGANVIK, som vart funnen i 2009, er alle innskriftene omtalte hos både Krause (1971) og Antonsen (1975). Vi har dermed velt eit korpus som omfattar

rundt ein femtepart av innskriftene hos Krause og hos Antonsen, og ein dryg fjerdepart av utvalet i grammatikken til Noreen (1923).

I kommentaren til mange av innskriftene viser vi korleis dei urnordiske formene har utvikla seg til norrønt, ofte gjennom ein lengre serie av lydovergangar. Desse er nummererte i samsvar med reglane s. 53–70 nedanfor.

### Eit utval urnordiske innskrifter

[1] VIMOSE, Fyn, Danmark || kam || ca. 150–160 e.Kr.

**harja** ⇒ Harja

\*Heri

‘som høyrer til hæren’, dvs. ‘krigar’

Sjå biletet og omtale i Seim (2013: 135–136). Denne innskrifta har tidlegare vore datert noko seinare, til ca. 250 e.Kr., men er på arkeologisk grunnlag flytta tilbake i tid til ca. 150–160 e.Kr. Ordet **harja** er rekna for å vere eit mannsnamn (eller tilnamn) og truleg nominativ av ei maskulin *jan*-stamme. Ved (3a) *i*-omlyd og (8) synkope skulle **harja** ha gått til den norrøne forma \*her, dvs. *harja* > \*herja > \*her, men ein må rekne med at ordet ville ha fått den analogiske endinga *-i* frå dei andre *an*-stammene, med \*heri som resultat. Denne forma finn vi som andre samansetjingsledd *-heri* i norrønt *einheri* m. ‘krigar i Valhall’ (jf. Krause 1971: 173). Rota i **harja** er *har-* av ieur. \*kor- ‘strid, krig’, den same som i *ja*-stamma urn. \*harjar m. > norr. *herr* m. ‘hær’. Etter denne tolkinga kan ordet setjast i samband med norrønt *Herjan(n)*, eit namn for guden Odin. Lena Peterson meiner **harja** kan vere kortform til toledda namn på \**Harja-*, som t.d. **hariwulfar**, eller på \*-harjar, t.d. **swabaharjar** (2004: 10).

[2] ØVRE STABU, Toten, Oppland, Noreg || lansespiss || ca. 180 e.Kr.

**raunijar** ⇒ Raunijar

reynir

‘(ein som) prøver’ dvs. ‘prøvar’

Sjå biletet og omtale i Seim (2013: 135). Ordet må vere ei maskulin *ija*-stamme, med same rot som det svake verbet \*raunijan ‘røyne’. Ved *i*-omlyd *au* > *ey* går desse orda til norrønt *reynir* m. ‘prøvar’ og *reyna* vb. ‘prøve, røyne’. Den fullstendige utviklinga omfattar såleis (3b) *i*-omlyd, (10) synkope og forkorting *ija* > *ī* > *i*, (21) *r|R*-samanfall og (11) *e|æ*-samanfall, *raunijar* > \*ræynijar > \*ræynīr > \*ræynir > *reynir*.

[3] LUNDEGÅRDE (NØVLING), Nordjylland, Danmark || fibula (draktspenne) || ca. 225 e.Kr.

**bidawarijartalgidai** ⇒ Biðawarijar talgiðē

\*Biðaverir telgði

‘Bidver skar’

Endinga *-ai* i verbet **talgidai** blir av fleire runologar tolka som ein omvend skrivemåte av endinga *-ē*, som m.a. førekjem i verbet **tawide** i [11] GARBØLLE. Denne tradisjonelle

## Kor gode var runeristarane til å riste?

Ingen er feilfrie, heller ikkje runeristarane. I runekorpuset i dette kapittelet er det fleire døme på at forskarane har peika på stavemåtar som ikkje verkar riktige. I nokre tilfelle kjem ein ikkje utanom å rekne med feilskrift, i andre tilfelle kan det vere tale om ortografisk variasjon, som ein ikkje skal leggje for stor vekt på.

**Stavingsstruktur i strid med Sievers' lov.** Som forklart i tekstboksen på s. 45 seier Sievers' lov at ein skal få -j- etter kort rotstaving og -ij- etter lang rotstaving. Forma **harja** i [1] VIMOSE ca. 150–160 e.Kr. er i samsvar med denne regelen, men ikkje **-warija-** i [3] LUNDEGÅRDE ca. 225 e.Kr., **gudija** i [16] NORDHUGLO ca. 450 e.Kr. eller **harija** i ei innskrift frå Skåäng, Södermanland, Sverige, ca. 500 e.Kr. Men bør ein på grunnlag av desse og andre former avvise Sievers' lov? Mange runologar meiner at sjølv om -j- og -ij- ser ut til å ha vore i komplementær distribusjon, har det vore variasjon i notasjonen av desse halvvokalane, slik at ein kan hende skal lese **gudija** som **gudja** og **harija** som **harja**. Sjå m.a. Makaev (1996: 71–72) om dette.

**Forveksling av runeteikn.** Innskrifta i [22] ETELHEM ca. 500 e.Kr. byrjar med sekvensen **mkmr**. Det er ikkje lett å få meinig i den, men om ein tenkjer seg at runeristaren har forveksla **M** m og **M** e, er det ikkje urimeleg at **M<MR** **mkmr**- skal lesast **M<MR** **eker**. Dét gjev meinig

**Ombyte.** Det førekjem ofte at språklydar blir ombytte, jf. t.d. engelsk *dirt* mot nordisk *drit* (av eit eldre germansk \*dřít-). Det same fenomenet kan ligge bak **mairk(i)ju** i [21] TANEM ca. 500 e.Kr. Dette skal truleg lesast som **maril(i)ju**, dvs. at **ir** er ein skriftleg metatese av **ri**. Her er det neppe tale om eit talespråkleg grunnlag for ombytet

**Utelating.** Innskrifta i [23] GUMMAR ca. 600–650 e.Kr. har **haþuwolafa** i ein posisjon som vanskeleg kan vere anna enn subjektposisjonen, men formelt sett er **haþuwolafa** ein akkusativ. Då er det nærliggjande å tenkje seg at ristaren har hoppa over nominativsendinga **-r**, slik at ordet bør rettast til **haþuwolafar**. Derimot reknar vi det ikkje som utelating at nasal ikkje er notert føre homorgan konsonant, slik som i [4] HIMLINGØJE **hudar** for **hundar** 'hund'. Det er eit så gjennomgåande trekk i runeortografien at det så å seie er normalisert.

**Glidevokal.** I mange innskrifter ser det ut til at a ikkje er ein fullvokal, men ein glidevokal mellom to konsonantar. Dette gjeld t.d. den nyss nemnde **haþuwolafa** i [23] GUMMAR, og like eins **witadahalaiban** og **worahto** i [13] TUNE ca. 400 e.Kr. Desse orda kan normaliserast til **haþuwolafar**, **witandahalaiban** og **worahto**.

**Hyperkorreksjon.** I [3] LUNDEGÅRDE førekjem verbforma **talgidai** der ein skulle ha venta **talgide**. Det er mogleg at ettersom **ai** vart monoftongert til **e** (t.d. i dativ eintal av *a*-stammene, \**armai* > *arme*), har skrivaren her retta **e** til **ai** med **talgidai** som resultat. Dette kallar ein hyperkorreksjon, dvs. at ein rettar i større omfang enn det er grunnlag for. I moderne norsk høyrer vi ofte *og* for *å*, t.d. *så og seie*, av same grunn. Ei anna nemning for dette er *omvendt skrivemåte*.

tolkinga byggjer på at *ai* er monoftongert til *ē*, og at denne utviklinga har fått runeristaren til å bruke endinga *-ai* i **talgidai** i staden for *-ē*, som vi skulle vente. Utanom i framlyd og etter homorgan nasal hadde *d* frikativ uttale i urnordisk, *ð*, jf. regel (20). Dermed kan utviklinga fram mot den norrøne forma visast i fire steg, etter reglane (3b) *i*-omlyd, (8) synkope, (9) vokalomlegging *ē* > *i* og (11) *e|æ*-samanfall, \**talgidē* > \**tælgidē* > \**tælgðē* > \**tælgði* > *telgði*, preteritum 3. person eintal av *telgja* vb. ‘telgje, skjere til’. Det ser ut til at toledda eigennamn i urnordisk vart sterkt reduserte fram mot norrøn tid, i den grad dei overlevde så lenge. I ei innskrift frå Rö (Bohuslän, Sverige, ca. 400 e.Kr.) førekjem namnet **stainawarijar**, som blir tolka som ei eldre form av norrønt *Steinarr*. Med ein tilsvarende reduksjon ville **bidawarijar** føre fram til norrønt \**Bíðarr* (eller, om rotvokalen var kort, \**Biðarr*).

[4] HIMLINGØJE, Sjælland, Danmark || fibula || ca. 225 e.Kr.

⟨ek⟩ **widuhudar** ⇒ ⟨ek⟩ wiðuhundar

Ek, Viðhundr

‘Eg, Skogshund(en)’, dvs. ‘ulv(en)?’

Det første leddet i dette ordet, **widu**, kjem av *u*-stamma \**wiður* m. ‘skog’, som utviklar seg til *viðr* m. i norrønt ved (8) synkope, (21) *r|R*-samanfall, jf. engelsk *wood* og moderne norsk *ved* m. (den kjem som kjent frå skogen). I samansetjingar får vi typisk stammeformen av substantivet, dvs. rot + stammesuffiks, men utan noka bøyingsending (meir om dette s. 48 nedanfor). Vi kan oppfatte ‘skogshunden’ som ein parallel til kjenningane i norrøn tid, dvs. at den hunden som er *kjend* (dvs. bestemt, omtalt) med skogen, må vere ulven (jf. Mundal 2013: 395–400). Men dette kan også vere eit mannsnamn, rett og slett. Heilt frå dei aller eldste runeinnskriftene kunne nasalane *m* og *n* bli sløyfa i skrift føre homorgan konsonant, dvs. ein konsonant som hadde tilsvarende artikulasjon som nasalen (jf. konsonanttabellen ill. 12, og Seim 2013: 184). Det gjer at vi kan gje att **hudar** som **hundar**. Dette ordet vart utsett for (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall, *hundar* > \**hundr* > *hundr* m. ‘hund’, og har dermed ei svært så lik form i urnordisk og i norrønt – og i dei moderne nordiske språka. Dette ordet hadde truleg forma \**hundaz* i urgermanskk, men som nemnt ovanfor s. 16 oppstod det ikkje (1) *a*-omlyd framfor nasalgruppe.

[5] GÅRDLÖSA, Skåne, Sverige || fibula || ca. 225 e.Kr.

**ekunwodr** ⇒ ek unwōðr

\*Ek, \*Úóðr

‘Eg, den u-oppøste’, dvs. ‘eg, den rolige’

Med Antonsen (1975: 31) les vi den siste runa som **r** (translitterert **z** hos Antonsen; jf. s. 16–17 ovanfor om **z** vs. **r**). Substantivet **wodr** må då vere eit såkalla rotsubstantiv, som ikkje har noko stammesuffiks, men får endinga *-r* lagd rett til rota *wōð-*. Krause (1971: 149) les det siste teiknet som ei binderune **i****r**, og substantivet blir i så fall ei sterk *i*-stamme, slik som t.d. **ungandir** i [16] NORDHUGLO. Meininga blir den same i begge tilfelle. Truleg i løpet av yngre urnordisk fall nasalen bort i prefikset *un-* i samsvar med regel (13), men vokalen vart til gjengjeld forlengd. I norrønt har det forma *ú-* i gammalnorsk utanom trøndsk og *ó-* i trøndsk og islandsk. I normalortografien finn ein begge formene representerte; Norrøn ordbok har *ú-*, medan mange tekstutgåver, m.a. skriftserien *Íslenzk formrit*, har *ó-*.

[6] HIMLINGØJE, Sjælland, Danmark || fibula || ca. 300 e.Kr.

**hariso** ⇒ Harisō

\*Harsa

‘Harsa’ (kvinnenamn)

Dette er truleg ei feminin *ōn*-stamme. Her forklarer vi utviklinga fram mot den rekonstruerte norrøne forma ved (9) vokalomlegging *ō* > *a* og (8) synkope, *harisō* > \**harisa* > \**harsa*. Vi reknar ikkje med at ein synkopert *i* skulle valde *i*-omlyd etter kort rotstaving (i dette tilfellet *har-*), jf. regel (3f) nedanfor. Nokre runologar, mellom dei Marie Stoklund (1994: 98), meiner at **hariso** kan ha vore eit mannsnamn, slik som det nyfunne **níþijo** på eit skjoldhandtak frå Illerup II (ca. 150–250 e.Kr.). Lena Peterson tek ikkje stilling til om det er eit manns- eller kvinnenamn, men meiner at det truleg er eit ikkje-nordisk namn (1994: 157–158). Frå norrøne kjelder veit vi elles at det ikkje alltid er samsvar mellom grammatisk kjønn og naturleg kjønn; såleis er det feminine substantivet *Sturla* eit mannsnamn.

[7] FLØKSAND, Hordaland, Noreg || skrapar? || ca. 300 e.Kr.

**linalaukar** f ⇒ līna laukar f(ēhu)

lín laukr f(é)

‘lin lauk fe’

Tolkinga av det siste teiknet **f** er uviss; det står opp-ned og er rista svakare enn dei andre runene. Det tradisjonelle namnet på denne runa var truleg \**fehu* > norr. *fé* n. ‘fe, gods, velstand’, og det er mogleg at runa er brukt i same tyding som namnet på runa; dette er elles noko vi kjenner att frå norrøn skrift i det latinske alfabetet, der **f**-runa **f** kunne brukast som forkortingsteikn nettopp for *fé* n. (og **m**-runa **M** for *maðr* m. ‘mann, menneske’). Når det gjeld samanstillinga av lin og lauk, er det nærliggjande å tenkje på den mykje yngre *Vølsa þáttr* (Volsetåtten). Det er ei lita, men forvitneleg soge som er overlevert i eit kapittel av den store *Óláfs saga ins helga* i samlehandskriftet *Flateyjarbók*.

*Vølsa þátr* fortel om ein familie som heldt til i ein avkrok langt nord i Noreg. Då dei slakta ein hest på garden, pakka husfrua hestefallosen, *vølsi* m., inn i eit linklede saman med lauk og urter og la han ned i eit skrin. Kvar kveld den hausten tok ho fram fallossen og bad til han som ein gud, og det same gjorde dei andre i huslyden. Då Olav den heilage kom til gards, vart han vitne til dette og sette ein stoppar for denne heidne skikken. Sjølv om det ligg tusen år mellom Fløksand-innskrifta og *Flateyjarbók*, er det ikkje urimeleg å tenkje seg at innskrifta vitnar om ei gammal fallosdyrking i Norden like fram til kristen tid.

[8] EINANG, Valdres, Oppland, Noreg || Stein || ca. 300 e.Kr.

[ekgo]dagaṣṭiṛrunofaihido ⇒ [ek Go]ðagastir rūnō faihiðō

Ek, \*Goðgestr, rún fáða

‘Eg, Gudgjest, måla runa’

Sjå biletet og omtale i Seim (2013: 141–143). Lesinga av innskrifta følgjer Erik Moltke (1938); dei fire første teikna **ekgo** (eller **ekgu**) er tilføydde, og dei tre teikna **sti** har usikker lesemåte, markert med underprikking. Ordet **runic** er formelt akkusativ eintal av ð-stamma *rūnō* f. ‘rune’, og skal truleg tolkast kollektivt, dvs. som uttrykk for fleirtal, slik som i **runic fahi** ‘runer malar eg’ i ei innskrift frå Noleby, Västergötland, Sverige, ca. 600 e.Kr. (Antonsen 2002: 183 tolkar rett nok **fahi** som eit adjektiv ‘høveleg, passande’, men er samd i at **runic** er eit substantiv i akkusativ.) Ovanfor s. 16 såg vi at urgermanskt -ō i unnasert utlyd gjekk til -u i nordvestgermanskt, slik at nominativ eintal må ha vore \**rūnu* allereie i nordvestgermanskt. I akkusativ eintal var -ō truleg nasalert i urgermanskt, og unngjekk dermed overgangen til -u, og stod enno med endinga -ō i urnordisk, *rūnō*. Den vidare utviklinga av akkusativforma ville vere *rūnō* > \**rūna*, så når norrønt har den einstava forma *rūn* i akkusativ eintal, må dette forklarast ved analogi (jf. s. 42 nedanfor). Verbet \**faihijan* ‘male’ utviklar seg lydrett til norr. *fá* etter (13) *n*-bortfall, monofongering av diftongen *ai*, (16) *b*-bortfall, (10) *ijā* > *a*, og endeleg kontraksjon *āa* > *ā*, dvs. \**faihijan* > \**faihija* > \**fāhija* > \**fāija* > \**fāa* > norr. *fá*. Slik kan åtte språklydar bli reduserte til to! Her står det i preteritum 1. person eintal, slik som verbforma **tawido** i [12] GALLEHUS.

[9] HOGGANVIK, Mandal, Vest-Agder, Noreg || Stein || ca. 350–400 e.Kr. (eller noko tidlegare)

[...] eknaudigastir | ekerafar ⇒ ek Nauðigastir ek er<sup>a</sup>far

Ek, Nauðgestr, ek jarfr

‘Eg, Naudgjest; eg, jerv’

Innskrifta i Hogganvik vart funnen så seint som i 2009 og er no datert til ca. 350–400 e.Kr. (Knirk 2011: 37). Innskrifta går over fire linjer, éi langs kanten av steinen og tre midt på steinen, og ho er berre delvis tolka. Sjå Seim (2013: 144–145) for fotografi og full translitterering. Her tek vi med dei to øvste linjene midt på steinen, som har ei ganske sikker tolking. Det første ledet i **naudigastir** må vere ei feminin *i*-stamme \**nauði-* ‘naud’. Det andre ledet, den maskuline *i*-stamma **-gastir**, er kjent frå fem andre innskrifter, mellom dei [12] GALLEHUS, **hlewagastir**, og [8] EINANG, [go]dagaṣṭir. I det

siste ordet, **erafar**, er den første a-runa truleg epentetisk, dvs. at ho representerer ein glidevokal som markerer overgangen frå éin konsonant til ein annan, *er<sup>a</sup>far*. Ved (6) bryting, (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall får vi norrønt \*jarfr m. ‘jerv’: *er<sup>a</sup>far* > \*erfar > \*jarfar > \*jarfr > \*jarfr. I gammelnorsk er ordet kjent frå lovene som *jerfr* m., men den lydrette forma \*jarfr førekjem ikkje i kjeldene og er derfor stjernemarkert. Det bør likevel seiast at forma *jerfr* kan tolkast som resultat av progressiv *j*-omlyd, \*jarfr > \*jærfr > *jerfr* (jf. Hagland 2013: 622).

[10] ROSSELAND, Hordaland || Stein || ca. 400 e.Kr. (eller noko tidlegare)  
**ekwagigaririlaragilamudon** ⇒ ek Wagigar irilar Agilamundōn  
ek \*Vegigr \*irill \*Aglamundu  
'eg Vegig, erilen til Aglamunda'

Substantivet *irilar* m. eller oftare *erilar* m. førekjem i eit tital urnordiske innskrifter frå ca. 300 til eit stykke ut på 500-talet og er svært omdiskutert. Det er semje om at *erilen* hadde ein framståande funksjon i si tid, og det kan også sjå ut til at han var runekunnig framom andre. Mange runologar har sett *irilar* og *erilar* i samband med den austgermanske folkestamma *heruli*, som er omtalt av fleire samtidige historikarar, heilt tilbake til 200-talet e.Kr. og seinare av m.a. Jordanes og Prokopios (begge 500-talet e.Kr.). Herulane herja over store delar av Europa frå midten av 200-talet. På 500-talet skal dei ha vandra til Skandinavia, etter det Prokopios skriv. Terje Spurkland (2001: 60–62) stiller seg kritisk til at erilen skal knytast til herulane, og han er heller ikkje sikker på at erilen var ein runemeister, slik mange har tenkt seg. Han peikar på at det berre er i to innskrifter at erilen omtaler seg sjølv som runeristar, nemleg på ein stein frå Järsberg, Värmland (ca. 500–550 e.Kr.), og ein brakteat frå Väsby, Skåne (ca. 500–550 e.Kr.). Det er mogleg at *erilar* ligg til grunn for den norrøne forma og tittelen *jarl* m. ‘jarl’, men eit slikt samband er svært omdiskutert. Dette kjem vi tilbake til i samband med [20] BRATSBERG nedanfor.

I denne innskrifta finn vi eit av dei få døma på eit substantiv av *n*-stammene, nemleg den feminine *ōn*-stamma **agilamudon**. Denne forma må helst tolkast som genitiv eintal, og den viser at den mannlege erilen var underordna ei kvinne – han var Aglamundas eril. Det er derfor ikkje overraskande at Ingrid Sanness Johnsen stiller spørsmålet “Kan runeinnskrifter bidra til å belyse kvinnens stilling i det førkristne Norden?” (1969) i drøftinga av denne og nokre andre innskrifter. Det første leddet i ordet, **agila-**, må vere det same som i mannsnamnet \*Agilar > Egill (med dativforma \*Agilē > Agli). I det andre leddet, **-mudon**, reknar vi med homorgan nasal, -mundōn. I norrønt førekjem dette leddet i mange mannsnamn, t.d. *Ásmundr*, *Geirmundr*, der -mundr er tolka som ‘vern, verner’. Mannsnamnet **wagigar** er problematisk og har vore tolka på fleire vis, både med kort og lang rotvokal, og med og utan homorgan nasal i den andre stavninga.

[11] GARBØLLE, Sjælland, Danmark || treskrin || ca. 400 e.Kr.  
**hagiradar | tawide** ⇒ Hagirāðar tawiðē  
\*Hagráðr \*táði  
'Hagråd gjorde [skrinet]'

Mellom dei to orda står det eit teikn som dei fleste har tolka som eit ordskiljeteikn, ikkje som ei rune. Dét verkar også som den mest sannsynlege tolkinga. Substantivet **hagiradar** er ikkje kjent som proprium i norrønt, men derimot som appellativ *hagráð* n. ‘godt høve, lagleg tid’, og av dei same røtene *hag-* og *rāð-* som adjektivet *hagráðr* ‘rådgod’. Utviklinga frå urnordisk blir rett fram etter nasen, (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall, *hagirāðar* > \**hagrāðr* > *hagráðr*, og utan *i*-omlyd, jf. regel (3f). Verbet **tawide** er 3. person eintal preteritum, og vi reknar med at endingsvokalen var lang (forutan at *d* hadde frikativ uttale), *tawiðē*. Utviklinga omfattar (8) synkope *i* > Ø, kontraksjon *aw* > *ā*, og (9) vokalomlegging *ē* > *i*, \**tawiðē* > \**tawðē* > \**tāðē* > \**táði*. Infinitivsforma av **tawide** er \**taujan*. Det same verbet førekjem også i [12] GALLEHUS med forma **tawido**, preteritum 1. person eintal.

[12] GALLEHUS, Sønderjylland, Danmark || gullhorn (berre i avteikning) || ca. 400 e.Kr.

**ekhlewagastir : holtijar : horna : tawido :** ⇒ ek Hlewagastir holtijar horna tawiðō

Ek \*Hlégestr \*Hóltir horn \*táða

‘Eg, Legjest, frå (el. son av) Holt, laga hornet’

Dette er ei av dei best kjende runeinnskriftene frå urnordisk tid, ikkje minst fordi ho har hatt ei så dramatisk historie. Det har også sitt å seie at innskrifta har allitterasjon av same type som vi kjenner frå eddadiktinga mange hundreår seinare, *ek 'blewagastir 'holtijar 'horna tawido*, og ho er dessutan eit godt døme på den gamle leddstillinga subjekt–objekt–verbal (SOV), nærmere omtalt av Marit Aaamodt Nielsen (2013: 565–566). Innskrifta stod på eitt av dei to rikt dekorerte gullhorna som vart funne i Gallehus i Sønderjylland – det første i 1636, det andre i 1734. Begge vart stolne i 1802 og smelta om, og tjuven, gullsmeden Niels Heidenreich, hamna som fortent var i tukthuset. Det vart laga gode teikningar i si tid, den første publisert av Ole Worm i 1641. Seinast på 1980-talet vart det laga kopiar av begge horna, og dei er utstilte i Nationalmuseet i København. Då kopiane vart utstilte i Jelling i 2007, vart dei stolne på nytt – men dei kom heldigvis til rette like etterpå.

Innskrifta er så tydeleg på dei gamle teikningane at det ikkje er nokon tvil om lesinga. Det er brukt eit ordskiljeteikn i form av fire prikker over kvarandre, som vi her gjev att med kolon (i [11] GARBØLLE såg vi at ein loddrett strek kunne nyttast på same måten). Forma **holtijar** er mykje omdiskutert. Somme tenker seg at det er eit gammalt patronymikon, ‘son av Holt’, av eit mannsnamn \**Holta*. Andre tolkar det som ei avleining av appellativet \**holta* n. ‘skogholt’ og at det då har tydinga ‘frå Holt’, ‘frå skogen’ e.l. (sjå drøfting og litteraturreferansar hos Grønvik 1999: 4–6).

I verbforma **tawido**, preteritum 1. person eintal, har vi døme på dentalsuffikset -ð (attgjeve med **d**), eit kjenneteikn på den svake verbhbøyingsa; jf. 3. person eintal **tawide** i [11] GARBØLLE. Infinitiven må rekonstruerast som urn. \**taujan* > norr. \**teyja* ‘gjere’ (pret. \**táði*), parallelt med urn. \**haujan* > norr. *heyja* vb. ‘setje i gang’ (pret. *háði*).

[13] TUNE, Østfold, Noreg || Stein || ca. 400 e.Kr.

**ekwiwarafter : woduri|dewitadahalaiban : worahto : r** ⇒ ek Wiwar after Wōðuriðē  
witandah<sup>a</sup>laiban wor<sup>a</sup>htō r[ūnōr]  
Ek, \*Vír, eftir \*Óðríði \*vitandhleifa, orta [rúnar]  
'Eg, Vi, gjorde [runer] etter Odrid, brødherren'

Sjå biletet og utfyllende omtale i Seim (2013: 146–148). Her har vi berre teke med dei to linjene på A-sida av steinen. Innskrifta held fram med tre linjer på B-sida, men denne delen har ei meir omstridd tolking. Det ser også ut til at det har stått noko meir på slutten av den andre linja på A-sida, kan hende **runor** 'runer', slik som i [8] EINANG (t.d. Krause 1971: 169). To av vokalane i denne innskrifta, begge **a**-runer, er tolka som glidevokalar: **-halaiban** = *-h<sup>a</sup>laibān* og **worahto** = *wor<sup>a</sup>htō*.

Namnet **wiwar** er truleg det same som det sein-urnordiske namnet **wir** på ein fibula frå Eikeland, Rogaland (ca. 550–600 e.Kr.), der synkopen allereie har vore verksam og rotvokalen forlengd, og vi kan då rekonstruere den norrøne forma som \*Vír (slik Krause 1971: 62). I namnet \*Wōðuriðar 'den galne ryttaren' har det første leddet same rot som urnordisk \*Wōðanar, norrønt Óðinn. Det andre leddet i \*Wōðuriðar har same rot som verbet \*riðan > norr. *riða* vb. 'ri'.

I ordet **witada-** reknar vi med at *n* ikkje har vore notert føre homorgan plosiv, \**witanda-*, og i **-halaiban** at diftongen *ai* går til *ei* i samsvar med endringane i diftongsystema (jf. ill. 11 og 20). Det første leddet, **wita(n)da-**, blir tolka som presens partisipp av eit verb som ein elles berre kjenner frå gotisk, *witan* sv.vb. 'syte for, passe på', medan det andre leddet blir tolka som ei urnordisk *an*-stamme *blaiba* m. 'leiv (av brød)', dativ eintal *hlaiban*, jf. den norrøne *a*-stamma *bleifr* m. Samansetjinga kan då ha tydinga 'den som sikrar brødet' eller altså 'brødherren'. Forma **hlaiban** må vere dativ ettersom ho kongruerer med **woduride**, styrt av preposisjonen **after**.

Verbet **worahto** = *wor<sup>a</sup>htō* utviklar seg med (15) *w*-bortfall, (22) assimilasjon *ht* > *tt* og (9) *ō* > *a* til **orta** (av *yrkja* 'gjere') i norrønt. Vi møter det same verbet i forma **worta** i [22] ETELHEM ca. 500 e.Kr.

[14] VALSFJORD, Sør-Trøndelag, Noreg || fast fjell || ca. 400 e.Kr.

**ekhagustaldarþewargodagas** ⇒ ek hagustaldar þewar Gōðagas  
Ek, haukstaldr, \*þér \*Góðags  
'Eg, den unge krigaren, tenaren til Godag' el. 'Eg, Haukstall, tenaren til Godag'

Substantivet **hagustaldar** må vere det same som **hagusta(l)dar** i [17] KJØLEVIK og er her attgjeve i norrønt med den noko omdanna forma *haukstaldr* m. 'ung krigar', jf. *haugstall* m. 'ungkar, sveinkall' i mange norske dialektar. Det same ordet finst i gammalhøgtysk *hagustalt* og gammalengelsk *hagosteald*. Til liks med **widuhudar** i [4] HIMLINGØJE kan det vere vanskeleg å trekke grensa mellom appellativ og propria, og det er såleis mogleg at **hagustaldar** skal tolkast som eit mannsnamn (slik Peterson 1994: 136). Ved kontraksjon *ew* > *ē* og (8) synkope av *a* utviklar substantivet **þewar** 'tenar, følgjesvein' seg til norr. \*þér m. Dette substantivet førekjem ikkje som sjølvstendig ord i norrønt, men i ei samansetjing som det mytologiske namnet *Eggþér*, geng. *Ecgþéow*. Det førekjem elles i genitivsforma **þewas** i den delen av Hogganvik-innskrifta som vi ikkje har teke med her;

jf. Seim (2013: 144–145). Namneforma **godagas**, normalisert *Gōðagas*, må vere genitiv av ei maskulin *a*-stamme, \**Gōðagar*.

[15] ELGESEM, Vestfold, Noreg || Stein || ca. 400–500 e.Kr.

**alu**

øl

‘øl’

Dette er ei av dei eldste innskriftene med ordet **alu**, som dei fleste meiner har tydinga ‘øl’. Kanskje ligg det ikkje meir i ordet enn akkurat dette, slik Gerd Høst (1981) tenkjer seg. Andre trur derimot at ordet (og den gjenstanden som ordet står på) må reflektere kultisk bruk. Etter pronomenet *ek* ‘eg’ er *alu* det mest frekvente ordet i det urnordiske materialet; forutan på Elgesem-steinen førekjem det på åtte andre lause gjenstandar, hovudsakleg brakteatar (jf. Djupbrunns, ill. 9 ovanfor), og med eitt unntak står det som det einaste ordet på desse gjenstandane (jf. Antonsen 2002: 209–210). Det nyaste funnet er frå 2003 på Alstahaug, Helgeland, der det på ein gjenstand, truleg ein brend kam, står **alu** to gonger, **aallu(u)**. Dateringa på dette funnet er ca. 600 e.Kr. Den språklege utviklinga frå urnordisk til norrønt er elles endefram, etter at utlydande -þ hadde falle i den eldre germanske forma \**alup*, vart *alu* først utsett for (4) *u*-omlyd og deretter (8) synkope, *alu* > \**olu* > *øl*. For ei inngående etymologisk drøfting, sjå Bjorvand og Lindeman (2007: s.v. *øl*).

[16] NORDHUGLO, Hordaland, Noreg || Stein || ca. 450 e.Kr.

**ekgudijaungandirih** ⇒ ek guðija Ungandir ih ...

Ek, goði, \*Úgandr ...

‘Eg, gode(n), Den uslælelege ...’

Etter dei to siste runene **ih** ser det ut til at noko av steinen har vore avslege, og Magnus Olsen tenkte seg (noko fantasifullt?) at det kunne vere **i hugulu** e.l. ‘i Huglo’ (NIÆR bd. 2:1, s. 619–621). Desse to runene kan kanskje også lesast **im**, dvs. ‘(eg) er’ (slik Makaev 1996: 88). Det første substantivet, **gudija**, står i nominativ eintal og burde ha vore skrive **gudja** om ein skal leggje til grunn Sievers’ lov (jf. tekstboksen s. 45 nedanfor). I så fall er det ei maskulin *jan*-stamme slik som **harja** i [1] VIMOSE. Det har same rota, \**guð-*, som norrønt *goði* m. ‘gode, prest’ med \**guða* > *goð-* ved (1) *a*-omlyd. Det andre ordet, substantivet **ungandir**, har same orddanning som **unwod(i)R** ‘den u-oppøste’ i [5] GÅRDLÖSA. Det har truleg tydinga ‘den som står imot gand’, jf. norrønt *gandr* m. ‘trolldom’. Her står **ungandir** mest sannsynleg i nominativ, og høyrer då til dei maskuline *i*-stammene. Det har lang rotstaving og får (3b) *i*-omlyd til *úgandr*.

[17] KJØLEVIK, Rogaland || Stein || ca. 450 e.Kr.

**hadulaikar | ekhagustadar | hlaiwidomaguminino** ⇒ Haðulaikar ek Hagustaldar  
hlaiwiðō magu mīninō

\*Hóðleikr, ek, haukstaldr, \*hláða móg minn  
‘Hodleik. Eg, den unge krigaren, gravla sonen min’

Det første leddet i **hadulaikar**, *hadu-*, er omdiskutert. Det har vore tolka som *\*handu*- med homorgan nasal (> norr. *hond* f. ‘hand’), *\*hardu* (> norr. *harðr* adj. ‘hard’) eller *\*habō* (> norr. *hqð* f. ‘strid’), jf. Peterson (1994: 145f). Det andre leddet, **-laikar**, går regelrett til norr. *leikr* m. ved (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall. Det førekjem i fleire norrøne mannsnamn, t.d. Gunnleikr, Þorleikr. Substantivet **hagustadar** er etter alt å døme det same som **hagustaldar** i [14] VALSFJORD. Også her kan det diskuterast om det er appellativ eller proprium. Verbet **hlaiwido** er preteritum 1. person eintal av det svake verbet *\*hlaiwajan* ‘gravleggje’, som i urnordisk høyrde til *ija*-konjugasjonen. Det finst som perfektum partisipp **h(l)aiwidar** i ei innskrift frå Amla, Sogn og Fjordane (ca. 450 e.Kr.), og med same rot finst det ei nøytral *a*-stamme **hlaiwa** ‘grav’ i ei innskrift frå Bø, Rogaland (ca. 500 e.Kr.). Substantivet **magu** er ei maskulin *u*-stamme, nominativ *\*magur*, som har tydinga ‘son’. Etter (4) *u*-omlyd, (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall blir det *mogr*, som framleis er brukt i norrønt med denne tydinga, ved sida av det vanlegare substantivet *sonr* m. Sjå den fulle bøyingen av ordet s. 44 nedanfor.

[18] SJÆLLAND 2, Danmark || brakteat || ca. 475–500 e.Kr.

**hariuhahaitika : farauisa : gibauja** ⇒ Hariūha hait-ika farawīsa gību auja  
\*Herjói heiti-ek, \*faravísi, gef \*ey  
‘Herjoe heiter eg, den ferdkloke, gjev lykke’

Det første ordet, **hariuha**, må vere namnet på eg-personen i innskrifta. Krause tolkar det som ei samansetting, *hari-ūha*, med tydinga den ‘kamp-unge’ og rekonstruerer det med eit elles ukjent mannsnamn i norrønt *\*Herjói* (1971: 162). Det andre ordet, **haitika**, har etterhengd pronomen *-ka* ‘eg’, jf. s. 51 nedanfor. Medan Antonsen (1975: 65) tolkar det første leddet i adjektivet **farauisa** til rota *\*far-* (jf. norrønt *fara* vb. ‘reise’) og dermed får tydinga ‘den ferdkloke’, knyter Krause (1971: 162) det til germansk *\*fēra-* > urnordisk *\*fāra-* (jf. norrønt *fár* n. ‘fare, skade’), og får tydinga ‘den som kjenner til fare’. Verb-forma **gibu** er presens 1. person eintal av det sterke verbet *\*geþan* > norr. *gefa* ‘gje’ (jf. bøyingen s. 51 nedanfor). Rotvokalen *i* mot forventa *e* i **gibu** skal truleg forklarast som analogi med 2. og 3. person eintal, som etter (2) eldre *i*-omlyd må rekonstruerast med formene *\*giþir* og *\*giþip*, jf. moderne tysk *gebe, gibst, gibt* (presens 1., 2. og 3. person eintal). Substantivet **auja** er ei nøytral *a*-stamme, som blir utsett for (3a) *i*-omlyd og (8) synkope, *auja* > *\*eyja* > *\*eyi* > *ey* n. ‘lykke’, jf. s. 45 nedanfor.

[19] BERGA, Södermanland, Sverige || stein || ca. 500 e.Kr.

**saligastir | fino** ⇒ Saligastir | Finnō  
\*Salgestr. Finna  
‘Salgjest. Finna’

Denne innskrifta, som etter alt å døme er eit gravminne, inneheld eit mannsnamn og eit kvinnenamn. Det første har same etterledd som **hlewagastir** i [12] GALLEHUS og **naudigastir** i [9] HOGGANVIK. Det andre namnet er døme på ei feminin *ōn*-stamme, jf. *harisō* i [6] HIMLINGØJE. Dette ordet er eitt av dei få nokså sikre døma på lang konsonant i urnordisk. Rota *\*finn-* (eller *\*fenn-*, jf. forma *Fenni* hos historieskrivaren Tacitus) er den same som i norrønt *finnr* adj. ‘samisk, finsk’. På grunnlag av namnematerialet frå ur-

nordisk tid ser det ut til at det germanske språkområdet strekte seg så langt nord som til Hålogaland i Noreg og Jämtland og Ångermanland i Sverige. Nordanfor på den skandinaviske halvøya, og i Finland, rådde samane, som talte eit heilt anna, finsk-ugrisk språk (jf. Andersson 2012: 219–223).

[20] BRATSBERG, Telemark || fibula || ca. 500 e.Kr.

**ekerilar** ⇒ ek erilar

Ek \*erill/jarl

‘Eg eril(en)’

Sjå biletet og omtale i Seim (2013: 142–144). Det er mogleg at rota *er-* i *erilar* har hatt fleire avleiningar, \**erl-*, \**eril-*, \**erul-*, og at ein på dette grunnlaget både kan etablere eit samband med folkestamma *heruli* og dessutan ei lydrett utvikling \**erlar* > norr. *jarl* m. (som svarar til utviklinga av det engelske ordet *earl*). Dersom vi skulle ta utgangspunkt i den belagte forma *erilar*, ville ordet utvikle seg til ei form som vi ikkje kjenner i norrønt, nemleg \**erill*. Det ville i så fall skje ved (8) synkope av endingsvokalen og (22) assimilasjon *lr* > *ll*, dvs. *erilar* > \**erilr* > \**erill*. Ein parallel til denne utviklinga har vi m.a. i \**kundilar* > *kyndill* m. ‘lys, fakkel’ (jf. regel 20 nedanfor). Men om vi kan rekne med ei orddanning av typen \**erl-*, fører det fram til ei kjend form i norrønt, nemleg *jarl* m. ‘jarl, fyrste’. Då har ordet vore gjennom (6) bryting, (8) synkope, (22) assimilasjon *lr* > *ll* og endeleg konsonantforkorting *rll* > *rl*, dvs. \**erlar* > \**jarlar* > \**jarlR* > \**jarll* > *jarl*. Ei tilsynelatande synkopert form *erlar* førekjem i [22] ETELHEM (ca. 500 e.Kr.), men som vi skal sjå nedanfor, er denne forma omdiskutert.

[21] TANEM, Sør-Trøndelag, Noreg || stein || ca. 500 e.Kr.

**mairlju** ⇒ mārik(i)ngu

\*mærling

‘merling’ dvs. ‘vidkjend ættling’

Her kjem vi ikkje utanom eit par tekstrettingar. For det første kan **ir** i **mair** vere ein metatese (ombyting) av **ri**, og for det andre kan det vere ein utelaten **i** i **lju**. Det er også mogleg at den 6. runa  $\text{P}$  i dette ordet er ei binderune av **| i** og **◊ ŋ**, og i så fall treng ein ikkje skyte til nokon **i** (jf. Barnes 1984: 68–76). I begge fall skal ordet vere **marilingu**, ei lesing som har støtte i gammalhøgtysk *Merling* og gotisk *Merila*. Vi reknar **marilingu** som ei feminin ō-stamme med endinga *-u* i nominativ eintal (jf. böyinga av desse orda s. 42 nedanfor). Suffikset **-ling** kan tolkast som ‘ættling av’, og **mari** har truleg same rot som adjektivet **mārir**, jf. **mari** i ei innskrift frå Thorsbjerg, Slesvig i noverande Tyskland, tidlegare Sønderjylland (ca. 200 e.Kr.). Dette ordet finst framleis i norrønt, og etter (3b) *i*-omlyd, (8) synkope og (21) *r|R*-samanfall får vi forma **márr** adj. ‘vidkjend, vidgjeten’ (kjent frå eddadiktinga), **mārir** > \***mārir** > \***mārr** > **mārr**.

[22] ETELHEM, Gotland, Sverige || fibula || ca. 500 e.Kr.

**mk mrla wrta** ⇒ ek erlar worta  
ek \*erill/jarl orta  
'eg, eril(en), gjorde'

Denne innskrifta har vore tolka på fleire måtar. Den eldste tolkinga går tilbake til Sophus Bugge (NIÆR bd. 1: 148–152) og er seinare overteken av m.a. Krause (1971: 146). Etter denne tolkinga blir innskrifta utvida med ein serie utelatne vokalar, **m(i)k m(ē)r(i)la w(o)rta**, og får då tydinga 'meg gjorde Meril' – rett nok med verbendinga for 1. person eintal, ikkje 3. person. Men allereie Adolf Noreen og Axel Kock (siterte i NIÆR bd. 1: 148) valde i staden å rekne med ei feilristing. Ettersom **m-** og **e-**runa er svært like (ℳ m vs. ℳ e), er det ikkje urimeleg at ℳℳℳ **mkmr-** skal lesast ℳℳℳ **eker-**, noko som utan vidare kan gje ei meiningsfull tolking. Men for å gje ei samanhengande meinung til innskrifta kjem ein ikkje utanom å skyte til ein **r** i **erla(r)** og ein **o** i **w(o)rta**, altså **ek erla(r) w(o)rta**. Den siste forma svarar til **worahto**, normalisert **worāhtō**, i [13] TUNE, og endinga tyder på at vi har eit tidleg døme på overgangen *ō* > *a*, jf. regel (9). Elles vitnar ordet om (15) *w*-bortfall, *worta* > *orta*.

Men kva med forma **erla(r)?** Er dette endå ei feilskrift, men no av **erilar**, slik som i [20] BRATSBERG? Vi kan ikkje utelukke det, for denne innskrifta verkar heller hjelpeslaus. Men det må vere mogleg å ta forma for pålydande, og som vist under [20] BRATSBERG fører **erlar** lydrett fram til norrønt *jarl* m. 'jarl, fyrste'. Same korleis ein vrir og vender på denne innskrifta, må ein rekne med feilristingar, og enkelte runologar meiner derfor at ho er så usikker at dei helst vil sjå bort frå henne (slik Peterson 1994: 140).

[23] GUMMARP, Blekinge || stein (berre i avteikning) || ca. 600–650 e.Kr.

**haþuwolafa | sate | staba þriq | fff** ⇒ haþuwolafar sattē stabā þriā f(ehu) f(ehu) f(ehu)  
\*Hǫðulfr setti stafa þrjá fé fé fé  
'Hodulv sette tre (rune)stavar fe fe fe'

I denne innskrifta har \* overteke som oral **a**-rune, medan den gamle **a**-runa, ð, vart brukt for den nasale ā. Det er noko ulik praksis når det gjeld translittereringa; her skal vi bruke **a** for \* og **ą** for ð (men ein ser også at **A** blir brukt for å translitterere den første runa og **a** for den andre, jf. Seim 2013: 151). Det kan sjå ut til at **haþuwolafa** står i akkusativ, men etter alt å døme må det vere nominativ, og vi har derfor tillate oss å normalisere det til **haþuwolafar** (med glidevokal i *wolafar*). Krause (1971: 148) knyter dette namnet til det norrøne *Halfr*. Preteritumsforma **satte**, 3. person eintal, svarar til den eldre forma **\*satiðē**, som er representert ved **satido** (dvs. *satiðō*), 1. person eintal, i ei innskrift frå Rö (Bohuslän, Sverige, ca. 400 e.Kr.). Her har det vore både (8) synkope og konsonantassimilasjon, **\*satiðē** > **\*satidē** > **sattē**. Om denne utviklinga, sjå Skomedal (1980: 124). I akkusativforma **stabā** må vi rekne med at endingsvokalen var nasalert etter bortfall av *n*, og dermed motstod synkopen etter regel (9). I runeinnskriftene blir talorda alltid skrivne fullt ut, i dette tilfellet **þriq**, der dei mellomalderlege handskriftene i det latinske alfabetet som oftast har romartal.

Innskrifta er avslutta med tre **f**-runer, som vi tolkar som **\*fehu** > norr. **fé** n. 'fe, gods, velstand', jf. [8] FLØKSAND.

Endeleg tek vi med STENTOFSEN og BJÖRKETORP. Dette er ganske lange innskrifter, og vi nøyser oss med utdrag frå begge. Saman med [23] GUMMARPS høyrer dei til ei gruppe av innskrifter frå Blekinge i Sør-Sverige.

[24] STENTOFSEN, Blekinge, Sverige || Stein || ca. 600–650 e.Kr.

[...] sa þat bariutib [...] ⇒ sā (er) þat b<sup>a</sup>riutib  
sá (er) þat brýtr  
'den (som) bryt det'

Her har vi lagt til relativpartikkelen *er* 'som', med støtte i den samtidige innskrifta [25] BJÖRKETORP. Vi merkar oss at rotvokalen i verbet er *iu*, dvs. at *i*-omlyden enno ikkje har gjort seg gjeldande, og at endinga framleis er *-ib*, der [25] Björketorp har *-r*. Harald Bjorvand (2010) tenkjer seg at endinga *-ib* førte fram til ei assimilert form *\*-tt* i verb som har rotutlyd på dental, altså *briutib* > *\*briytt* > *\*brýtt*. Denne kan så ha blitt fortrengd av den tradisjonelle endinga *-ir* > *-r* frå 2. person eintal, slik at heile eintalsbøyninga fekk ein felles, einstava struktur i norrønt, *brýt* (1. person) – *brýtr* (2. og 3. person). Når det gjeld utviklinga av verbendingane i presens eintal i norrønt, er det slåande at både svake og sterke verb har fått éi form i 1. person og ei anna form i 2. og 3. person, som vist her. Typologisk sett kan det altså ha vore eit press for å oppheve skilnaden mellom formene i 2. og 3. person (om eit slikt resonnement, sjå Hans Frede Nielsen 2000: 263–264). Denne utviklinga ser vi også i færøysk, der endinga *-i* blir gjennomført i 1. person eintal presens.

[25] BJÖRKETORP, Blekinge, Sverige || Stein || ca. 600–650 e.Kr.

[...] sa þat barutr [...] ⇒ sā er þat b<sup>a</sup>rūtr  
sá er þat brýtr  
'den som bryt det'

Determinativet **sa** + relativpartikkelen **er** er samanskrevne i denne innskrifta, noko som ofte også er tilfellet i norrønt, særleg i poesien, *sá's* = *sá er* 'den som'. I verbforma **barutr** er den gamle endinga *-ib* i 3. person eintal utskift med *-r*, som svarar til den norrøne endinga *-r*. I [24] STENTOFSEN, frå same område og periode, såg vi at endinga framleis er *-ib*, noko som tyder på at det analogiske skiftet frå *-ib* til *-r* > *-r* kan ha byrja på 600-talet, i sein urnordisk tid.

Dei tre siste innskriftene skal stå som døme på sein urnordisk, den perioden då *i*- og *u*-omlydane, brytinga og synkopen tok til å gjere seg gjeldande. Den same overgangen er vi vitne til i den viktige innskrifta frå Eggja i Sogn (ca. 650–700 e.Kr.), omtalt i Seim (2013: 149–151). Den er i det eldre runearfabetet, men har langt på veg ei norrøn språkform.

## Det urnordiske språksystemet

I det følgjande skal vi gje ei skisse av hovudtrekka i det urnordiske språksystemet på grunnlag av dei allmenne framstillingane vi har av det (t.d. Krause 1971, Antonsen 1975, E. Haugen 1982 og Makaev 1996), med støtte i det materialet vi har lagt fram i det føregående korpuset. Denne framstillinga omfattar fonologi og morfologi; for ein omtale av den syntaktiske utviklinga, sjå Marit Aamodt Nielsen (2013).

### Fonologi

Det eldste dømet på det eldre, fellesgermanske runealfabetet er ei innskrift frå Kylver ca. 400 e.Kr. Dette alfabetet hadde 24 teikn, og på grunnlag av nokre andre og litt yngre innskrifter (brakteatar frå Vadstena og Mariedamm) kan vi setje det opp i tre ætter med åtte teikn i kvar:

Þ Ñ þ Æ R  $\times$  P : H T I U J L V X : T B M M T O N X  
fuþarkgw : hnijëp rs : tb em l y d o

Vi held det for sannsynleg at det eldre runealfabetet reflekterer ein tilnærma korrekt analyse av det urnordiske lydsystemet i den forstand at kvart runeteikn svara til eitt fonem i språket. Dette utgangspunktet er ofte omtalt som hypotesen om det perfekte samanfall ("the perfect fit"), og det er ein hypotese som har brei tilslutning blant språkforskarane. Men det skal også seiast at dette kan vere ei sirkelslutning, der runeortografien blir brukt for å støtte opp om den fonemiske analysen, og omvendt. Såleis peikar Martin Syrett på at det ligg ein fare i å stole for mykje på dette samanfallet, og at ein i analysen av det eldre runealfabetet må vere open for at det kan vere forskyvingar og variasjon i korleis dette gav att det underliggjande lydsystemet (1994: 34–35).

Under alle omstende er det to av dei 24 teikna som er omdiskuterte. Det eine er  $\text{J}$ , som truleg stod for ein fremre vokal, i alle fall er det slik i enkelte angelsaksiske innskrifter, og dette teiknet blir gjerne translitterert med  $\text{i}$ ,  $\text{e}$  eller  $\text{æ}$  (jf. Barnes 2012: 13–14 og Seim 2013: 138). Det andre teiknet er  $\diamond$ , som blir translitterert som  $\text{y}$ . Dette runeteiknet representerte neppe noko eige fonem, men var snarare ein skrivemåte for konsonantsambandet  $\text{ng}$  (slik  $x$  i norrønt er ein skrivemåte for  $gs$  eller  $ks$ ). Dei 22 andre teikna fell derimot fint på plass, og dette gjev oss – med dei nemnde etterhalda – eit arkimedisk punkt i forståinga av urnordisk.

Vi reknar at urnordisk hadde fem trykktunge vokalar, som alle kunne vere både korte og lange:  $i$ ,  $e$ ,  $a$ ,  $u$ ,  $o$ . Som vist i ill. 6 ovanfor hadde ikkje urgermansk nokon kort  $o$ , men denne vokalkvaliteten oppstod ved (1)  $a$ -omlyd av  $u$ , slik som i urgerm. \**burnan* > nvgerm. \**horna* > urn. *horna* n. 'horn'. Ei form som **holtjar** (ikkje \***hultjar**) i [12] GALLEHUS tyder på at kort  $o$  var eit fonem i urnordisk tid. Vidare var det ingen  $\bar{a}$  i urgermanskt, men i nordvestgermanskt (og seinare urnordisk) gjekk urgermanskt  $\bar{e}$  til  $\bar{a}$ , og det kom til ein ny  $\bar{e}$ , ofte kalla  $\bar{e}_2$ . Etter desse overgangane kan urnordisk rekonstruerast med eit symmetrisk vokalsystem av fem lange og fem korte vokalar. Ill. 10 viser dette vokalsystemet med teikn frå det eldre runealfabetet og translitterering til det latinske alfabetet, utan at det er gjort noko skilje mellom lange og korte vokalar i oppstillinga.

	fremre	bakre
høge	i	ŋ u
mellomhøge	ℳ e	ꝝ o
låge	ſ a	

Ill. 10. Monoftongane i urnordisk.

I trykklett stilling var det færre vokalar, men talet på desse er svært omdiskutert. Her skal vi rekne med fire lange vokalar, *i*, *ē*, *ā*, *ō*, og tre korte *i*, *a*, *u* (men sjå den detaljerte drøftinga i Syrett 1994 : 267 – 271 og dessutan Grønvik 1998 : 89 – 90). Dei trykklette vokalane er viktige med tanke på synkopen, jf. reglane (8) og (9) nedanfor.

fremre	bakre	
runda	urunda	runda
ŋ iu	ſ   ai	ſ ŋ au

Ill. 11. Diftongane i urnordisk.

I tillegg til dei fem monoftongane hadde urnordisk tre diftongar, som vist i ill. 11. Diftongen *iu* (av germansk *eu*) utvikla seg fram mot norrøn tid til *jú* føre labiale og velare konsonantar og *jó* i andre stillingar, noko som ein i norrønt ser av dei sterke verba i 2. klasse, *krjúpa* ‘krype’ vs. *brjóta* ‘bryte’. Det er rett nok ein del unntak til denne fordelinga. Særleg er det verdt å merke seg at det redupliseringe verbet *hlaupa* (pret. *hljóp*) bryt med regelen; om ei forklaring på dette, sjå Skomedal (1980: 132–133).

Konsonantsystemet skilde seg frå urgermanskt ved at det hadde ei anna organisering av plosivane og friativane, jf. ill. 12. Dei tre stemde konsonantane *b*, *d* og *g* hadde både plosive og friitative variantar (allofonar) avhengig av posisjonen i ordet. I urgermanskt reknar vi med at dei var friitative i alle posisjonar, men i urnordisk vart dei plosivar i framlyd og dessutan etter homorgan nasal, altså i sambanda *mb*, *nd* og *ng*. I andre stillingar var dei friitative. I det eldre runealfabetet vart *Þ b*, *ℳ d* og *X g* brukte for både den plosive og den friitative varianten, men i den urnordiske normaliseringa i dette kapittelet bruker vi teikna *þ*, *ð* og *g* for dei friitative variantane, som t.d. i [17] KJØLEVÍK og [18] SJÆLLAND 2. Det gjer det lettare å forstå overgangen til det norrøne systemet.

Urnordisk hadde to rullelydar, trillen *R r* og den friitative rullelyden *Ψ r*. Den sistnemnde er utvikla frå urgermanskt og nordvestgermanskt stemd *s*, [z], og ein del forskrarar

vel derfor å translitterere  $\Psi$  med *z* også i innskrifter frå den urnordiske perioden. Som nemnt s. 17 ovanfor tyder m.a. lånord i samisk på at *r* var ein rullelyd i urnordisk, og vi bruker derfor *r* som translitterering av  $\Psi$  i urnordiske innskrifter heller enn *z*. På 900-talet i norsk (og eit par hundreår seinare i austnordisk) fall *r* saman med *r*, t.d. urn. \**armar* > norr. *armr* m. ‘arm’, regel (21).

	labial		apikal		dorsal	
	ustemt	stemt	ustemt	stemt	ustemt	stemt
nasal	$\text{M}$ m		$\text{N}$ n		( $\diamond$ ) ( $\eta$ )	
plosiv	$\text{L}$ p	$\text{B}$ b	$\text{T}$ t	$\text{D}$ d	$\text{K}$ k	$\text{G}$ g
frikativ	$\text{F}$ f		$\text{P}$ p		$\text{H}$ h	
			$\text{S}$ s			
rullelyd			$\text{R}$ r			
			$\text{R}$ r			
lateral			$\text{l}$ l			
halvvokal	$\text{W}$ w				$\text{J}$ j	


Ill. 12. Konsonantane i urnordisk.

## Morfologi

Til liks med urgermansk hadde dei fleste orda i urnordisk tre skilde delar: ei rot, eit stammesuffiks og ei bøyingsending, som vist i ill. 13. I nokre tilfelle kunne ordet også ha eit avleiningssuffiks, som plasserte seg mellom rota og stammesuffikset. Oppstillingar som i ill. 13 kan gje inntrykk av at urnordisk var eit fullstendig agglutinerande språk, slik som moderne tyrkisk, dvs. at dei enkelte elementa i orda føyer seg etter kvarandre om lag som legoklossar. Eksempellet *gastir* er jo nettopp slik. Men det er fleire unntak. Stammesuffiksa kunne i nokre tilfelle smelte saman med bøyingsendinga, som t.d. i dativ eintal av *a*-stammene, der urgermansk truleg hadde \**armai* ‘arm’, dvs. rota *arm-*, stammesuffikset *-a-* og bøyingsendinga *-i*. I tidleg urnordisk vart diftongen *ai* i trykklett stilling kontrahert til *ē*, som førte til forma \**armeē*, der stammesuffikset og bøyingsendinga vart uttrykt i ein og same lyd, *ē*. Slike utviklingar kom det fleire av fram mot det

norrøne språksteget, der det på grunn av prosessar som oonlyd og bryting vart eit stort innslag av vokalskifte i rota, og der det også oppstod fleire assimilasjonar mellom stamma og bøyingsendinga. Resultatet vart eit språksteg som er langt meir *fusjonerande* enn urnordisk, og dermed mindre gjennomsiktig.

Trass i enkelte samanfall var stammesuffikset eit så gjennomgåande og karakteristisk trekk i urnordisk at det er vanleg å stille opp substantivbøyninga etter stammer, ikkje etter genera. Det er først med det norrøne språksteget at genusbøyninga overtek for stammebøyninga. No skal det seiast at vår kunnskap om det urnordiske språksteget er mangelfull, og sjølv for dei mest frekvente gruppene er det fleire usikre former. I det følgjande skal vi nøye oss med nokre av dei best rekonstruerte paradigma. Vi byggjer då på Iversen (6. utg. 1961), Krause (1971) og Makaev (1996). I hovudsak har desse den same framstillinga, men det er også fleire avvik mellom dei som gjer det umogleg å setje opp ein uomstridd morfologi.



Ill. 13. Urnordisk gastir m. 'gjest' (i-stamme) og \*aftanar m. 'aftan' (a-stamme).

Det heiter seg at det ikkje er nokon regel utan unntak. Her skal vi heller seie at det ikkje er nokon regel som ikkje kan opphevast ved analogi. Bøyninga av *horna* n. 'horn' skal stå som døme på dette; jf. tab. 5 nedanfor. Vi reknar at dette substantivet hadde forma \**hurna* i urgermanskt etter bortfall av utlydande *-n*, og at det vart utsett for (1) *a*-omlyd \**hurna* > \**horna* i nordvestgermanskt, og at denne forma vart overtaken i urnordisk. Resultatet burde då ha blitt ei veksling mellom rotvokalen *u* og *o* i dei ulike formene av ordet, ettersom ikkje alle endingane inneheldt *a*. Men bøyninga av det norrøne ordet *horn* viser oss at rotvokalen var den same i alle former. Det må altså ha skjedd ei utjamning, der *u* har gått over til *o* også i former der det ikkje hadde vore *a*-omlyd. Det er denne prosessen vi omtaler som analogi i dette kapittelet.

Kor tidleg kan denne utjamninga ha skjedd? Vi får ikkje noka hjelp frå dei urnordiske kjeldene, for der er det berre to døme på ordforma *horna*, begge i eintal, i [12] GALLEHUS ca. 400 e.Kr. og i ei innskrift frå Strøm, Sør-Trøndelag ca. 450 e.Kr. Når vi fører opp

## Kjær stamme har mange namn

Det er eit gjennomgåande trekk ved dei eldre indoeuropeiske språka at orda kan delast i rot + stammevokal + bøyingsending, som vist i ill. 13. Denne strukturen heldt seg framleis godt i urnordisk, sjølv om det då var tendensar til samanfall. No vil ein i litteraturen finne desse stammesuffiksa omtalte både med sine opphavlege indoeuropeiske vokalar og med seinare vokalkvalitetar. Då oppstår det mange skilnader, ikkje minst på grunn av overgangane *o* > *a* og *ā* > *ō* frå indoeuropeisk til germansk.

Hovudregelen er at indoeuropeiske *o*-stammer svarar til germanske *a*-stammer, og indoeuropeiske *ā*-stammer til germanske *ō*-stammer. Antonsen (1975) og Makaev (1996) held seg til dei indoeuropeiske stammenemningane, medan Krause (1971) og dei fleste andre bruker dei germanske stammenemningane.

Grammatikken til Noreen (siste utg. 1923) reknar i tillegg til dei reine *a*- og *ō*-stammene med *ja-/ia-* og *jō-/iō*-stammer, og det same gjeld dei eldre utgåvene av grammatikken til Iversen (1923), medan den reviderte utgåva i 1973 har innført *ja-/ija-* og *jō-/ijō*-stammer. Desse møter ein også i t.d. Krause (1971), og det er dei som er brukte i dette kapittelet.

dette ordet i tab. 5, må vi ta stilling til om ordet skal ha den utjamna rotvokalen *o* i alle former, eller eit skifte mellom *u* og *o*. Her har vi valt å la skiftet i rotvokalen stå ved lag på det urnordiske steget, og først gjennomføre utjamninga til *o* på det norrøne steget.

URNORDISK		→	NORRØNT
SG. N.	*horna (8)		horn
G.	*hornas (8)		horns
D.	*hurnē (9)	+ ① <i>u</i> > <i>o</i>	horni
A.	horna (8)		horn
PL. N.	*hurnu (8)	+ ① <i>u</i> > <i>o</i>	horn
G.	*hornō (9)		horna
D.	*hurnumr (22)	+ ① <i>u</i> > <i>o</i>	hornum
A.	*hurnu (8)	+ ① <i>u</i> > <i>o</i>	horn

Tab. 5. To steg i utviklinga av norrønt horn n. ‘horn’. Utviklinga frå urnordisk til norrønt blir vist med reglar nummererte i samsvar med oppstillinga s. 53–70 nedanfor, og med analogi, der reglane ikkje strekk til. Vi bruker teiknet ① i dei formene der analogien har vore verksam. I dativ eintal \*hurnē > horni kan vi såleis forklare overgangen ē > i ved regel (9), men overgangen (eller rettare sagt utjamninga) u > o må forklarast med analogi.

Til sist skal vi ta med ei påminning om det usikre i mykje av det som følgjer. Ein sjeldan gong kan vi føre opp ei form som er overlevert i det urnordiske materialet, og under føresetnad av at attgjevinga av denne forma i runeinnskrifta er i samsvar med

språksystemet på denne tida, har vi ei sikker form. Substantivet *laukar* m. ‘lauk’ i [7] FLØKSAND er ei slik form. I dette og i svært mange andre tilfelle må vi rett nok legge til at orddelinga ikkje er heilt sikker; trass alt lyder innskrifta **linalaukarf**, som vi les som **lina laukar f.** Om vi på grunnlag av forma *laukar* og på grunnlag av at i norrønt har *dagr* same bøyning som *laukr*, sluttar oss til at *dagr* heitte *dagar* i urnordisk, er vi på nokså trygg grunn (her ser vi bort frå at *g* i denne posisjonen truleg hadde frikativ uttale, *g*, både i urnordisk og norrønt). Men det er like fullt ein rekonstruksjon – ingen stad i det urnordiske materialet er dette ordet overlevert, så vi må pent setje ei stjerne framfor det, **\*dagar**. Derimot kan vi setje opp endinga **-ar** utan stjerne på grunnlag av den belagte forma *laukar*.

Tab. 6 viser bøyinga av ei maskulin *a*-stamme i gotisk og norrønt; på begge språkstega har vi så fyldige kjelder at vi kan føre opp samlede former. I urnordisk er ikkje **\*dagar** belagt nokon stad, så derfor har vi stjernemarkert heile paradigmet. Men fleire av endingane har vi sikre belegg på frå andre ord i same bøyingsklasse, så dei kan langt på veg førast opp utan stjernemarkering; det gjeld i heile eintal og i dativ fleirtal. Frå mange andre ord veit vi at gotisk har fått desonoriseringa **\*-z > -s** i utlyd der urnordisk har fått overgangen **\*-z > -r** (og vidare til **-r** i norrønt). Dette stemmer med endinga i nominativ eintal, der gotisk har **-s** og urnordisk **-ar** (med stammevokalen *a*). Vidare støttar nominativ fleirtal **-os** i gotisk opp om nominativ fleirtal **\*-ōr** i urnordisk. Men det er også avvik mellom gotisk og urnordisk, som må forklarast ved at desse to greinene av germansk tidleg utvikla seg ulikt.

GOTISK		URNORDISK		NORRØNT	
SG. N.	dags	-s	*dagar	-ar	dagr -r
G.	dagis	-is	*dagas	-as	dags -s
D.	daga	-a	*dagē	-ē	degi -i
A.	dag	-∅	*daga	-a	dag -∅
PL. N.		dagōs	-os	*dagōr	*-ōr
G.	dagē	-ē	*dagō	*-ō	daga -a
D.	dagam	-am	*dagumr	-umr	dögum -um + (4) <i>u</i> -omlyd
A.	dagans	-ans	*dagan	*-an	daga -a

Tab. 6. Bøyinga av dags m. ‘dag’ i gotisk, og det tilsvarande ordet i urnordisk og i norrønt. For kvart språksteg blir endingane oppførte separat, og fråvære av ending (nullending) blir vist med teiknet  $\emptyset$ . I dativ eintal i urnordisk blir dette ordet også rekonstruert med endinga **-ai**, som seinare blir kontrahert til **-ē**, dvs. **\*dagai > \*dagē** (jf. tab. 5 og Krause 1971: 124). Når dativ eintal har fått *i*-omlyd i norrønt, degi, er det tradisjonelt forklart med at rotutlyden **-g** var palatal og dermed skapte grunnlag for *i*-omlyd (“palatal-omlyd”); andre ord i same klasse har ikkje fått *i*-omlyd, t.d. **\*armē > armi** av *armr* m. ‘arm’. For ei anna forklaring av forma degi, sjå Bjorvand og Lindeman (2007, s.v. dag).

## Substantiv

Som nemnt ovanfor hadde dei fleste orda i urnordisk ei tredelt oppbygging: stamme + stammesuffiks + bøyingsending. I substantivbøyninga skil vi mellom dei som har ein vokal som stammesuffiks, *vokalstammer*, og dei som har stammesuffiks som endar på konsonant, *konsonantstammer*. Den første gruppa har den mest formrike bøyninga og er i mange grammatikkar kalla sterke, medan den andre er ei blanda gruppe. Dei såkalla *n*-stammene har ei mindre rik bøyning enn vokalstammene og er kalla svake, medan dei andre konsonantstammene hovudsakleg har sterke bøyning. Skiljet mellom sterke og svake bøyning er elles eit særkjenne for dei germanske språka.

### A. VOKALSTAMMER

Her har substantiva stammesuffiks på vokal, også kalla *temavokalar* (*a*, *ō*, *i*, *u*), og i dei fleste formene er det lett å sjå skilnaden mellom stammesuffikset og bøyingsendinga.

#### ▷ *a*-stammer: maskuline og nøytrale

I urnordisk er *a*-stammene den mest frekvente og best rekonstruerte gruppa av substantiv. Det inneber at overgangen frå dei urnordiske formene til dei norrøne kan forklarast nesten restlaust. Her og seinare i kapittelet skal vi vise dette i eit oppsett med fire kolonner: (a) dei urnordiske formene, (b) endingane i desse formene, (c) reglane som forklarer overgangane til norrønt, (d) dei norrøne formene. Her nyttar vi lengdestrek (makron) også i dei norrøne formene, t.d. *rūn* f. ‘rune’. Normalortografien har som før nemnt aksent, *rún*.

#### ▽ Maskuline *a*-stammer: *laukar* ‘lauk’ (jf. [7] FLØKSAND, ca. 300 e.Kr.)

SG.N.	<i>laukar</i>	-ar	(8) <i>synkope</i> + (21) r > r	<i>laukr</i>
G.	* <i>laukas</i>	-as	(8) <i>synkope</i>	<i>lauks</i>
D.	* <i>laukē</i>	-ē	(9) ē > i	<i>lauki</i>
A.	* <i>lauka</i>	-a	(8) <i>synkope</i>	<i>lauk</i>
PL.N.	* <i>laukōR</i>	*-ōR	(9) ō > a + (21) r > r	<i>laukar</i>
	* <i>laukō</i>	*-ō	(9) ō > a	<i>lauka</i>
D.	* <i>laukumR</i>	-umR	(22) mR > m	<i>laukum</i>
A.	* <i>laukan</i>	*-an	(13) n > Ø	<i>lauka</i>

#### ▽ Nøytrale *a*-stammer: *land* ‘land’

SG.N.	* <i>landa</i>	-a	(8) <i>synkope</i>	<i>land</i>
G.	* <i>landas</i>	-as	(8) <i>synkope</i>	<i>lands</i>
D.	* <i>landē</i>	-ē	(9) ē > i	<i>landi</i>
A.	* <i>landa</i>	-a	(8) <i>synkope</i>	<i>land</i>
PL.N.	* <i>landu</i>	*-u	(8) <i>synkope</i> + (4) u- <i>omlyd</i>	<i>lond</i>
	* <i>landō</i>	*-ō	(9) ō > a	<i>landa</i>
D.	* <i>landumR</i>	-umR	(22) mR > m + (4) u- <i>omlyd</i>	<i>londum</i>
A.	* <i>landu</i>	*-u	(8) <i>synkope</i> + (4) u- <i>omlyd</i>	<i>lond</i>

Som nemnt ovanfor s. 16 vart *a* heva til *u* føre ståande nasal i nordvestgermansk, t.d. urgerm. \*dagamaz > nvgerm. \*dagumz > urn. \*dagumr av urn. *dagar* m. ‘dag’. I akkusativ fleirtal blir trykklett *a* ikkje synkopert ettersom han var nasalert, \*laukan > \*laukā > lauka, jf. regel (8) nedanfor.

▷ ō-stammer: feminine

Desse stammene danna opphavleg den største gruppa av sterke feminine substantiv. Etter kvart fall bøyinga av dei feminine ō- og *i*-stammene saman, slik at den einaste skilnaden mellom dei vart endingane i nominativ og akkusativ fleirtal, norrønt -ar vs. -ir. I tillegg gjekk mange gamle ō-stammer fullstendig over til *i*-stammene fram mot norrøn tid. Som mørnster på ō-stammene skal vi her bruke \*rūnu (av eldre germansk \*rūnō).

▽ Feminine ō-stammer: \*rūnu ‘rune’ (jf. m.a. [8] EINANG, ca. 300 e.Kr.)

SG.N.	*rūnu	-u	(8) synkope	rūn
G.	*rūnōR	*-ōR	(9) ō > a + (21) r > r	rūnar
D.	*rūnu	*-u	(8) synkope	rūn
A.	rūnō	-ō	analogisk -Ø etter nominativ eintal	rūn
PL.N.	*rūnōR	*-ōR	(9) ō > a + (21) r > r	rūnar
G.	*rūnō	-ō	(9) ō > a	rūna
D.	*rūnōMR	*-ōMR	(9) ō > u føre nasal + (22) mR > m	rūnum
A.	*rūnōR	-ōR	(9) ō > a + (21) r > r	rūnar

Som nemnt i gjennomgangen av nordvestgermansk ovanfor s. 16 reknar vi med at ō gjekk til *u* i unusalert utlyd allereie før urnordisk tid. Når dette ikkje skjedde i akkusativ eintal og genitiv fleirtal, var det fordi desse endingane opphavleg var nasalerte, dvs. urgerm. \*rūnōn > urn. \*rūnō. Det er truleg på dette grunnlaget at Krause (1971: 124) har valt å rekonstruere eit urnordisk paradigme der stammesuffikset ō har gått til *u* i nominativ og dativ eintal, medan det står som ō i dei andre bøyingsformene. Nominativ eintal *laþu* (> norr. *lǫð* f. ‘innbyding’) som er kjent frå fleire brakteater, m.a. Højstrup (ca. 450–550 e.Kr.), gjev støtte til endinga -*u*. Utviklinga i andre former av ō-stammene er som ein skulle vente etter regel (9), dvs. ō > a i genitiv eintal og i nominativ og akkusativ fleirtal, t.d. \*rūnōR > rūnar, men ō > u framfor stående nasal, \*rūnōMR > rūnum. Med støtte i akkusativ eintal *rūno* frå [8] EINANG skulle ein ha venta rūnō > \*rūna, men i staden har ein fått rūn i norrønt. Dette må truleg forklara ved analogi med nominativsforma. Adjektivbøyinga har derimot *spaka* i akkusativ eintal, som er i samsvar med utviklinga ō > a og såleis støttar opp om den forventa akkusativforma \*rūna (jf. s. 42 nedanfor). Det bør nemnast at enkelte ō-stammer framleis har endinga -*u* i dativ eintal i norrønt, t.d. *sól* f. ‘sol’ (slik *solu* på den seine innskrifta frå Eggja, jf. Seim 2013: 149–151), dvs. at endingsvokalen har motstått synkopen. Dette er uforklart.

▷ *i*-stammer: maskuline og feminine

Dei maskuline og feminine *i*-stammene er ei anna viktig gruppe substantiv. Ettersom stammevokalen er *i*, skulle ein ha venta gjennomført *i*-omlyd i desse orda, men her er det

mange avvik. Hovudregelen er at *i*-omlyd er gjennomført etter lang rotstaving, slik som i urn. *gastir* > norr. *gestr* m. ‘gjest’ men ikkje etter kort rotstaving, som i \**staðir* > norr. *staðr* m. ‘stad’. Forholdet er diskutert meir inngående i samband med regel (3) nedanfor, s. 56–58.

▽ Maskuline *i*-stammer: *-gastir* ‘gjest’ (jf. m.a. [8] EINANG, ca. 300 e.Kr.)

SG.N.	<i>gastir</i>	<i>-ir</i>	(3b) <i>i-omlyd + (8) synkope + (21) r &gt; r</i>	<i>gestr</i>
G.	* <i>gastār</i>	* <i>ār</i>	<i>analogisk -s etter a-stammene</i>	<i>gests</i>
D.	* <i>gasti</i>	* <i>i</i>	(3b) <i>i-omlyd + (8) synkope</i>	<i>gest</i>
A.	* <i>gasti</i>	<i>i</i>	(3b) <i>i-omlyd + (8) synkope</i>	<i>gest</i>
PL.N.	* <i>gastīr</i>	* <i>īr</i>	(3b) <i>i-omlyd + (9) ī &gt; i + (21) r &gt; r</i>	<i>gestir</i>
G.	* <i>gastījō</i>	* <i>ijō</i>	(3b) <i>i-omlyd + (10) ijō &gt; a</i>	<i>gesta</i>
D.	* <i>gastimr</i>	* <i>imr</i>	<i>analogisk -umr &gt; -um etter a-stammene</i>	<i>gestum</i>
A.	* <i>gastin</i>	* <i>in</i>	(3b) <i>i-omlyd + (13) n &gt; Ø</i>	<i>gesti</i>

▽ Feminine *i*-stammer: \**tīðir* ‘tid’

SG.N.	* <i>tīðir</i>	* <i>ir</i>	<i>analogisk -Ø etter ō- og kons.-stammene</i>	<i>tīð</i>
G.	* <i>tīðār</i>	* <i>ār</i>	(9) <i>ā &gt; a + (21) r &gt; r</i>	<i>tīðar</i>
D.	* <i>tīði</i>	* <i>i</i>	(8) <i>synkope</i>	<i>tīð</i>
A.	* <i>tīði</i>	* <i>i</i>	(8) <i>synkope</i>	<i>tīð</i>
PL.N.	* <i>tīðīr</i>	* <i>īr</i>	(9) <i>ī &gt; i + (21) r &gt; r</i>	<i>tīðir</i>
G.	* <i>tīðijō</i>	* <i>ijō</i>	(10) <i>ijō &gt; a</i>	<i>tīða</i>
D.	* <i>tīðimr</i>	* <i>imr</i>	<i>analogisk -um etter ō- og kons.-stammene</i>	<i>tīðum</i>
A.	* <i>tīðin</i>	* <i>in</i>	<i>analogisk -ir etter nominativ fleirtal</i>	<i>tīðir</i>

I denne rekonstruksjonen ser vi at dei maskuline og feminine *i*-stammene har den same bøyingsa, men vi ser også at dei feminine stammene i høgare grad har vore utsette for analogi. I nominativ eintal skulle ein for eksempel ha venta urn. \**tīðir* > norr. \**tīðr* i dei feminine *i*-stammene, og nokre av dei har også endinga *-r* i norrønt, slik som urn. \**brūðir* > norr. *brūðr* f. ‘brur’. Men dei fleste feminine *i*-stammene har kasta den utlydande *-r*, truleg fordi han vart oppfatta som eit kjennemerke på maskuline substantiv, og dermed har bøyingsa av dei feminine *i*-stammene langt på veg blitt samanfallande med ō-stammene. I eit langstava ord som \**brūðir* skulle ein dessutan ha venta (3b) *i-omlyd*, urn. \**brūðir* > norr. \**brȳðr* f. Det har ikkje skjedd, men ein kan merke seg ei form som *bryllaup* i eit gammelnorsk diplom frå 1315.

Særskilt er det å merke seg at dei maskuline *i*-stammene kan ha både *-ar* og *-s* i genitiv eintal; det siste er kome inn ved analogi frå *a*-stammene. Ei *i*-stamme som norrønt *staðr* har alltid endinga *-ar* i genitiv eintal og *gestr* har alltid endinga *-s*, medan t.d. *salr* m. ‘hus, rom, sal’ kan ha både *-ar* og *-s*. Sjå Iversen (1973) og andre større grammatikkar over norrønt for fordelinga av genitivsendingane.

▷ *u*-stammer: maskuline

Det må i si tid ha vore både maskuline, feminine og nøytrale *u*-stammer, t.d. \**wandur* m. ‘kvist’, \**handur* f. ‘hand’ og \**fehu* n. ‘fe, gods’. Innan norrøn tid hadde dei feminine og nøytrale *u*-stammene slutta seg til andre stammer, og berre dei maskuline stod tilbake.

▽ Maskuline *u*-stammer: \**magur* ‘son’ (jf. [17] KJØLEVIK, ca. 450 e.Kr.)

SG.N.	* <i>magur</i>	-UR	(4) u-omlyd + (8) synkope + (21) R > r	mogr
G.	* <i>magōr</i>	-ōR	(9) ō > a + (21) R > r	magar
D.	* <i>magju</i>	-(i)ju	(3) i-omlyd + (8) synkope	megi
A.	* <i>magu</i>	-u	(4) u-omlyd + (8) synkope	mog
PL.N.	* <i>magjur</i>	*-(i)jur	(3) i-omlyd + (8) synkope + (21) R > r	megir
G.	* <i>magiwō</i>	*-iwō	<i>kontraksjon</i> iw > i + (8) synkope + (9) ō > a	maga
D.	* <i>magumr</i>	*-umr	(22) mr > m + (4) u-omlyd	mogum
A.	* <i>magun</i>	*-un	(4) u-omlyd + (13) n > Ø	mogu

I samsvar med Sievers’ lov blir endingar innleidde med halvvokalen *j* realiserte som *-j-* etter kort rotstaving og *-ij-* etter lang (jf. tekstboksen s. 45 nedanfor). Eit kortstava ord som \**magur* får då dativ eintal \**magju*, medan eit langstava som \**walþur* ‘voll’ (> norr. *völlr*) får dativ eintal \**walþiju*. I paradigmet ovanfor har vi derfor ført opp endingane i dativ eintal og nominativ fleirtal som *-(i)ju* og *-(i)jur*. I det kortstava ordet \**magur* skulle ein ha venta at dativ eintal i norrønt vart \**meg* og nominativ fleirtal \**megr*, dvs. at utviklinga skulle ha vore den same som ved t.d. \**kunja* > \**kyni* > *kyn* n. ‘kjønn, art, måte’. Endingane i dei norrøne formene *megi* og *megir* er dei same som dei vi finn i langstava ord, t.d. *vøndr* m. (dativ eintal *vendi* og nominativ fleirtal *vendir*), og må reknast som analogiske med desse.

Dei *u*-stammene som i urnordisk hadde kort, trykksterk *e* i rota, vart i tillegg utsette for (6) bryting og (4) *u*-omlyd. Substantivet \**ferþur* ‘fjord’ utvikla seg dermed ved bryting *e* > *ja* og *u*-omlyd *ja* > *jø* til norrønt *fjørðr* i nominativ eintal, og (utan *u*-omlyd) til *fjardar* i genitiv eintal.

Saman med dei maskuline *a*-stammene har dei maskuline *u*-stammene åtte distinkte former i urnordisk, om rekonstruksjonane i dette kapittelet er riktige. Innan norrøn tid skjer det fleire samanfall (synkretisme) i ulike former av vokalstammene, særleg blant dei feminine, men dei maskuline *u*-stammene overlever med åtte distinkte former.

▷ Stammer med *-j-*, *-ij-* og *-w-*

Eit særkjenne framfor alt ved *a*- og *ō*-stammene er at endingane kan vere innleidde med *-j-* (etter kort rotstaving) og *-ij-* (etter lang rotstaving). Denne fordelinga er kjend som Sievers’ lov, jf. tekstboksen s. 45 nedanfor. I tillegg kjem det at etter både kort og lang rotstaving kan endinga vere innleidd med *-w-*. Stammer med *-j-/ij-/w-* fører til ei rekkje undergrupper med noko avvikande bøyning: *ja/ija/wa*-stammer og *jō/ijō/wō*-stammer. Dette mønsteret er framleis synleg i norrønt, men medan *-j-/ij-/w-* stod i alle bøyingsformene av ordet i urnordisk, overlevde *j* og *w* berre i enkelte former i norrønt. Frå ein synkron, norrøn synsvinkel kan ein derfor forstå bøyninga av desse orda som eit

innskot av *j* og *v* i enkelte former snarare enn eit bortfall. Sjå O.E. Haugen (2001: 86–88) for ein slik analyse.

### Sievers' lov

Den tyske språkforskaren og metrikaren Eduard Sievers (1850–1932) har fått sitt namn knytt til ein viktig observasjon, nemleg at i mange germanske ord følgjer halvvokalen *-j-* etter kort rotstaving og *-ij-* etter lang rotstaving. På grunn av synkoppen utvikla desse orda seg ulikt frå urnordisk til norrønt:

KORT ROTSTAVING: \**kunja* > \**kynja* > \**kyni* > *kyn* ► *kyn* m. 'kjønn, art, måte'

Etter at ordet vart utsett for (3) *i*-omlyd, vart den korte, trykklette *a* synkopert etter regel (8). Halvvokalen *j* vart då vokalisert og utsett for ny synkope etter regel (8).

LANG ROTSTAVING: *raunijar* > \**reynijar* > \**reynīr* > *reynir* ► *reynir* m. 'prøvar'

Også her blir ordet utsett for (3) *i*-omlyd, og den korte, trykklette *a* blir deretter synkopert etter regel (8). Den lange *ij*, som også kan noterast som *ī*, blir i neste omgang forkorta etter regel (9).

Attgjevinga av *-j-* og *-ij-* varierer noko. Som nemnt i tekstboksen s. 39 bruker mange eldre framstillingar *-j-* og *-i-*, slik at dei to døma ovanfor ville vere noterte som \**kunja* og *rauniar*.

Eduard Sievers gav også ein grunnleggjande analyse av norrøn metrikk, jf. om-talen i Mundal (2013: 369–370).

Her skal vi ta med tre døme: ei nøytral *ja*-stamme, ei maskulin *ija*-stamme, og ei feminin *wō*-stamme. I stammer på *-j-* og *-ij-* er det normalt (3) *i*-omlyd, i stammer på *-w-* (4) *u*-omlyd. Av plassomsyn er desse reglane ikkje tekne med i oppstillingane nedanfor.

▽ *ja*-stammer: *auja* n. 'lykke' (jf. [18] SJÆLLAND 2, ca. 475–500 e.Kr.)

SG.N.	* <i>auja</i>	-a	(8) + (8) ja > i > Ø	ey
G.	* <i>aujas</i>	-as	(8) + (8) ja > i > Ø	eys
D.	* <i>aujē</i>	-ē	(10) + (9) jē > ji > i	ey(i)
A.	* <i>auja</i>	-a	(8) + (8) ja > i > Ø	ey
PL.N.	* <i>auju</i>	*-u	(8) + (8) ju > i > Ø	ey
G.	* <i>aujō</i>	*-ō	(10) jō > ja	eyja
D.	* <i>aujumr</i>	-umr	(22) mr > m	eyjum
A.	* <i>auju</i>	*-u	(8) + (8) ju > i > Ø	ey

I dette ordet verkar regel (8) saman med vokalisering av halvvokalen, slik at først vart *a* eller *u* synkoperte etter regel (8), deretter vart halvvokalen *j* vokalisert til *i*, og så vart

denne vokalen synkopert, igjen etter regel (8). Sjå samla framstilling s. 63–64 nedanfor. I dativ eintal i norrønt vart endinga *-i* kontrahert etter trykksterk vokal, \**eyi* > *ey*.

Ordet *ey* n. ‘lykke’ er elles belagt berre ein gong i norrønt (i *Hauksbók*-versjonen av *Landnámaþók*), men vi kan like fullt vere ganske sikre på bøyninga av det, ettersom vi kjenner mange andre ord i den same klassa.

▽ *ija*-stammer: *raunijar* m. ‘røynar, prøvar’ (jf. [2] ØVRE STABU, ca. 180 e.Kr.)

SG.N.	* <i>raunijar</i>	-ar	(8) og (9) <i>ija</i> > ī > i + (21) r > r	reynir
G.	* <i>raunijas</i>	-as	(8) og (9) <i>ija</i> > ī > i	reynis
D.	* <i>raunijē</i>	-ē	(9) og (8) og (10) <i>ijē</i> > iē > ē > i	reyni
A.	* <i>raunija</i>	-a	(8) og (9) <i>ija</i> > ī > i	reyni
PL.N.	* <i>raunijōR</i>	*-ōR	(9) og (8) og (10) <i>ijō</i> > iō > ō > a + (21) r > r	reynar
	* <i>raunijō</i>	*-ō	(9) og (8) og (10) <i>ijō</i> > iō > ō > a	reyna
D.	* <i>raunijumR</i>	-umR	(9) og (8) <i>ijū</i> > iū > u + (22) mR > m	reynum
A.	* <i>raunijan</i>	*-an	(13) n > Ø + (9) og (8) <i>ijā</i> > iā > a	reyna

I dativ fleirtal var endingsvokalen *u* nasal på grunn av den etterfølgjande *m*, og tilsvarende var *a* i akkusativ fleirtal nasal på grunn av *n*. Dermed unngjekk dei synkopen, og overgangane vart *ijū* > *u* og *ijā* > *a*. Sjå også her samanstillinga av synkoperingsreglane på s. 63–64 nedanfor.

▽ *wō*-stammer: \**arhwō* f. ‘pil’, jf. eng. *arrow*.

SG.N.	* <i>arhwu</i>	-u	(8) og (8) <i>wu</i> > u > Ø	qr
G.	* <i>arhwōR</i>	*-ōR	(8) og (10) <i>wō</i> > ō > a + (21) r > r	qrvar
D.	* <i>arhwu</i>	*-u	(8) og (8) <i>wu</i> > u > Ø	qr
A.	* <i>arhwō</i>	-ō	analogisk -Ø etter nominativ eintal	qr
PL.N.	* <i>arhwōR</i>	*-ōR	(8) og (10) <i>wō</i> > ō > a + (21) r > r	qrvar
	* <i>arhwō</i>	*-ō	(8) og (10) <i>wō</i> > ō > a	qrva
D.	* <i>arhwōmR</i>	*-ōmR	(8) og (10) <i>wō</i> > ō > u føre nasal + (22) mR > m	qrum
A.	* <i>arhwōR</i>	*-ōR	(8) og (10) <i>wō</i> > ō > a + (21) r > r	qrvar

I \**arhwō* har *h* falle bort i innlyd i samsvar med regel (16) nedanfor. Av plassomsyn er denne regelen ikkje oppført ovanfor.

## B. KONSONANTSTAMMER

Hit høyrer ei blanda samling substantiv som opphavleg hadde konsonantiske stamme-suffiks, *nd-*, *r-* og *n-*stammene, eller som hadde bøyingsendingane føydde rett til rota, dei såkalla rotsubstantiva. Blant desse har *n*-stammene gjeve grunnlag for den svake bøyninga i norrønt, medan dei andre for det meste må klassifiserast som sterke, sjølv om det på det norrøne språksteget er innslag av svak bøyning i *nd*-stammene. Det er mange substantiv blant *n*-stammene, medan dei andre stammene er restgrupper, som til dels har gått over til andre stammer eller har fått delar av bøyninga erstatta ved analogi.

▷ *n*-stammer

Til *n*-stammene høyrer dei maskuline og nøytrale *an*-stammene, og dei feminine *ōn*- og *īn*-stammene. Då utsyndande *-n* fall i løpet av urnordisk tid, fekk desse substantiva ei bøyning med stort innslag av endingar på vokal, og dei mista den karakteristiske strukturen av rot + stammesuffiks + bøyingsending som vi kjenner frå vokalstammene. I norrønt er det eit kjenneteikn på *n*-stammene at dei endar på vokal i heile eintal. Ein kan trygt seie at på dette språksteget er nemninga *konsonantstamme* misvisande; det er nesten berre i genitiv fleirtal at ein enno kan sjå konsonanten *-n* i norrønt, t.d. *sagna* av *saga* f. I tillegg dukkar han opp i fleirtalsbøyninga av *uxi* m. ‘okse’, dvs. *yxn*, *yxna*, *yxnum*, *yxn*. Ikkje uventande kjem det seinare til analogiske former i norrønt, *uxar*, *uxa*, *uxum*, *uxar*.

Det er få sikre *n*-stammer i det overleverte urnordiske materialet, og rekonstruksjonen er derfor så usikker at vi ikkje skal føre opp noko paradigme (for eit forsøk, sjå Krause 1971: 125). Særleg er utviklinga av nominativ eintal problematisk, framfor alt i dei maskuline *an*-stammene. I desse stammene ser det ut til at endinga *-ō* i nominativ eintal var den eldste, slik som i \**mānō* m. ‘måne’. Denne endinga er støtta av namneformer som **níþijo** og **wagnijo** frå Illerup-funna, gammalhøgtysk *māno* ‘måne’ og det innlånte ordet *mánnu* m. ‘måne’ i nordsamisk. Når urnordisk elles har fleire døme på endinga *-a* i nominativ eintal, nemleg **harja**, **gudija** og **niujila**, kan dette forklarast ved analogi frå dei oblike formene i ordet, framfor alt akkusativ eintal *-an*. Men heller ikkje denne analogiske nominativsendingsa vart ståande. Det kan derfor sjå ut til at det må ha vore endå ein analogi i funksjon, nemleg ein som har ført fram til den norrøne endinga *-i*, som vi ser i *māni* m. ‘måne’. Nils Lid (1952) tenkjer seg at *-i* har kome inn frå dei frekvente samansettjingane i norrønt på *-byggi*, *-ingi*, *-nyti*, *-skeggi*, *-veri*, *-virki*. Ei anna forklaring er at endinga opphavleg var *-ēn* (slik t.d. Scovazzi 1966: 70, og no seinast Andersson 2012: 227). Dei overleverte nominativsformene taler rett nok mot denne forklaringa. Sjå Szemerényi (1960: 157–164), Syrett (1994: 134–152) og Grønvik (1998: 127–132) for detaljerte drøftingar av dei ulike forklaringane.

For dei feminine *ōn*-stammene set Krause opp \**tungō* som nominativform og \**tungōn* som oblik form i urnordisk (1971: 125). Endinga *-ō* har regelrett gjeve *-a* i nominativ eintal, slik som i norrønt *tunga* f. ‘tunge’. I [10] ROSSELAND har vi genitivforma **agila-mu(n)don** med endinga *-ōn*. Vi reknar at *ō* framfor nasal utvikla seg til *u*, og etter (13) *n*-bortfall gjev det regelrett endinga *-u*, slik som i norrønt. Eit tilsvarande resonnement gjeld for infinitivane i *ōn*-konjugasjonen, jf. s. 52 nedanfor.

Dei nøytrale *an*-stammene, som i norrønt endar på *-a* i alle former i eintal, blir rekonstruerte med \**-an* i genitiv og dativ eintal, \**hertan*, men med \**-ō* i nominativ og akkusativ eintal, \**hertō*. Dette gjev likelydande former i norrønt, \**an* > *-a* ved (13) *n*-bortfall, og \**ō* > *a* ved (9) vokalomlegging. I alle formene av dette ordet kjem regel (6) bryting i tillegg.

Den lille gruppa av feminine *īn*-stammer har i norrønt inga bøyning i eintal og ingen belagte former i fleirtal. Kva som var tilfelle i urnordisk, kan vi ikkje avgjere. Denne gruppa har støtte i dei gotiske *ein*-stammene, t.d. *froei* f. ‘kunnskap’ (merk at i gotisk hadde *ei* uttalen [i:]). I gotisk hadde orda i denne stamma full bøyning i både eintal og fleirtal.

▷ *nd*-stammer

Denne gruppa er substantiverte presens partisipp, t.d. norr. *búandi* (el. *bóndi*), jf. *búa* vb. ‘bu’. I norrønt følgde bøyinga i eintal dei maskuline *an*-stammene, men i fleirtal gjekk dei som maskuline rotsubstantiv, t.d. *bóndr*. Det er ingen døme på *nd*-stammer i det urnordiske materialet, men dei er veldokumenterte i gotisk, t.d. *frijōnds* m. ‘ven’ (norrønt *frándi* m.), og dei svarar til substantiv på *-nt* i gresk og latin.

▷ *r*-stammer

Dei fem *r*-stammene er alle slektskapsord. Hit høyrer ieur. \**pætér* > urgerm. \**faðér* > norr. *faðir* m. ‘far’ (jf. s. 12 ovanfor). Dei fire andre er norrønt *bróðir* m. ‘bror’, *móðir* f. ‘mor’, *dóttir* f. ‘dotter’ og *systir* f. ‘syster’. Det er to døme på *r*-stammer i det urnordiske materialet, *swestar* f. nominativ eintal ‘syster’ (Opedal, ca. 400–450 e.Kr.) og *dohtrir* f. nominativ fleirtal ‘døtrer’ (Tune, ca. 400 e.Kr.). Om utviklinga frå urn. *swestar* til norr. *systir*, sjå Bjorvand og Lindeman (2007: s.v. *søster*).

▷ Rotsubstantiv (på konsonant og på vokal)

Rotsubstantiva er for det meste feminine, t.d. urn. \**bōkr* > norr. *bók* f. ‘bok’ og urn. \**mūsr* > norr. *mús* f. ‘mus’, medan nokre få er maskuline, t.d. urn. \**fōtr* > norr. *fótr* m. ‘fot’ og urn. \**naglR* > norr. *nagl* m. ‘negl’ (med assimilasjon og forkorting \**naglR* > \**nagll* > *nagl*). I eintal ser det ut til å ha vore analogisk utjamning mellom dei feminine rotsubstantiva og *ō*- og *i*-stammene, noko som gjev former som *bók* og *mús* i nominativ eintal, i staden for dei forventa formene \**bókr* og \**múss* (med assimilasjon *sr* > *ss*). Dei maskuline rotsubstantiva følgjer *u*- eller *a*-stammene. Ovanfor har vi døme på eit rotsubstantiv i [5] GÅRDLÖSA **wodr**, der bøyingsendinga *-r* er føydde rett til rota *wod-*.

Med tre unntak endar rota i alle rotsubstantiv på konsonant, jf. \**bōk-*, \**mūs-* og \**fōt-* ovanfor. Dei tre rotsubstantiva som har rotulyd på vokal, er tre hodyr: urn. \**kūr* > norr. *kýr* f. ‘ku’, urn. \**sūr* > norr. *sýr* f. ‘sugge’ og urn. \**awir* > \**ār* > norr. *ár* f. ‘søye’ (opp-havleg *i*-stamme, jf. latin *ovis*); dei har røtene *kū-*, *sū-* og *ā-* (i akkusativ eintal) på det norrøne språksteget. Endinga *-r* fører til at rotvokalen blir palatalisert, jf. regel (5).

Alle rotsubstantiva hadde i urnordisk endinga \*-ir i nominativ og akkusativ fleirtal, og får dermed (3) *i*-omlyd og endinga *-r* i norrønt, t.d. urn. \**bōkir* > norr. *bókr*, urn. \**fōtr* > norr. *fótr* og urn. \**kūir* > norr. *kýr*. I dei andre fleirtalsformene får dei ikkje *i*-omlyd, t.d. genitiv *bóka* og dativ *bókum*.

**Adjektiv**

Adjektiva hadde både sterke og svak bøying. Den sterke bøyinga hadde opphavleg same endingar som i vokalstammene blant substantiva, dvs. at det var både *a*-, *ō*-, *i*- og *u*-stammer i adjektivbøytinga. Dei to siste stammetypane gjekk etter kvart opp i *a*- og *ō*-stammene, men det finst døme på *i*-stammer i urnordisk, slike som adjektivet urn. *mārir* > norr. *márr* i [21] TANEM. Andre døme er urn. \**wānir* > norr. *vénn* ‘vakker’ og urn. \**tōkir* > norr. *tókr* ‘takande’. I tillegg er det fleire former i den norrøne adjektivbøytinga som må førast tilbake til demonstrativa, slik at resultatet er ei nokså blanda bøying. Her fører vi opp dei norrøne formene av den sterke adjektivbøytinga, og markerer med halv-

feit dei som kjem frå demonstrativa, dvs. norrønt *sá/sú/þat* ‘den/det’ og *sjá/þessi/þetta* ‘denne/dette’. Dei andre formene kan då førast tilbake til bøyninga av *a-* og *ō*-stammene.

▽	MASKULINE	FEMININE	NØYTRALE
SG.N.	<b>spakr</b> jf. <i>armr</i>	<b>spök</b>	<b>spakt</b> jf. <i>þat</i>
G.	spaks	spakrar	spaks
D.	<b>spökum</b> jf. <i>þessum</i>	<b>spakri</b>	<b>spöku</b>
A.	<b>spakan</b> jf. <i>þann</i>	<b>spaka</b>	<b>spakt</b>
PL.N.	<b>spakir</b> jf. <i>þessir</i>	<b>spakar</b>	<b>spök</b> jf. <i>lond</i>
G.	<b>spakra</b> jf. <i>þeira</i>	<b>spakra</b>	<b>spakra</b> jf. <i>þeira</i>
D.	spökum	jf. <i>ormum</i>	spökum
A.	spaka	jf. <i>arma</i>	spakar
		<i>*rúna</i>	<i>*rúna</i>
		jf. <i>rúnar</i>	jf. <i>lond</i>
		jf. <i>þeira</i>	jf. <i>þeira</i>
		jf. <i>rúnum</i>	jf. <i>londum</i>
		jf. <i>rúnar</i>	jf. <i>lond</i>

Akkusativ eintal i femininum, *spaka*, har den regelrette endinga *-a* i *ō*-stammene, *\*rūnō* > *\*rūna*. Som nemnt s. 42 ovanfor er denne forma endra ved analogi i substantivbøyninga, der akkusativ eintal har fått same form som nominativ eintal, *\*rūna* > *rún*.

Adjektiva hadde også svake former, som vi rett nok har svært få belegg på i urnordisk. Men **farauisa** ‘[den] ferkloke’ i [18] SJÆLLAND 2 er eit slikt døme. Vi må rekne med at det har vore eit tilsvarande samanfall i former i den svake adjektivbøyninga i urnordisk som i den svake substantivbøyninga.

Til liks med *ja-/jō-* og *wa-/wō*-stammene blant substantiva har enkelte adjektiv ein *j* eller *w* føre bøyingsendinga. Fram mot norrøn tid fell *j* og *w* i dei fleste stillingar. På det norrøne språksteget ser vi at *j* framleis står føre *a* og *u*, men ikkje føre *i* og konsonant (t.d. *miðjan* og *miðjum*, men *miðir* og *miðri* av *miðr* adj. ‘mellomst’), og at *v* (av urnordisk *w*) framleis står føre *a* og *i*, men ikkje føre *v* og konsonant (t.d. *folván* og *folvir*, men *folum* og *fols* av *fölr* adj. ‘bleik’). Som nemnt ovanfor gjev O.E. Haugen (2001: 86–88) ein synkron analyse av dette fenomenet i norrønt.

## Pronomen

I det urmordiske kjeldematerialet har vi berre overlevert to sikre personlege pronomen. Det eine er *ek*, som ved sida av *alu* (jf. [15] ELGESEM) er det mest frekvente ordet i materialet. Det førekjem ikkje mindre enn ni gonger i vårt little korpus: [5] GÅRDLÖSA, [9] HOGGANVIK, [12] GALLEHUS, [13] TUNE, [14] VALSFJORD, [16] NORDHUGLO, [17] KJØLEVIK, [20] BRATSBERG og [22] ETELHEM; i den siste innskrifta tolkar rett nok Krause ordet som akkusativen *m(i)k* ‘meg’. I enklitisk stilling førekjem *ek* eit par gonger, med forma *-ka* i [18] SJÆLLAND 2 *haitika*, dvs. *haiti-ka* ‘heiter eg’, og i ein amulett frå Lindholmen frå 500-talet e.Kr., *ha(i)teka*, dvs. *haite-ka*. Dativforma *mēr* ‘meg’ førekjem også i ei innskrift frå Opdal, Hordaland (ca. 400–450 e.Kr.).

## Determinativ

Det er fleire døme på determinativ i det urnordiske materialet. For det første er det demonstrativa **sa**, **þat**, **þaim** og **hin**, der det er lett å sjå sambandet med dei norrøne formene *sá*, *þat*, *þeim* og *hinn*. Det er ikkje overraskande ettersom desse urnordiske formene er frå unge innskrifter, [24] STENTOFTEN (600–650 e.Kr.) og Eggja (650–700 e.Kr.). Som nemnt ovanfor står desse innskriftene på grensa til det norrøne språksteget.

Dessutan er det nokre viktige og eldre døme på possessiv, nemleg fleire former av *urn.* \**mīn-* ‘min’. Dette ordet står m.a. i forma **minu** saman med adjektivet **liubu** til substantivet **swestar** i ei innskrift frå Opedal, Hordaland (ca. 400–450 e.Kr.), **swestar-minu|liubu** ‘mi kjære syster’. Dei to formene **minu** og **liubu** viser elles at endinga i nominativ eintal femininum var *-u* i urnordisk, slik som i ð-stammene. I [17] KJØLEVIK (ca. 450 e.Kr.) har vi akkusativ eintal **minino i maguminino** ‘sonen min’. Dette er ei utvida form, som ikkje utan vidare passar inn med den samtidige forma **minu** frå Opedal.

## Verb

Germansk og dermed også urnordisk hadde eit enkelt verbsystem jamført med andre indoeuropeiske språk, om ein ser på omfanget av dei bøygde formene. Det er berre to tempora, presens og preteritum, som kjem til uttrykk med eigne bøyingsendingar. Andre tider, t.d. perfektum og futurum, vart uttrykte med perifrastiske konstruksjonar, dvs. med hjelpeverb av typen *hafa* ‘ha’ og *munu* ‘skulle, vilje’, som desse verba heiter i norrønt. I tillegg har verba tre modi (indikativ, konjunktiv og imperativ), og dei har dessutan full person- og talbøyning.

Til liks med dei andre germanske språka har verba i urnordisk både svak og sterkt bøyning. I den svake bøyninga er det i suffikset råd å sjå restane av eit støtteverb med tydinga ‘gjere’. Det tilsvarande verbet kjenner vi att i moderne tysk *tun* og engelsk *do*. Dette *gjere*-verbet gav grunnlag for ei preteritumsdanning med eit dental-suffiks, realisert som *ð* i urnordisk, og i norrønt som *ð*, *d* eller *t*, avhengig av den føregående lyden. Den sterke bøyninga innebar eit skifte av rotvokalen etter avlyd, dvs. eit systematisk skilje mellom rotvokalane i dei ulike formene av verbet.

### A. STERK BØYING

Det er ikkje overlevert så mange sterke verb i urnordisk, men ein kan rekonstruere person- og talbøyninga, i alle fall i den 2. og 5. klassa, med \**biuðan* ‘by(de)’ og \**geðan* ‘gje’ som døme. Her er det god støtte i gotisk. Elles er det slåande kor tett denne rekonstruksjonen ligg opp til det norrøne; første kolonne nedanfor gjev den urnordiske forma og neste kolonne den norrøne. Her følgjer vi Krause (1971: 125–128), men med diftongen *iu* som gjennomgåande rotvokal i \**biuðan*. Merk at dei utlydande frikativane vart utsette for (19) utlydsherding i urnordisk, men at dei vart stemde igjen innan norrøn tid, nvgerm. \**bauð* [bauð] > *urn.* \**baup* [bauθ] > *norr.* *bauð* [bauð] og nvgerm. \**gaþ* [gaβ] > *urn.* \**gaf* [gaf] > *norr.* *gaf* [gav].

▽	2. klasse		5. klasse	
PRES.SG.	1. *biuðu	býð	*geþu	gef
	2. *biuðir	býðr	*giþir	gefr
	3. *biuðiþ	býðr	*giþiþ	gefr
PRES.PL.	1. *biuðumR	bjóðum	*geþumR	gefum
	2. *biuðiþ	bjóðið	*giþiþ	gefið
	3. *biuðan	bjóða	*geþan	gefa
PRET.SG.	1. *bauþ	bauð	*gaf	gaf
	2. *baust	bautst	*gaft	gaft
	3. *bauþ	bauð	*gaf	gaf
PRET.PL.	1. *buðum	buðum	*gáþum	gáfum
	2. *buðuþ	buðuð	*gáþuþ	gáfuð
	3. *buðun	buðu	*gáþun	gáfu

I vårt korpus er det to førekommstar av eit verb i 2. klasse, begge i presens 3. person eintal, *b<sup>a</sup>riutíþ* i [24] STENTOFSEN og det om lag samtidige *b<sup>a</sup>rūtr* i [25] BJÖRKETORP. I den siste forma ser vi at personendinga er gått fra *-iþ* til *-(i)r*, som peikar fram mot endinga *-r* i norrønt. Som nemnt ovanfor kan denne utviklinga vere resultat av ein assimilasjon i verb med rotutlyd på dental, *briutíþ* > \**briytt* > \**brýtt*, etterfølgd av analogi med endinga i 2. person, \**brýtt* > *brýtr* (Bjorvand 2010, sjå også Nielsen 2000: 263–264). Vidare er det døme på eit verb i 5. klasse, nemleg presens 1. person eintal *gíbu* ‘gjev’ i [18] SJÆLLAND 2. Som nemnt på s. 31 ovanfor reknar vi at verbet \**geþan* skulle ha rotvokalen *e* i 1. person eintal, og vi har derfor ført opp forma \**geþu* i paradigmet. Innan norrøn tid vart rotvokalen i dette verbet utjamna til *e* i heile presens.

I [18] SJÆLLAND 2 har vi også presens 1. person eintal **haitika** ‘heiter eg’ (med enklitisk pronomen) av det reduplicerande verbet \**haitan* ‘heite, vere kalla’. I dei reduplicerande verba vart preteritum danna ved oppattaking av rotstavinga frå presenssteget, som ein kan sjå i gotisk, *haitan* (infinitiv) – *haihait* (preteritum). Det er ikkje overlevert nokon preteritumsformer av dei reduplicerande verba i urnordisk, men om ein legg til grunn at den urnordiske preteritumsforma av \**haitan* var \**hehait*, må det ha vore både synkope og kontraksjon før ein kom fram til den norrøne forma *hēt*. I denne forma kan ein ikkje lenger sjå reduplikasjonen.

## B. SVAK BØYING

Det er heller ikkje overlevert så mange svake verb i det urnordiske materialet. Ein reknar tradisjonelt med fire klasser av svake verb:

	INFINITIV		PRETERITUM		
ō-konjugasjonen	*kallōn	kalla	kallōðē	kallaði	‘kalle’
ja-konjugasjonen	*waljan	velja	waliðē	valdi	‘velje’
ija-konjugasjonen	*dōmijan	dóma	dōmiðē	dómdi	‘døme’
ē-konjugasjonen	*dugēn	duga	dugiðē	dugði	‘duge’

Strengt teke er det berre tre klasser av svake verb i urnordisk, for det som her er kalla *ja-* og *ija-*-konjugasjonen, skil seg ikkje på anna vis enn det som følgjer av Sievers' lov (s. 45 ovanfor), nemleg at det står -*j*- etter kort rotstaving, \**waljan*, og -*ij*- etter lang rotstaving, \**dōmijan*. I paradigmet nedanfor ser vi at dei to konjugasjonane har like endingar i alle former. Men fram mot norrøn tid gjer (3) *i*-omlyd og (8) synkope så store utslag at resultatet blir to ganske ulike bøyingsklasser. På den andre sida fell *ē*-konjugasjonen i praksis saman med *ija*-konjugasjonen i norrønt. I ei synkron framstilling av norrønt kan ein då seie at *ō*-konjugasjonen lever vidare i *kasta*-klassa, *ja*-konjugasjonen i *telja*-klassa og *ija*- og *ē*-konjugasjonen i ei felles *dōma*-klasse (slik O.E. Haugen 2001: 177–182).

I infinitiven \**kallōn* må vi rekne med ei utvikling som omfattar (9) omlegging *ō* > *u* føre nasal og (13) *n*-bortfall til \**kallu*, og vidare med (4) *u*-omlyd til \**kollu*, jf. presens 1. person fleirtal \**kallōmr* > \**kallumr* > \**kallum* > *kollum*. Tilsvarande gjeld for avleiringa av forma *agilamu(n)don* i [10] ROSSELAND, urn. *-mundōn* > norr. *-mundu* (s. 27 ovanfor). Når infinitiven \**kallōn* har fått endinga *-a* i norrønt, *kalla*, må det vere ved analogi med dei andre infinitivsformene, både med den svake *ja*- og *ija*-konjugasjonen og med dei sterke verba. Infinitivsendinga *-a* i *ē*-konjugasjonen må like eins forklaast med analogi.

Ettersom bindevokalen (temavokalen) i norrønt er synkopert i alle klassene utanom den første, er dental suffikset *ð* utsett for ulike assimilasjoner, og kjem til uttrykk som *ð*, *d* eller *t* avhengig av føregående lyd. Her følgjer ein rekonstruksjon av bøyinga av *ja*- og *ija*-konjugasjonen med \**waljan* og \**dōmijan* som døme:

▽	<i>ja</i> -konjugasjonen		<i>ija</i> -konjugasjonen	
PRES.SG.	1. * <i>walju</i>	vel	* <i>dōmiju</i>	<i>dōmi</i>
	2. * <i>walir</i>	velr	* <i>dōmīR</i>	<i>dōmir</i>
	3. * <i>walip</i>	velr	* <i>dōmīp</i>	<i>dōmir</i>
PRES.PL.	1. * <i>waljumr</i>	veljum	* <i>dōmijumr</i>	<i>dōmum</i>
	2. * <i>walip</i>	velið	* <i>dōmīp</i>	<i>dōmið</i>
	3. * <i>waljan</i>	velja	* <i>dōmijan</i>	<i>dōma</i>
PRET.SG.	1. * <i>waliðō</i>	valda	* <i>dōmiðō</i>	<i>dōmða</i>
	2. * <i>waliðēR</i>	valdir	* <i>dōmiðēR</i>	<i>dōmðir</i>
	3. * <i>waliðē</i>	valdi	* <i>dōmiðē</i>	<i>dōmði</i>
PRET.PL.	1. * <i>waliðum</i>	voldum	* <i>dōmiðum</i>	<i>dōmðum</i>
	2. * <i>waliðuþ</i>	volduð	* <i>dōmiðuþ</i>	<i>dōmðuð</i>
	3. * <i>waliðun</i>	voldu	* <i>dōmiðun</i>	<i>dōmðu</i>

I vårt korpus har vi preteritumsformene *talgiðē* ‘telgte’ i [3] LUNDEGÅRDE, *tawiðē* ‘gjorde’ i [11] GARBØLLE og den noko yngre forma *sattē* i [23] GUMMARP. Alle desse formene står i 3. person eintal. I 1. person eintal av preteritum har vi formene *faihiðō* ‘malte’ i [8] EINANG, *tawiðō* i [12] GALLEHUS, *hlaiwiðō* ‘gravla’ i [17] KJØLEVIK, *wor<sup>a</sup>htō* ‘gjorde’ i [13] TUNE og den noko yngre forma *worta* i [22] ETELHEM, der vi har fått overgangen *ō* > *a* i personendinga.

## Lydovergangar fram mot det norrøne språksteget

I resten av dette kapittelet skal vi gje eit diakront oversyn over utviklinga fram mot det fullt utvikla norrøne språksteget, som ofte blir tidfest til perioden 1050–1350 e.Kr. og omtalt som yngre norrønt. Det er denne språkforma som vi elles møter i *Handbok i norrøn filologi*, både i normalisert ortografi (dei fleste kapitla) og i unormalisert ortografi (kap. 12 om gammalnorsk og gammalislandsks). Som nemnt i avsnittet om nordvestgermansk, er det nokre overgangar som skjer før den urnordiske perioden, nemleg (1) *a*-omlyd og (2) eldre *i*-omlyd, og i tillegg overgangen *ō* > *u* i unasalert utlyd. Dei kan tidfestast til dei første hundreåra e.Kr. Dei andre overgangane kom i tur og orden i den urnordiske perioden ca. 200–700 e.Kr., og særleg i løpet av yngre urnordisk eller synkopetida 500–700 e.Kr. Så ser det ut til at det skjedde mindre i den eldre norrøne perioden frå ca. 700 til 1050 e.Kr., men fritt for overgangar er det heller ikkje her.

Vi kan ikkje gje eit fullstendig oversyn i dette kapittelet, men tek med dei viktigaste overgangane, slik at vi kan forklare kva som skjer med orda i det korpuset vi har valt ut, og i det utsnittet av morfologien vi har sett opp. Vidare har vi valt å presentere overgangane systematisk, slik ein finn dei i dei store diakrone norrøne grammatikkane som Noreen (siste utg. 1923) og Iversen (siste utg. 1973). Men ettersom overgangane skjer over så lang tid – rundt 1000 år – har vi tidfest kvar overgang til dei språkhistoriske periodane vi sette opp i ill. 8, s. 19 ovanfor.

### Vokalsystemet

Dei største endringane skjedde i vokalsystemet, særleg som følgje av omlyd og synkope. Bakgrunnen for dette er den omlegginga av ordaksenten som skjedde i løpet av urgermansk tid. I det indoeuropeiske grunnspråket reknar vi med at aksenten kunne flytte seg i ordet under bøyninga, slik vi har dokumentasjon på frå m.a. sanskrit og klassisk gresk (jf. tekstboksen s. 10 ovanfor). Aksenten var truleg ein musikalsk aksent, dvs. eit skifte i tonehøgd mellom dei aksentuerte og dei uaksentuerte delane av ordet. Men det som ser ut til å skje i løpet av urgermansk tid, er at aksenten gjekk over til å bli ein trykkaksent, dvs. at dei aksentuerte delane av ordet fekk sterkare artikulasjon enn dei mindre aksentuerte delane. I tillegg feste trykket seg på den første stavinga i ordet. Resultatet vart at dei trykklette delane av ordet fekk mindre merksemd, og med tida kunne dei falle heilt bort. Det er denne prosessen som vi omtaler som synkope, og som saman med omlyden skapte ei formidabel omlegging: svært enkelt framstilt inneber desse prosessane at orda vart kortare (på grunn av synkopen), at det oppstår nye trykktunge vokalar (på grunn av omlyden) og at dei trykklette vart færre (på grunn av det svakare trykket). Hovudtyngda av denne utviklinga skjedde i perioden 500–700 e.Kr., som ikkje utan grunn er kalla synkopetida. Som så mange andre språklege utviklingar har ikkje dette vore ei uomgjengeleg utvikling; går vi t.d. til finsk, møter vi eit språk som ikkje har ein slik reduksjon (eller jamvel bortfall) av vokalane i trykklett stilling.

I det følgjande skal vi omtale overgangane så nokolunde i kronologisk orden, men fullstendig kronologi er det ikkje mogleg å få til. Fleire overgangar gjekk over lang tid, kan hende i skilde fasar, medan andre overgangar ser ut til å ha verka saman. Når det gjeld forholdet mellom omlyd og synkope, må vi forstå utviklinga slik at først skapte

omlyden nye vokalkvalitetar og deretter sytte synkopen for at mange av dei trykklette vokalane som forårsaka dei nye vokalkvalitetane, fall bort.

### Omlyd og bryting

Omlyd og bryting er blant dei viktigaste endringane som skjer under overgangen frå urnordisk til norrønt. Dei grip inn på eit svært område og fører til at dei fem urnordiske vokalane *i, e, a, o, u* blir utvida med fire nye, *y, ø, æ, œ*. Samstundes skaper omlyd og bryting eit stort innslag av indre bøyning i alle dei store bøyingsklassene (substantiv, adjektiv og verb), av typen *fjørðr – fjarðar – firði – fjørð* m. ‘fjord’. Desse formene hadde alle saman stamma \*ferþ- i urnordisk.

Omlyden heng også saman med synkopen på det viset at spiren til omlyden låg i ein assimilasjon som typisk var mellom ein trykklett vokal i ei endestaving og ein trykktung vokal i ei rotstaving. Så lenge endingsvokalen stod i ordet, vart ikkje rotvokalen oppfatta som ein ny vokal, men så snart endingsvokalen fall, vart rotvokalen oppfatta med sin nye valør, dvs. som eit nytt fonem. Etter regel (8) fall alle endingsvokalar som var korte og unasalerte. Nytolkinga av rotvokalar som stod framfor bortfalne endingsvokalar, gav då som resultat dei fire nye vokalane *y, ø, æ, œ*. I normalisert norrønt framstår desse omlydane som systematisk gjennomførte, men om vi går til primærkjeldene, ser vi at dei var sterkest gjennomførte i vest. Sjå meir om dette i Hagland (2003: 618).

#### (1) A-omlyd || NORDVESTGERMANSK

Ved *a*-omlyd skjer det ei *lågning* av dei høge rotvokalane *i* og *u* under påverknad av ein etterfølgjande *a* eller ein annan låg vokal, slik som *ō*. *A*-omlyden råka ikkje dei lange vokalane *ī* og *ū*, og han råka heller ikkje høge rotvokalar føre nasalgrupper, t.d. *nvgerm. \*hundaz > urn. hundar* m. ‘hund’ (jf. [4] HIMLINGØJE ovanfor). I den følgjande oppstillinga er den første forma i kvar rekkje urgermansk, den andre nordvestgermansk og den tredje urnordisk:

i > e	*wiraz > *weraz > *werar	► <i>verr</i> m. ‘mann’, jf. lat. <i>vir</i> m. ‘mann’
u > o	*hurnan > *horna > horna [akk.sing.]	► <i>horn</i> n. ‘horn’
	*hurnōn > *horna > *horna [gen.plur.]	► <i>horn</i> n. ‘horn’

I oppstillinga ovanfor (og mange stader seinare i kapittelet) fører vi opp lydutviklinga i fleire steg. Dei formene som viser den gjeldande regelen, står då i blå skrift. Den vidare utviklinga av urn. \*werar til norr. *verr* og urn. *horna* til norr. *horn* følgjer av reglane (8) og (21) nedanfor. Vi følgjer elles den konvensjonen at vi nyttar *w* i urnordisk (og eldre germansk) for den labiale halvvokalen og *v* i norrønt, såleis urn. \*werar > norr. *verr*.

	fremre	bakre
høge	i ī	u ū
mellomhøge	e ē	o ō
låge	a ā	

Ill. 14. A-omlyden innebar lågning av kort i og kort u.

Vi reknar med at *a*-omlyden har vore verksam i perfektum partisipp av mange sterke verb, t.d. urgerm. \**brutanaz* > nvgerm. \**brotanaz* > urn. \**brotanar* av urn. \**briutan* vb. 'bryte'. Etter denne avleiringa må perfektum partisipp ha enda på *-anar* i urnordisk, men i andre verb finst det sikre døme på endinga *-inar*, t.d. i urn. *slaginar* > norr. *sleginn* av *slá* vb. 'slå'. Innan norrøn tid ser det ut til at endinga er analogisk utjamna til *-inn* i alle former, *brotinn* og *sleginn*.

I norrønt er også andre vekslingar som følgjer av *a*-omlyden oppheva ved analogi. Såleis har ord som *holt* n. og *horn* n. fått rotvokalen *o* i alle bøyingsformer, endå om dei opphavleg må ha hatt *u* i enkelte former (jf. s. 39 ovanfor). *A*-omlyden slo heller ikkje like sterkt gjennom over heile det nordiske språkområdet. Derfor heiter det framleis *hult* i svensk og *holt* i norsk.

## (2) Eldre *i*-omlyd || NORDVESTGERMANSK

Hevinga av *e* til *i* blir ofte rekna saman med dei andre *i*-omlydane, men for det første er han eldre enn den seinare *i*-omlyden og for det andre fører han til ei heving, ikkje ei framskiving av rotvokalen. Dermed har den eldre *i*-omlyden ein interessant parallel til (1) *a*-omlyd, nemleg at i begge tilfelle er det tale om ei vertikal forskyving; ved *a*-omlyden er det *lågning*, ved den eldre *i*-omlyden som nemnt *heving*. Den utløysande faktoren i den eldre *i*-omlyden ser likevel ut til å ha vore den same som ved den seinare *i*-omlyden, nemleg ein *i* eller *j* i etterfølgjande staving. Eit mykje brukta døme er presens 3. person eintal \**esti* 'er' i urgermanskt som går til \**isti* i nordvestgermanskt og til *ist* i urnordisk (Vetterland, Rogaland, ca. 300–350 e.Kr.). I dei følgjande døma er den første forma i kvar rekkje urgermanskt, den andre nordvestgermanskt og den tredje urnordisk:

- |                     |  |                          |
|---------------------|--|--------------------------|
| <i>e</i> > <i>i</i> | <i>*weniz</i> > <i>*winiz</i> > <i>*winiR</i>    | <i>vinr</i> m. 'ven'     |
|                     | <i>*setjan</i> > <i>*sitjan</i> > <i>*sitjan</i> | <i>sitja</i> vb. 'sitja' |

I det andre dømet skjer det inga endring frå nordvestgermanskt til urnordisk. Utviklinga av urn. \**sitjan* til norr. *sitja* følgjer elles av regel (13), og urn. \**winiR* til norr. *vinr* av reglane (8) og (21).

## (3) I-omlyd || YNGRE URNORDISK

Ved *i*-omlyd blir bakre rotvokalar *framskuva* (palataliserte) under påverknad av ein etterfølgjande *i* eller *j*. *I*-omlyden råka dei korte og dei lange bakre vokalane i alle tre høgder. Dette førte til oppkomsten av ei rekkje nye fremre vokalar, som etter kvart fekk status som sjølvstendige fonem – /y/, /ȳ/, /ø/, /ȳ/, /æ/, /ȳ/. Denne regelen trer i kraft under overgangen frå urnordisk til norrønt, så den første forma i kvar rekkje er då ei urnordisk form. I nokre tilfelle kjem ein rett fram til den norrøne forma, men ofte ligg det fleire mellomliggende former mellom den urnordiske og den norrøne forma.

u > y	*fullijan > *fullija > <b>fylla</b>	► <i>fylla</i> vb. ‘flytte’
ū > ȳ	*hūsijan > *hūsija > <b>hýsa</b>	► <i>hýsa</i> vb. ‘hyse’
o > ø	*hnotir > *hnøtir > *hnøtr > hnøtr [nom.pl.]	► <i>hnot</i> vb. ‘nøtt’
ō > ȳ	*bōtijan > *bōtija > *bȳtija > bȳta	► <i>bȳta</i> vb. ‘bøte’
a > æ > e	<i>gastir</i> > *gæstir > *gæstr > gestr	► <i>gestr</i> m. ‘gjest’
ā > ȳ	*sārijan > *sārija > *sārija > sāra	► <i>sára</i> vb. ‘såre’
au > æy > ey	*brautijan > *brautija > *bræytija > *bræyta > breyta	► <i>breyta</i> vb. ‘brøyte’

		fremre		bakre	
		urunda	runda	urunda	runda
høge	i í	y ȳ		u ū	
mellomhøge	e ē	ø ȳ		o ō	
låge	æ ȳ		a ā		

Ill. 15. I-omlyden innebar framskuving av bakre vokalar.

Den lyden som vi her noterer med ‘æ’, vart i handskriftene ofte skiven som ‘e’ (*e med kvist* eller *e caudata*) etter mønster av mellomalderlatinske handskrifter. Overgangen *a* > *æ* > *e* er tilsynelatande eit unntak frå den horisontale framskuvinga, med di *a* er låg og *e* mellomhøg etter oppstillinga i ill. 15. Det første steget i overgangen *a* > *æ* er regelrett på det viset at begge vokalane er låge. Avviket oppstod i løpet av 1100-talet, då den låge *æ* og den mellomhøge *e* fall saman i islandsk. Den nye lyden, som vi noterer som ‘e’, vart dermed den nye, ikkje-høge partnaren til *a* blant dei fremre vokalane i klassisk norrønt. I norsk er situasjonen noko annleis; her ser det ut til at *e* og *æ* vart haldne frå kvarandre lenger, jf. Hagland (2013: 623).

Tilsvarande er *au* > *æy* > *ey* ei utvikling som reflekterer samanfallset mellom *æ* og *e*. Ettersom *y* er runda, vart den første delen av diftongen også runda, *ey* > *øy*, og i norske

handskrifter er han ofte skiven *øy*. Islandsk ser ikkje ut til å ha fått denne rundinga, og *ey* fall der saman med *ei* samtidig med at *y* fall saman med *i* (itakisme). I den norrøne normalortografiens blir *ey* brukt gjennomført.

*I*-omlyden er ikkje gjennomført i alle ord. Hovudregelen er at *i*-omlyden er gjennomført etter lang rotstaving, men ikkje etter kort. I tillegg er det slik at *j* ser ut til å ha verka sterkare *i*-omlyd enn *i*, og dermed er det ein del ord med kort rotstaving som har fått omlyd. Desse gruppene kan setjast opp etter fallande grad av gjennomføring av *i*-omlyden (i samsvar med Grønvik 1998: 49–50):

(a) Ord med både kort og lang rotstaving + *j* får alltid *i*-omlyd:

- \**flatja* > *flet* n. ‘golv’ || kort rotstaving: *-at-*
- \**kunja* > *kyn* n. ‘slekt’ || kort: *-un-*
- \**daujan* > *deyja* vb. ‘døy’ || lang rotstaving: *-au-*
- \**maujōR* > *meyjar* nom. plur. av *mey* f. ‘møy’ || lang: *-au-*

Dette blir ofte omtalt som *j*-omlyd, men ettersom verknaden er den same, har vi slått han saman med *i*-omlyden. Merk at vi ikkje tek med konsonantane føre vokalen når vi reknar stavingslengda.

(b) Ord med lang rotstaving får *i*-omlyd både ved bortfallen *i* (dei to første døma) og ved ståande *i* (dei to neste):

- gastir* > *gestr* m. ‘gjest’ || lang: *-ast-*
- \**talgiðē* > *telgði* pret. av *telgja* vb. ‘telgje’ || lang: *-alg-*
- \**gastīR* > *gestir* nom. plur. av *gestr* m. || lang: *-ast-*
- \**wandīR* > *vendor* nom. plur. av *vondr* m. ‘kvist’ || lang: *-and-*

Tilsynelatande unntak er m.a. \**sauðir* > *sauðr* m. ‘sau’ og \**fundir* > *fundr* m. ‘møte’. Til det siste ordet finst det også ei *i*-omlydd form, *fyndr* m. ‘møte’. Derimot er det ikkje kjent noko døme på \**seyðr* m., men det er mogleg at den ikkje-omlydde rotvokalen kan forklarast ved ein analogi frå t.d. genitiv eintal, urn. \**sauðāR* > norr. *sauðar*. I eldre gotlandsk har dette ordet omlydd form, *soybr* m.

(c) Ord med kort rotstaving får *i*-omlyd etter opphavleg lang *ī* (det første dømet) og etter stående, kort *i* (det andre dømet):

- \**glaðin* > *gleði* f. ‘glede’ || kort: *-að-*
- \**katilar* > *ketill* m. ‘kjele’ || kort: *-at-*

Lang *ī* blir forkorta etter regel (9), men fell ikkje bort. Når kort *i* blir stående i \**katilar*, er det fordi det er den siste vokalen i ordet som blir ramma av synkopen.

(d) Ord med kort rotstaving får *i*-omlyd når *i* står saman med *r* (også kalla *ir*-omlyd, jf. Skomedal 1980: 121):

- \**takir* > *tekr* 2. pers. sing. pres. av *taka* vb. ‘ta’ || kort: *-ak-*
- \**sofir* > *søfr* 2. pers. sing. pres. av *sofa* vb. ‘sove’ || kort: *-of-*

Presensformer av langstava verb får også *i*-omlyd, men då i samsvar med type (b) ovanfor, t.d. \**standir* > *stendr* av *standa* vb. ‘stå’, \**sūpir* > *sypr* av *sípa* vb. ‘supe’.

(e) Ord med kort rotstaving får **ikkje** *i*-omlyd ved bortfallen *i* i utlyd:

\**staði* > *stað* akk. sing. av *staðr* m. ‘stad’ || kort: -*að*-

\**buli* > *bul* akk. sing. av *bulr* m. ‘kropp’ || kort: -*ul*-

(f) Ord med kort rotstaving får **ikkje** *i*-omlyd ved bortfallen *i* i innlyd:

\**taliðō* > *talda* pret. av *telja* vb. ‘telje’ || kort: -*al*-

\**katilōr* > *katlar* nom. plur. av *ketill* m. ‘kjele’ || kort: -*at*-

\**Agiłē* > *Agli* dat. sing. av *Egill* m. prop. || kort: -*ag*-

I desse trestavingsorda er den siste vokalen lang og fell derfor ikkje på grunn av synkopen, men blir forkorta etter regel (9). Synkopen råkar derimot den mellomste vokalen, jf. regel (8).

#### (4) U-omlyd || YNGRE URNORDISK OG NORRØNT

Ved *u*-omlyd blir urunda vokalar *runda* under påverknad av ein etterfølgjande *u* eller *v* (notert som *w* i urnordisk). *U*-omlyden råka særleg dei låge vokalane *a* og *ā*, og då det ikkje fanst nokon runda, låg vokal i urnordisk, oppstod det to nye vokalar, som vi her gjev att med teikna *ø* og *ø̄*. Denne overgangen er markert med ei heiltrekt pil i ill. 16. *U*-omlyden råka også andre urunda vokalar, særleg *i* og *e*, men det skjedde berre i samband med halvvokalen *w*. I ill. 16 er desse overgangane markerte med stipla piler.

<i>i</i> > <i>y</i>	* <i>singwan</i> > * <i>singwa</i> > * <i>syngwa</i> > <i>syngva</i>	► <i>syngva</i> vb. ‘syngje’
<i>e</i> > $\emptyset$	* <i>sinkwan</i> > * <i>sinkwa</i> > * <i>sekkwa</i> > * <i>søkkwa</i> > <i>søkkva</i>	► <i>søkkva</i> vb. ‘søkke’
<i>a</i> > <i>ø</i>	* <i>landu</i> > <i>lønd</i> [nom. plur.]	► <i>land</i> n. ‘land’
<i>ā</i> > <i>ø̄</i>	* <i>sāru</i> > <i>sōr</i> = <i>sár</i> [nom. plur.]	► <i>sár</i> n. ‘sår’

fremre		bakre	
urunda	runda	urunda	runda
<b>høge</b>	<i>i</i> <i>ī</i> -----> <i>y</i> <i>ȳ</i>		<i>u</i> <i>ū</i>
<b>mellomhøge</b>	<i>e</i> <i>ē</i> -----> <i>ø</i> <i>ø̄</i>		<i>o</i> <i>ō</i>
<b>låge</b>	<i>æ</i> <i>ǣ</i>	<i>a</i> <i>ā</i> -----> <i>ø</i> <i>ø̄</i>	

Ill. 16. U-omlyden inneber runding av urunda vokalar.

I eksemplet \**sinkwan* > *søkkva* får vi også senking av *i* til *e* framfor assimilasjon *nk* > *kk*, jf. regel (19). I engelsk *sink* vb. ‘søkke’ har rotvokalen halde seg uendra.

I løpet av 1200-talet fall *ā* og *ō* saman i ein runda, bakre lyd, først i islandsk og litt seinare i norsk. I den norrøne normalortografin er teiknet *á* brukt for dette samanfallet, og dermed blir *u*-omlyd av *ā* usynleggjord. *U*-omlyden kjem etter dette berre til uttrykk ved den korte vokalen: *ormum* av *armr*, men *málum* (ikkje *mólum*) av *mál*. I attgjeving av skaldedikt frå før samanfallet plar ein likevel skilje mellom *ā* og *ō*, ettersom dette skiljet har konsekvensar for innrima i dikta (jf. Mundal 2013: 392).

#### (5) *r*-palatalisering || YNGRE URNORDISK

Vokalar som i urnordisk stod rett føre *r*, vart *framskuva*. Det er same verknad som *i*-omlyden, så ein møter tradisjonelt nemninga *r*-omlyd. Her følgjer eit par av mange døme.

a > æ > e	* <i>kara</i> > * <i>kæra</i> > * <i>kær</i> > ker	► <i>ker</i> n. ‘kar’
ū > ū	* <i>kūr</i> > * <i>kȳr</i> > <i>kýr</i> = <i>kýr</i>	► <i>kýr</i> f. ‘ku’

Som nemnt i samband med regel (21) nedanfor var *r* truleg ein rulla friktiv. I så fall har han hatt ein palatal karakter og på det viset ført til at den føregåande vokalen vart skuva framover. Det er såleis tale om ein regressiv assimilasjon, av same type som omlydane (men medan desse for det meste var fjernassimilasjonar, var *r*-palataliseringa ein kontaktassimilasjon).

#### (6) Bryting || YNGRE URNORDISK OG NORRØNT

Kort, trykktung *e* i urnordisk vart i bestemte omgjevnader broten til *ja* eller *jø*, dvs. at han vart diftongert til *j* + ein bakre vokal. Bryting kjenneteiknar nordisk og engelsk til skilnad frå tysk, som vi framleis ser av former som *Erde* og *Herz* i tysk, mot *jord* og *hjarte* i nordisk, *earth* og *heart* i engelsk. Brytinga vart ikkje like konsekvent gjennomført i heile det nordiske språkområdet, men er sterkest i aust. Dette ser vi av moderne former som *stela* i vestnordisk og austnordiske former som *stjæle* (austnorsk) og *stjäla* (svensk).

Tradisjonelt taler ein om *a*-bryting *e* > *ja* og *u*-bryting *e* > *jø*. Regelen seier at brytinga råkar kort, trykktung *e* i ei rotstaving når det kjem ein trykklett *a* eller *u* i den etterfølgjande stavinga. Det er såleis ein prosess som minner mykje om omlyden:

e + a > ia > ja	* <i>hertō</i> > * <i>herta</i> > <i>hjarta</i>	► <i>hjarta</i> n. ‘hjarte’
e + u > io > jø	* <i>erþu</i> > * <i>iorþu</i> > * <i>iorþ</i> > <i>jørð</i>	► <i>jørð</i> f. ‘jord’

Her skal vi legge til grunn ei anna forklaring av brytinga, framført av Helge Dyvik (1978), og som er ei vidareutvikling av den eldre forklaringa til Hermann Paul (1879). Etter denne forklaringa blir det gjort eit skilje mellom konsonantisk og vokalisk bryting. Konsonantisk bryting inneber at i lange stavingar blir kort, trykktung *e* broten framfor *r* eller *l* + annan konsonant, truleg også framfor *bn*, men ikkje dersom stavinga var innleidd av *w* eller det stod ein trykklett *i* i den etterfølgjande stavinga. Vokalisk bryting inneber at i korte stavingar skjer brytinga framfor *ō* (som seinare utviklar seg til *u*), men

heller ikkje her dersom stavinga var innleidd av *w*. Felles for både den konsonantiske og den vokaliske brytinga er at ho skjer innanfor same trykkeininga, anten vokal + lang konsonant (konsonantsamband), eller vokal + kort konsonant + vokal. I alle tilfelle blir brytingsdiftongen *ja*. I døma nedanfor er trykkeininga avgrensa med ein loddrett strek. Der det står ein trykklett *u* i den påfølgjande stavinga, går diftongen til *jø* ved (4) *u*-omlyd.

(a) Konsonantisk bryting

- \*berg|an > bjarga st.vb. ‘berge’ med (13) *n*-bortfall  
\*skeld|ur > skjøldr m. ‘skjold’ med (4) *u*-omlyd og (8) synkope

(b) Vokalisk bryting

- \*skelōn| > skjala sv.vb. ‘snakke’ ðn > a truleg ved analogi  
\*gebō| > \*gebu > gjøf f. ‘gåve’ med (4) *u*-omlyd

(c) Inga bryting

- \*hwer̥ban > hverfa st.vb. ‘vende’ ikkje når den trykktunge stavinga er innleidd av *w*  
\*helpir > helpr st.vb. ‘hjelpe’ ikkje når den etterfølgjande stavinga er innleidd med *i*,  
og det oppstår *i*-omlyd

Infinitivar av sterke verb kan sjå ut som motdøme på brytingsregelen, t.d. \*neman > nema st.vb. ‘ta’. Men i urnordisk var endingsvokalen i dette og andre sterke verb *a*, ikkje ð, som i svake verb av ð-konjugasjonen, \*skelōn > skjala. Dermed vart det ikkje noko bryting. At infinitiven av eit sterkt verb som *bjarga* har bryting, kjem av at det her er konsonantisk bryting. Når verb som \*skelōn får endinga -a i infinitiv, og ikkje -u, som ein kunne vente, er dette vanlegvis forklart ved analogi, jf. omtalen av dei svake verba s. 52 ovanfor.

Som nemnt ovanfor er det vanleg å skilje mellom to typar av vokalisk bryting: *a*-bryting, som i urn. \*herta > norr. hjarta, og *u*-bryting, som i urn. \*erþu > norr. jørð. Etter den forklaringa som er gjeven her, blir den siste utviklinga å forstå som eit sekundært utslag av (4) *u*-omlyd, dvs. at det som er felles i \*herta og i \*erþu, er bryting på grunnlag av trykktung *e* + *r* + konsonant, \*herta > hjarta og \*erþu > \*iarþu. Så får ein i neste omgang *u*-omlyd i enkelte av formene, t.d. i nominativ eintal \*iarþu > jørð (men ikkje i genitiv eintal \*iarþōr > jarðar).

Den brytingsteorien som er framlagt her, gjeld vestnordisk. I austnordisk var vilkåra for bryting noko meir generelle, og her må ein truleg også rekne med bryting i samband med *a*. Eit sentralt døme på dette er det personlege pronomenet i 1. person eintal, som i heile runekorpuset har forma *ek*, utanom i den etterstilte forma -(i)ka eller -(e)ka, jf. s. 49 ovanfor. Dette pronomenet er ikkje utsett for bryting i det vestnordiske området, jf. norrønt *ek* og moderne norsk *eg* (og *a*, *i*), men i det austnordiske området finn vi former som *jak* og seinare *jeg* (og *je*).

## Nasalering

I kontakt med dei nasale konsonantane *m* og *n* (og *ng*) skjer det ofte at vokalen tek farge av konsonanten. Dette må ha vore tilfellet i urnordisk, og i dei tilfella då nasalen fall bort, tok vokalen vare på nasaliteten, t.d. urnordisk \**drepan* > tidleg norrønt \**drepā*. Dette er ein prosess som minner om omlyden – først når den omlydsskapande vokalen fall under synkopen, vart den omlydde vokalen kjend med sin nye kvalitet. Forfattaren av den islandske *Første grammatiske avhandling* frå midten av 1100-talet nemner mange døme på nasalering, t.d. *hār* m. ‘hai’ (lang nasal rotvokal) vs. *hār* n. ‘hår’ (lang oral rotvokal). Det første ordet blir rekonstruert som \**hanhar* i urnordisk, det andre som \**hāra*, og det er den bortfalne nasalen i det første ordet som forklarer at rotvokalen enno vart forstått som nasal i islandsk på 1100-talet. Forfattaren av den grammatiske avhandlinga hevdar at det var ein systematisk skilnad mellom oral og nasal uttale ved alle dei ni vokalane i islandsk. Det har rett nok vore peika på at opposisjonen mellom orale og nasale vokalar berre galdt ved dei *lange* vokalane, slik som dømet ovanfor, *hār* vs. *hār*, medan dei korte nasale vokalane berre ser ut til å opptre i samband med nasale konsonantar (jf. Hreinn Benediktsson 1972: 134–135). Bortsett frå omtalen i *Første grammatiske avhandling* er det ikkje spor av nasalitet i dei eldste islandske handskriftene, som er daterte til midten av 1100-talet. Forklaringsa er truleg at opposisjonen mellom orale og nasale vokalar fall i islandsk om lag på same tid som avhandlinga vart forfatta, dvs. i løpet av 1100-talet, og at han dermed ikkje er fanga opp i dei skriftlege kjeldene.

I norsk skjedde bortfallet av nasalitet truleg noko tidlegare enn i islandsk. Det einaste sporet vi har av nasale vokalar i eldre norsk, er skiljet mellom den nye *a*-runa, \*, og den gamle *a*-runa, †, der den nye vart teken i bruk for oral *a* og den gamle kom i ny bruk for nasal *a*. Denne overgangen skjedde i yngre urnordisk tid, jf. omtalen av [23] GUMMARp ovanfor. Skiljet mellom dei to *a*-runene heldt seg til midten av 1000-talet i norsk (jf. Seim 2013: 151). Det er grunn til å tru at også andre vokalar kunne vere nasale, men at dette ikkje vart reflektert i runeskrifta. I det yngre runealfabetet var det berre fire vokalteikn, l i, n u og dei nemnde \* a og † a (seinare med fleire variantar, m.a. teikna l a og † a). Dermed var det mange opposisjonar som rett og slett ikkje kom til uttrykk.

### (7) Nasalering av vokalar || YNGRE URNORDISK

Nasaleringa omfatta truleg alle dei fem vokalane i urnordisk, og ho oppstod når vokalen stod i kontakt med ein *m* eller *n*. Seinare har desse nasale konsonantane ofte falle bort, medan vokalen vart ståande. Her skal vi berre gje døme med vokalen *a*, først i trykktung stilling, deretter i trykklett.

a > ã > a <i>trykktung</i>	* <i>gans</i> > * <i>gāns</i> > * <i>gās</i> > <i>gās</i> = <i>gás</i>	► <i>gás</i> f. ‘gås’
a > ã > a <i>trykklett</i>	* <i>takan</i> > * <i>takā</i> > <i>taka</i>	► <i>taka</i> vb. ‘ta’

I det første dømet blir vokalen forlengd etter at nasalen har falle, *an* > ã (“erstatningsforlenging”).

Nasaleringa vart som nemnt oppheva i klassisk norrønt før 1200-talet, men er viktig å kjenne til, fordi ho fekk så store følgjer for synkoperingsprosessen, jf. reglane (8) og (9) nedanfor. I denne framstillinga noterer vi nasalering ved vokalar berre når det er nød-

vendig for resonnementet; i anna fall sløyfar vi notasjonen, t.d. urn. \**takan* > norr. *taka* vb. i staden for *takā* vb.

### Synkopering, forkortning og omlegging av trykklette vokalar

I urnordisk var det som nemnt fem vokalar i trykktung stilling, *i, e, a, u, o*, og dei kunne alle vere både korte og lange. I trykklett stilling var det færre vokalar; her skal vi rekne med fire lange vokalar, *ī, ē, ā, ō*, og tre korte *i, a, u* (men som nemnt s. 36 ovanfor er det ikkje semje om kor mange trykklette vokalar det var). Etter synkopen var dei lange, trykklette vokalane blitt forkorta, og dei korte hadde falle bort. Dei trykklette vokalane kunne då berre vere korte, og det ser ut til at det lange og det korte trykklette systemet fall saman i dei tre korte vokalane *i, a, u*.

Synkope blir ofte brukt om større reduksjonar av ord enn berre bortfall av enkeltståande lydar. Her skal vi dele synkopen i denne vidare forstand i tre slag: først bortfallet av korte, trykklette vokalar i regel (8), deretter forkortinga av lange, trykklette vokalar i regel (9) og til slutt forkortingar som også innebar endring i vokalkvaliteten, dvs. *ē* > *i* og *ō* > *a* i regel (10). I nokre ord verkar synkope og forkorting i fleire omgangar, så vi avrundar med å gje eit oversyn over dei mest komplekse overgangane, typen \**flatja* > *flet*, \**raunija* > *reyni* og \**raunijō* > *reyna*.

#### (8) Bortfall av korte, trykklette og unasalerte vokalar || YNGRE URNORDISK

Korte, trykklette og unasalerte vokalar fall heilt bort i løpet av synkopetida. Ofte kom det omlyd i tillegg til synkopen, slik at rotvokalen vart endra. I desse døma, der Ø er brukt som null-symbol, har *i* og *u* i tillegg skapt (3b) *i*-omlyd *a* > *æ* og (4) *u*-omlyd *a* > *ø*:

<i>i</i> > Ø	<i>gastir</i> > * <i>gæstir</i> > * <i>gæstr</i> > <i>gestr</i>	► <i>gestr</i> m. ‘gjest’
<i>a</i> > Ø	* <i>līna</i> > <i>līn</i>	► <i>līn</i> n. ‘lin, linklede’
<i>u</i> > Ø	* <i>magur</i> > * <i>mogr</i> > <i>mogr</i>	► <i>mogr</i> m. ‘son’

Når den korte og trykklette *a* ikkje fall i infinitiv av verb, som t.d. \**drepan* st.vb. ‘drepe, slå’, er det fordi han vart nasalert av *n* før denne fall bort etter regel (13) *n*-bortfall, \**drepan* > \**drepā* > *drepa*. Det same gjeld i akkusativ fleirtal av *a-*, *i-* og *u*-stammene, t.d. \**gastin* > \**gastī* > *gesti* av *gestr* m.

#### (9) Forkorting av lange, trykklette vokalar || YNGRE URNORDISK

Lange, trykklette vokalar blir forkorta, det òg i synkopetida. Om vi tenkjer oss at ein lang vokal har to einingar, og at ein kort vokal har éi eining, inneber reglane (8) og (9) at dei trykklette vokalane blir reduserte med éi eining. Dermed fell den korte vokalen bort, og den lange blir forkorta. Slike vokaleiningar blir omtalte som *morae* (eintal *mora*).

<i>ī</i> > <i>i</i>	* <i>tīðir</i> > <i>tīðir</i>	[nom. plur.]	► <i>tīð</i> f. ‘tid’
<i>ā</i> > <i>a</i>	* <i>sauðār</i> > <i>sauðar</i>	[gen. sing.]	► <i>sauðr</i> m. ‘sau’

(10) Forkorting og omlegging av lange, trykklette vokalar || YNGRE URNORDISK

Den lange, trykklette ē vart også forkorta i synkopetida, men gjekk til i ettersom det ikkje var nokon kort, trykklett e i norrønt. Av dei tre trykklette vokalane i, a, u var i den nærmaste kandidaten til e. Vi omtaler denne prosessen som forkorting og omlegging.

ē > i      \*armē > armi      [dat. sing.]      ▶ armr m. ‘arm’

Den lange, trykklette ō er vårt *enfant terrible*. Ovanfor s. 16 har vi sett at i nordvestgermanskt gjekk ō i rein utlyd til u, t.d. urgerm. \*manō > nvgerm. \*manu f. ‘man, nakkehår på hest’. I paradigmet for dei feminine ō-stammene s. 42 legg vi til grunn at dette har skjedd i nominativ eintal i urnordisk, som blir rekonstruert som \*rūnō > \*rūnu. Denne overgangen ligg altså før dei overgangane vi set opp her. Ved utgangen av synkopetida var situasjonen at det ikkje lenger var nokon kort, trykklett o, slik at når ō vart utsett for synkope, kunne han ikkje berre forkortast, men måtte også omleggjast. Den nærmaste kandidaten til o var a, og i dei fleste stillingar gjekk trykklett ō til a:

ō > a      \*manōr > \*manar > manar [nom. og akk. plur.]      ▶ mən f. ‘man’

Framfor nasalar vart ō derimot heva til u. Også i andre samanhengar ser vi at nasalar kan verke hevande eller motverke senking. Derfor har rotvokalen halde seg som u i perfektum partisipp av sterke verb med nasal, t.d. *spunnit* av *spinna*, mot *brotit* av *brjóta*.

ō > u      \*kallōmr > \*kallumr > \*kallum > kóllum [1p.pl. pres.]      ▶ kalla vb. ‘kalle’  
\*kastōn > \*kastun > \*kastu > \*kostu [inf.]      ▶ kasta vb. ‘kaste’  
\*tungōn > \*tungun > tungu [akk.sg.]      ▶ tunga f. ‘tunge’

I det første dømet hindrar r at m fell, \*kallumr > \*kallum, men i det andre dømet er det ikkje noko som kan forhindre n-bortfallet, \*kastun > \*kastu. Når infinitivsforma får endinga -a, kasta, må vi forklare dette ved analogi (jf. s. 52 ovanfor).

Bortfall og forkorting i kombinasjon || YNGRE URNORDISK

Reglane (8), (9) og (10) er tilstrekkelege til å forklare dei overgangane som skjedde i synkopetida. Men i enkelte ord opptrer reglane i kombinasjon, særleg i stammer med -j-, -ij- og -w-. I desse stammene kunne halvvokalen j bli vokalisert til i, og halvvokalen w til u, dersom dei vart ståande i utlyd. Det er ein prosess som var omtalt allereie i sanskritgrammatikken som *samprasāraṇa*.

SYNKOPE + VOKALISERING + SYNKOPE

ja > i > Ø      \*flatja > \*fletja > \*fleti > flet      ▶ flet n. ‘golv’

Etter (3a) i-omlyd vart a synkopert etter regel (8), og halvvokalen j vart deretter vokalisert til i. Denne vokalen vart så utsett for synkope etter regel (8), og ja fall dermed heilt bort. Tilsvarande kunne halvvokalen w bli vokalisert til u og deretter falle heilt bort, t.d. \*arhwu > \*arwu > \*qrwu > \*qrū > qr f. ‘pil’. Her er også (16) h-bortfall og (4) u-omlyd.

#### SYNKOPE + FORKORTING

ijsa > ī > i      \*raunija > \*reynija > \*reynī > reyni [akk. sing.]      ▶ reynir m. ‘prøvar’

Etter (3b) *i*-omlyd vart *a* synkopert i samsvar med regel (8), og tilbake stod då den lange ī (dvs. *ij*). Denne vart forkorta til *i* i samsvar med regel (9), og dermed vart sekvensen *ija* redusert til berre *i*.

#### FORKORTING + SYNKOPE + FORKORTING & OMLEGGING

ijō > ō > a      \*raunijō > \*reynijō > \*reynō > reyna [gen. plur.]      ▶ reynir m. ‘prøvar’

I dette tilfellet må vi rekne at *ij* vart forkorta til *i* etter regel (9) og deretter synkopert etter regel (8). Vidare må ō ha blitt forkorta og omlagt til *a* etter regel (10). Resultatet vart at *ijō* vart redusert til berre *a*.

#### Samanfall av trykktunge vokalar

Det skjedde to vokalsamanfall i det trykktunge systemet fram mot klassisk norrønt. Begge samanfalla er fullførte i løpet av 1200-talet.

##### (11) Samanfall av trykktung *e* og *æ* || ELDRE NORRØNT

Dei korte vokalane *e* og *æ* (ofte notert som *ɛ*) fall saman i norrøn tid, i islandsk kan hende allereie frå 900-talet av. I norsk er samanfallet meir omstridd, og det skjedde under alle omstende seinare enn i islandsk. Produktet av samanfallet blir i normalortografin og i dei fleste framstillingar notert med *e*. Vokalen *æ* er oppstått ved (3) *i*-omlyd av *a*.

æ                gastir > \*gæstir > \*gæstr > gestr                ▶ gestr m. ‘gjest’  
e > e            \*werþan > \*werþa > verða                ▶ verða vb. ‘bli’

##### (12) Samanfall av trykktung *ā* og *ō* || YNGRE NORRØNT

Dei lange vokalane *ā* og *ō* fall saman i løpet av 1000- og 1100-talet. I norsk reknar vi at *ā* overtok rundinga frå *ō*, slik at samanfallet var ein runda, bakre vokal, [ɔ], jf. moderne norsk *mål*. I islandsk vart resultatet av samanfallet diftongert, [au], slik det også gjekk i enkelte vestnorske dialektar, *maol*. Samanfallet av *ā* og *ō* blir notert som *á* i den norrøne normalortografin.

ō                \*sāru > \*sōru > \*sōr > sár = sár                ▶ sár n. ‘sår’  
ā > á            \*māla > mál = mál                ▶ mál n. ‘mål, sak, språk’

## Konsonantsystemet

Også i konsonantsystemet skjedde det endringar fram mot norrøn tid, men ikkje så omfattande som i vokalsystemet. Det dreiar seg om bortfall, samanfall, assimilasjonar og forkortingar. Desse prosessane er relativt enkle å forstå. Hit høyrer også omlegginga av plosivane og frikativane, som ikkje er like endefram, ettersom omlegginga berre delvis kjem til syn i normalortografien av norrønt.

### Bortfall av konsonantar

Dei tre første bortfalla som er nemnde her, er alle med på å skilje ut nordisk som ei eiga grein av dei germanske språka.

#### (13) Bortfall av utlydande *n* || ELDRE OG YNGRE URNORDISK

Bortfallet av utlydande *n* skjer i løpet av urnordisk tid. Det gjeld m.a. i infinitiv av sterke og svake verb og i akkusativ fleirtal av sterks substangtiv. Som nemnt under regel (8) vart den føregåande vokalen nasalert og motstod dermed synkopen, \**takan* > \**takā* > *taka*. Moderne tysk har framleis *-n* i infinitiv av verb, *geben* mfl.

*n* > Ø      \**laukan* > *lauka*      [akk. plur.]      ▶ *laukr* m. ‘lauk’

I *n*-stammene har den utlydande *n* falle i så godt som alle former, slik at i norrønt endar heile eintalsbøyninga på vokal, t.d. \**tungōn* > *tunga* f. ‘tunge’. Sjå Syrett (1994: 125–132) for eit oversyn over *n*-bortfallet i urnordisk.

#### (14) Bortfall av *j* i framlyd || YNGRE URNORDISK

Halvvokalen *j* fall bort i framlyd. Dette er framleis eit skilje mellom nordisk og andre greiner av germansk, jf. tysk *Jahr* og engelsk *year*.

*j* > Ø      \**jāra* > \**āra* > ār = ár      ▶ *ár* n. ‘år’

#### (15) Bortfall av *w* føre runda vokal || YNGRE URNORDISK

Halvvokalen *w* fall bort føre runda vokal. Denne regelen ser vi tydeleg i norrønt, der mange sterke verb får ei kompleks bøyning, t.d. *verða* – *varð* – *urðu* – *orðit*.

*w* > Ø      \**wulfar* > \**ulfar* > \**ulfr* > *ulfr*      ▶ *ulfr* m. ‘ulv’  
\**worhtō* > \**orhtō* > \**ortō* > *orta* [1. pers. sing. pret.]      ▶ *yrkja* vb. ‘gjere’

Dette er like eins eit skilje mellom nordisk og andre greiner av germansk, jf. tysk *Wulf* og engelsk *wolf*.

#### (16) Bortfall av *h* i innlyd og utlyd || YNGRE URNORDISK

Urnordisk *h* fall regelbunde i innlyd og utlyd, og står derfor berre i framlyd i norrønt, bortsett frå i samansetjingar, t.d. *likhamr* (ved sida av *likamr*) m. ‘lekam’, eigentleg ‘kropps-ham’. Etter regel (22) vart *h* dessutan assimilert med *t*, *ht* > *tt*.

h > Ø	*arhwu > *arwu > *qrwu > *qru > qr *drōg > *drōh > drō [3. pers. sing. pret.]	► qr f. ‘pil’ ► draga vb. ‘dra’
-------	--	------------------------------------

I utlyd verkar bortfallet av *h* saman med (19) utlydsherding, jf. det siste dømet ovanfor.

**(17) Bortfall av *w* føre *r* || YNGRE NORRØNT**

Dette er ein overgang som skjedde etter urnordisk tid, og som ikkje er fullt gjennomført i alle norske dialektar, jf. austnorsk *vrang* mot vestnorsk *rang*. For dateringa av edda-diktinga har dette vore ein viktig regel, jf. den første strofa i *Prymskviða*: *Reiðr var þá Vingþórr | er hann vaknaði* ‘Vreid var Vingtor | då han vakna’. Her viser allitterasjonen mellom (*v*)*reiðr*, *Vingþórr* og *vaknaði* at det kan ha vore ein innleiande *v* i det adjektivet som i *Norrøn ordbok* er oppført med *reiðr* ‘sint, vreid’ som hovudform. Former med innleiande *v*- har ein framleis i Setesdal og i Telemark, t.d. *vrang*, forutan i dansk og svensk.

wr > r	*wrangar > *wrangr > *rangr > rangr	► rangr adj. ‘rang’
--------	-------------------------------------	---------------------

**(18) Bortfall av *b* føre *l*, *n*, *r* || YNGRE NORRØNT**

Urnordisk *b* fall føre *l*, *n* og *r* i gammelnorsk, færøysk og norn, men ikkje i gammal-islandsksk (jf. Hagland 2013: 607 og 616).

hr > r	*hringar > *hringr > hringr > ringr	► hringr m. ‘ring’
hl > l	*hlutir > *hlutr > hlutr > lutr	► hlutr m. ‘lott, del’
hn > n	*hnigan > hniga > niga	► hniga st.vb. ‘sige’

*Utlydsherding*

Utlydsherding (ofte omtalt som desonorisering) råka både stemde plosivar og stemde frikativar i absolutt utlyd. Utlydsherdinga var verksam i urnordisk, men ser ut til å ha falle bort i løpet av synkopetida.

**(19) Utlydsherding av *b*, *d*, *g* || ELDRE URNORDISK (delvis oppheva i ELDRE NORRØNT)**

Ettersom dei stemde lydane *b*, *d*, *g* hadde både plosive og frikative variantar i urnordisk, råka utlydsherdinga begge flokkane, dvs. både dei plosive *b*, *d*, *g* og dei frikative *þ*, *ð*, *g*. Det er rett nok ikkje kjent noko døme på utlydsherding av plosiv *b* (til *p*).

**(a) Utlydsherding av *þ***

I utlyd vart *þ* herda til *f*, som hadde den ustemde uttalen [f]:

þ > f	*gaþ > gaf	[3p. sg. pret.]	► gefa vb. ‘halde’
-------	------------	-----------------	--------------------

I postvokalisk stilling vart utlydsherdinga oppheva i eldre norrønt, [f] > [v]. I norrøn normalortografi skriv ein riktignok *gaf*, men då har *f* stemd uttale, [v].

(b) Utlydsherding av *d* og *ð*

I utlyd vart *d* herda til *t*. I samband med nasal vart *t* assimilert med nasalen, *nd* > *nt* > *tt*:

<i>d</i> > <i>t</i>	* <i>hald</i> > <i>halt</i>	[2p. sg. imp.]	► <i>halda</i> vb. ‘halde’
	* <i>band</i> > * <i>bant</i> > <i>batt</i>	[3p. sg. pret.]	► <i>binda</i> vb. ‘binde’

Tilsvarande vart *ð* herda til *þ*, dvs. den ustemde frikativien [θ].

<i>ð</i> > <i>þ</i>	* <i>bauð</i> > <i>baup</i>	[3p. sg. pret.]	► <i>bjóða</i> vb. ‘by’
---------------------	-----------------------------	-----------------	-------------------------

I postvokalisk stilling vart også denne utlydsherdinga oppheva i eldre norrønt, [θ] > [ð]. Den norrøne forma er såleis *bauð*.

(c) Utlydsherding av *g* og *g*

I utlyd vart *g* herda til *k* i samband med nasal, og deretter assimilert, *ng* > *nk* > *kk*:

<i>g</i> > <i>k</i>	* <i>geng</i> > * <i>genk</i> > <i>gekk</i>	[3p. sg. pret.]	► <i>ganga</i> vb. ‘gå’
---------------------	---	-----------------	-------------------------

Den frikative *g* vart derimot herda til *h* [x], som i neste omgang fall bort:

<i>g</i> > <i>h</i> > $\emptyset$	* <i>drōg</i> > * <i>drōh</i> > <i>drō</i>	[3p. sg. pret.]	► <i>draga</i> vb. ‘dra’
-----------------------------------	--	-----------------	--------------------------

Ved analogi kunne *g* i somme tilfelle kome inn igjen, t.d. *steig* ved sida av *sté* av *stíga* vb.

### *Omlegging av plosivar og frikativar*

Den germanske lydforskyvinga innebar ei omfattande omstrukturering av plosivane og frikativane. Ei mindre dramatisk, men like fullt viktig omlegging skjer frå urnordisk til norrøn tid. Det første dømet på at dette er skjedd, er runeinnskrifta på Ribe-kraniet frå 700-talet (jf. Seim 2013: 153, no datert til 725–760).

### **(20) Omlegging av plosivar og frikativar || ELDRE URNORDISK**

Medan urnordisk hadde eit system av plosivar og frikativar som vist i ill. 12 ovanfor, skjer det ei omstrukturering som fører fram til eit anna system i norrønt, vist i ill. 17 på neste side.

I den norrøne normalortografien blir *f* attgjeven med *f* både ved stemt og ustemd uttale (men handskriftene tok etter kvart til å skilje mellom *f* og *v*). Den apikale frikativien *þ* blir attgjeven med *þ* i framlyd, då han var ustemd, og med *ð* i inn- og utlyd, då han var stemd (men her er handskriftene mindre konsekvente, og dei eldste islandske handskriftene brukte *þ* i alle tilfelle). Den dorsale *g* blir attgjeven med *g* både ved plosiv og frikativ uttale (men særleg dei norske handskriftene tok til å bruke *gh* for den frikative varianten).

	labial		apikal		dorsal	
	ustemt	stemt	ustemt	stemt	ustemt	stemt
plosiv	p	b	t	d	k	[g]
frikativ	[f] f [v]		[θ] þ [ð]		h	[χ]

Ill. 17. Det norrøne systemet av plosivar og frikativar. Dei tre lydane f, þ, g står her oppførte med sine variantar (allofonar) i lydskriftsteikni i hakeparentes.

### (a) Dei labiale lydane

Den urnordiske *b* hadde både plosiv og frikativ uttale, [b] og [β]. Den plosive varianten heldt seg uendra i norrøn *b* [b], medan den frikative varianten, [β], fall saman med den stemde varianten av norrøn *f*, dvs. [v], i innlyd og utlyd.

b	*bītan > bīta	uttalt [b] i norrønt	► bīta vb. ‘bite’
b > f	*gebu > *giobu > gjøf	uttalt [v] i norrønt	► gjøff f. ‘gåve’

Det norrøne fonemet /f/ hadde to allofonar, [f] i framlyd og [v] i inn- og utlyd. Det er desse som ligg til grunn for moderne norsk *f* (*fara* > *fare*) og *v* (*haf* > *hav*).

### (b) Dei apikale lydane

Den urnordiske *d* hadde også både plosiv og frikativ uttale, [d] og [ð]. Den plosive varianten heldt seg uendra i norrøn *d* [d], medan den frikative varianten, [ð], fall saman med den stemde varianten av det fonemet som vi her noterer som /þ/, dvs. [ð].

d	*dagar > dagr	uttalt [d] i norrønt	► dagr m. ‘dag’
d > ð	*tíðir > tíð	uttalt [ð] i norrønt	► tíð f. ‘tid’

Fonemet /þ/ hadde to allofonar i norrønt: den ustemde [θ] i framlyd og den stemde [ð] i inn- og utlyd. I normalortografien blir [θ] attgjeve med *þ* og [ð] med *ð*, t.d. *þing* og *maðr*.

### (c) Dei dorsale lydane

I urnordisk hadde *g* både ein plosiv og ein frikativ variant, [g] og [χ]. Denne fordelinga heldt seg i norrønt, men den kjem ikkje til uttrykk i normalortografien. Vi reknar med at i framlyd hadde *g* plosiv uttale, [g], t.d. *grafa*, og i inn- og utlyd frikativ uttale, [χ], t.d. *saga* f. og *lag* n.

g	*graban > grafa	uttalt [g] i norrønt	► grafa vb. ‘grave’
g > χ	*laga > lag	uttalt [χ] i norrønt	► lag n. ‘lag, stad’

Dette inneber at også i norrønt har fonemet /g/ dei to allfonane [g] og [χ].

### Samanfall av konsonantar

#### (21) Samanfall av *r* og *r* || ELDRE NORRØNT

Samanfallet av *r* (frå urgermansk \**z*) og *r* (frå urgermansk \**r*) skjedde i eldre norrøn tid, og førte til at det berre vart ein *r*-lyd, slik som det framleis er i moderne norsk. I urnordisk vart det skilt mellom dei to lydane med runeteikna  $\text{ȝ}$  (translitterert som *r*) og  $\text{R}$  (translitterert som *r*). Lydverdien av *r* er omstridd, men tradisjonelt har ein rekna *r* for å vere ein palatalisert *r*-type. Som nemnt ovanfor s. 16 meiner Orrin Robinson (1992: 92–93) og Harald Bjorvand (2010: 186–187) at *r* kan ha vore ein palatalisert, rulla frikativ. I så fall har skilnaden mellom dei to lydane vore relativt liten. Utviklinga av runealfabetet gjer at det er vanleg å datere samanfallet av *r* og *r* til 900-talet.

I norsk har vi fått inn ein skarre-*r* i nyare tid, kanskje så sent som på 1800-talet, men dette er ein dialektvariant, ikkje ein variant mellom to *r*-typar i det same konsonantsystemet. Det same gjeld den palataliserte *r* som ein finn i Troms.

R	> r	*armar > *armR > armr	► armr m. ‘arm’
r			

### Assimilasjon av konsonantar

Det skjer ei lang rekke assimilasjonar av konsonantar frå urnordisk til norrønt, jf. t.d. Iversen (1973: §44–48). Her fører vi opp berre eit lite utval.

#### (22) Konsonantassimilasjonar || ELDRE URNORDISK – ELDRE NORRØNT

Urnordisk har få døme på lange (geminerte) konsonantar, medan norrønt har mange slike. Vi reknar med at svært mange av dei går tilbake på samband av to ulike konsonantar, slik at dei fleste av geminatane i norrønt har oppstått ved assimilasjonar. Vi kan enno sjå døme på denne utviklinga i ulike nordiske former som \**wantur* m. ‘vott’, som har gjeve både *vante* og *vott*, og \**klampur* m. ‘klopp, stokk’, som har gjeve både *klamp* og *klopp*. Formene *vante* og *klamp* er austnordiske, *vott* og *klopp* vestnordiske. Allment er det slik at konsonantassimilasjonane er mest gjennomførte i det vestnordiske området.

##### (a) lR > ll

Dette er ein frekvent overgang, ettersom endinga -*r* førekjem i nominativ eintal av både substantiv og adjektiv.

lR > ll	*kundilar > *kyndilar > *kyndilR > kyndill	► kyndill m. ‘lys’
---------	--	--------------------

##### (b) sR > ss

Også dette er ein frekvent overgang. Han førekjem i nominativ eintal av både substantiv og adjektiv, og dessutan i presens av sterke verb.

sR > ss	*lausar > *lausR > *lauss	► lauss adj. ‘laus’
---------	---------------------------	---------------------

(c) nr > nn og mr > m

I trykktung stilling skjer overgangen *nr* > *nn* m.a. i nominativ eintal av substantiv og adjektiv.

nr > nn      \*stainar > \*steinar > \*steinR > steinn      ▶ *steinn* m. ‘stein’

I trykklett stilling skjer overgangen *mr* > *m* m.a. i dativ fleirtal av substantiv og i presens 1. person fleirtal av verb. Om rotvokalen er *a*, kjem (4) *u*-omlyd i tillegg.

mr > m      \*dagumr > \*dögumR > dögum      ▶ *dagr* m. ‘dag’  
 \*kallōmr > \*kallumr > \*kóllumR > kóllum      ▶ *kalla* vb. ‘kalle’

(d) ht > tt

I innlyd blir *h* jamt over assimilert med ein etterfølgjande *t*. Merk at *h* også er utsett for bortfall i innlyd og utlyd, jf. regel (16) ovanfor.

ht > tt      \*döhtir > \*döttir      ▶ *dóttir* f. ‘dotter’

## Når urnordisk går over i norrønt

Det urnordiske lydsystemet er framstilt i ill. 10, 11 og 12 ovanfor. Dette systemet dannar utgangspunktet for dei tjueto overgangane vi har ført opp ovanfor, og då er det naturleg å avslutte med eit oversyn over kvar desse overgangane fører – nemleg til det norrøne lydsystemet. Det må vi rett nok byggje opp med eit sideblikk til skilnadene mellom norsk og islandsk, men dei er ikkje større enn at vi kan setje opp eit felles, lett idealisert system for norrønt. Det er dette systemet ein finn i dei ymse norrøne grammatikkane, og det er sett opp med støtte i den norrøne normalortografin for 1200-talet.

	fremre		bakre	
	urunda	runda	urunda	runda
høge	i í	y ý		u ú
mellomhøge	e é	ø ø		o ó
låge	æ		a	ɔ á

Ill. 18. Dei trykktunge vokalane i norrønt.

Medan det urnordiske vokalsystemet truleg var heilt symmetrisk og utan kvalitative skilnader mellom korte og lange vokalar (etter at kort *o* kom inn som følgje av (1) *a*-omlyd), vart systemet mykje endra fram mot norrønt. Det mest slåande er at det har kome til fire nye vokalar, *y*, *ø*, *æ* (også notert som *ɛ*) og *ϑ*, takk vere (3) *i*-omlyd og (4) *u*-omlyd. Men i tur og orden fall kort *æ* og kort *e* saman, og etter rundinga av *á* fall *á* og *ϑ* saman. Desse samanfalla noterer vi i normalortografin med *e* (av *æ* og *e*) og med *á* (av *á* og *ϑ*). Resultatet er som vist i ill. 18, der vi følgjer normalortografin i å bruke aksent for å markere lengd.

Skilnadene mellom det trykktunge og det trykklette vokalsystemet i urnordisk var små. Men medan det trykktunge systemet vart utvida frå fem til ni vokalar i norrønt, vart det trykklette redusert til berre tre vokalar, nemleg dei korte vokalane *i*, *a*, *u*, som vist i ill. 19. Den gammalnorske vokalharmonien kunne rett nok få ein til å meine at det var fem trykklette vokalar, ettersom ein hadde både *i* og *e* som fremre, høge vokalar og *u* og *ø* som bakre, høge vokalar. Men ein bør oppfatte desse som variantar (allofonar), ikkje som fonem. Fullverdige fonem ville dei berre vere dersom både *i* og *e* kunne stå etter høge rotvokalar, i staden for at *i* står etter høge og *e* etter mellomhøge, osv. Denne vekslinga er forklart i større detalj i Hagland (2013: 623).

	fremre	bakre
høge	i	u
låge	a	

Ill. 19. Dei trykklette vokalane i norrønt.

Endeleg har norrønt tre diftongar, der *ei* kjem av urn. *ai*, medan *au* og *ey* (ved *i*-omlyd) kjem av urn. *au*. Den gamle diftonganen *iu* er gått over til *jú* eller *jó* (som ein kan sjå i 2. klasse av dei sterke verba, *kriúpa* mot *brjóta*). Dei to siste diftongane og dei såkalla brytingsdiftongane *ja* og *jo* blir ofte analyserte som ein sekvens av halvvokalen *j* + vokal, men kunne også ha vore sett inn i eit utvida system av diftongar.

	fremre	bakre
urunda	runda	runda
ei	ey	au

Ill. 20. Diftongane i norrønt.

På overgangen mellom vokal- og konsonantsystemet står dei to halvvokalane *j* og *v*, som har kvar sin partnar i vokalsystemet, nemleg *i* og *u*. I handskriftene ser vi at det ofte er nytta berre eitt teikn for *i* og *j* og like eins for *u* og *v*, men i normalortografien blir *i* og *u* brukte i stavingskjernen, som er posisjonen for vokalane, medan *j* og *v* blir brukte utanfor stavingskjernen, i den posisjonene der konsonantane normalt står. Ein viktig skilnad er då at vokalane kan vere både korte og lange, *i* – *í*, *u* – *ú*, medan halvvokalane berre kan vere korte. Her har vi sett dei opp i konsonantsystemet i ill. 21, i samsvar med analysen av urnordisk i ill. 12 ovanfor.

I regel (20) ovanfor er omlegginga av plosivane og frikativane forklarte, og denne omlegginga fører fram til konsonantsystemet i ill. 21. I det norrøne systemet kan både *f* og *þ* vere ustemde og stemde, og *g* både plosiv og frikativ, som vist i denne illustrasjonen. I normalortografien blir det ikkje gjort noko skilje mellom dei to variantane (allofonane) av *f*, så her står *f* både i framlyd for [f], *fara*, og i inn- og utlyd for [v], *hafa*, *lif*. Det blir heller ikkje skilt mellom dei to variantane av *g*, så her står det *g* i framlyd for [g], *gata*, og i inn- og utlyd for [ɣ], *saga*, *lög*. Det fonemet som vi noterer med *þ*, kunne også vere både ustempt og stemt. I dei eldste islandske handskriftene vart *þ* brukte i alle posisjonar, *þing*, *mahr* og *bob*, men i normalortografien blir *þ* [θ] brukt i framlyd og ð [ð] i inn- og utlyd, *þing*, *maðr* og *boð*. På dette punktet er altså den norrøne normalortografien meir detaljert enn for *f* og *g*.

	labial		apikal		dorsal	
	ustemt	stemt	ustemt	stemt	ustemt	stemt
nasal	m		n			
plosiv	p	b	t	d	k	[g] g
frikativ	[f]	f	[v]	[θ]	þ	[ð]
					s	
rullelyd			r			
lateral			l			
halvvokal	v		j			

Ill. 21. Konsonantane i norrønt.

Som nemnt fleire gonger tidlegare fall *r* og *r* saman i rullelyden *r*, og konsonantsystemet blir dermed noko enklare enn i urnordisk på dette punktet. Nasalane *m* og *n* ser derimot ut til å ha vore uendra. I norrønt plar ein ikkje rekne *y* (*ng*-lyden) som noko eige fonem, men som ein allofon av *n* føre *g* eller *k*. Det er også vanleg å nøye seg med berre ein lateral lyd, *l*, som rett nok kan ha hatt ein bakre, ”mørk” variant i norrønt – utan at ein har prøvd å fange dette opp i normalortografin.

### Kor mykje kan vi vere sikre på?

Når vi er framme ved det norrøne språksteget, slik det er overlevert i dei mange skriftlege kjeldene frå slutten av 1100 -talet og særleg frå 1200 - og 1300 -talet, har vi sikker kunnskap om dei fleste sider ved språket. Det er rett nok enkelte spørsmål som det framleis kan vere diskusjon om, t.d. kva tid dei nasale vokalane fall i islandsk og norsk, om *ø* også var å rekne som eit fonem i norsk, kva tid *e* og *æ* fall saman, korleis vi fullt ut skal forstå vokalharmonien i norsk, og meir til. Men jamført med kunnskapen vår om urnordisk, er dette å rekne som unntak i ein vel dokumentert og forstått heilskap.

Di lenger bakover ein går, og di sparsamare det skriftlege materialet er, di usikrare blir innsiktene, naturleg nok. Det seier seg sjølv at kunnskapen om urnordisk er mykje usikrare enn om norrønt, for ikkje å snakke om dei stega som ligg attom det urnordiske: urgermanskt og det indo-europeiske grunnspråket. Men ikkje alt er like usikkert. For eksempel kan vi med stor visse seie at den urnordiske forma *laukar* utvikla seg til norrønt *laukr* etter synkopen og samanfallet mellom lydane *r* og *r*, endå om vi ikkje er heilt sikre på kva for lyd *r* var – den stemde *z* (som i urgermanskt) eller ein palatalisert *r*. Og vi kan med endå større visse følgje forma *laukr* fram mot moderne norsk *lauk* eller (med monoftongering) *løk*. Andre sider av dei rekonstruksjonane som er gjevne i dette kapittelet, er langt mindre sikre, og mangt og mykje er uavklara.

Mange av dei overgangane som er oppførte i dette kapittelet, er overstått lenge før norrøn tid, og det er ikkje nødvendig å kjenne til dei om ein vil lære seg norrønt som eit synkront system. Men mange av dei trengst enno til forklaring av dei norrøne formene, og vil vere å finne også i synkront orienterte grammatikkar over norrønt. Det kan vere verdt å jamføre dette kapittelet med ein slik grammatikk, t.d. O.E. Haugen (2001) eller Barnes (2008). I dei historiske orienterte grammatikkane, slike som Noreen (siste utg. 1923) og Iversen (siste utg. 1973) vil ein finne alle dei overgangane som er omtalte i dette kapittelet, og fleire til. I desse grammatikkane er målet ikkje berre å forklare formvariasjonen i norrønt frå ein synkron synsvinkel, men dessutan oppkomsten av variasjonen frå ein diakron synsvinkel.

## Vidare lesnad

Det er ingen mangel på oversiktsverk over den indoeuropeiske språkfamilien. Ei ny, norsk framstilling er ANDERS AUSTEFJORD, *Våre språklege røter* (2011), skriven med tanke på eit noko breiare publikum. Det kan ikkje stikkast under stol at mykje av dette stoffet er tungt tilgjengeleg. Eit standardverk er framleis HANS KRAHE og WOLFGANG MEID (1969), i alle fall for den som ikkje lèt seg skremme av små bøker med tettpakka skrift og knapt synlege margar. Lettare tilgjengelege er innføringane til WILLIAM B. LOCKWOOD (1969 og 1972). Nyleg har BENJAMIN W. FORTSON IV (2004) og JAMES CLACKSON (2007) gjort prisverdige innsatsar i å ta lesaren gjennom dette stoffet. SIGMUND FEIST (1932) hevda i si tid at germansk har så mange forenkla trekk at det kan ha vore eit kreolspråk. Ei ny, men kontroversiell drøfting av korleis dei germanske språka oppstod, er gjeven av THEO VENNEMAN (2000).

Det er heller ingen mangel på innføringar i historisk språkvitskap, og eit solid og stødig oversyn kan ein finne i HANS H. HOCK og BRIAN D. JOSEPH (2009). Men vil ein ha ei verkeleg engasjerande framstilling, er det ingen veg utanom ROBERT LAWRENCE TRASK, *Historical Linguistics* (1996), posthumt revidert og utgjeven av ROBERT McCOLL MILLAR under tittelen *Trask's Historical Linguistics* (2007) og med forfattaren familiært omtalt som LARRY TRASK. Det er ei bok som ein kan ha på nattbordet, noko som ein ikkje kan seie om så mange bøker på dette feltet.

Når det gjeld den urnordiske perioden (eller nordvestgermanske, om ein vil), kan ein med fordel gjere seg kjend med HANS FREDE NIELSEN (2000 og, meir kortfatta, 2010), eller kanskje aller først med dei mange artiklane i bd. 1 av samleverket *The Nordic languages* (utg. OSKAR BANDLE mfl. 2002–2005), særleg kap. 69–88. OTTAR GRØNVIK har skrive mykje om dei eldste runeinnskriftene og språkforma deira. I *Runene på Tunesteinen* (1981: kap. 3) drøftar han skilnaden mellom nordvestgermansk og urnordisk, i *Fra Ågedal til Sætre* (1987: § 33–36) gjev han utkast til ei finare inndeling av den urnordiske perioden frå ca. 200 til 500 e.Kr, og i monografien *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte* (1998) tek han opp det språkhistoriske aspektet i større breidd. Ein meir kortfatta gjennomgang gjev han i ein seinare artikkel (foredrag frå 2004, publ. 2010). WOLFGANG KRAUSE (1971) har ei balansert framstilling både av det eldste runekorpuset og den grammatikken som ligg til grunn for det. I dette kapittelet har vi også brukt ELMER H. ANTONSEN (1975), men han er ein meir kontroversiell forskar, jf. t.d. den kritiske omtalen ved JAMES E. KNIRK (1977). Den syntetiserande framstillinga til EINAR HAUGEN (1982) er til dels prega av Antonsen, men vel verd å gjere seg kjend med. Ettersom så mange av dei gamle runeinnskrifene inneheld personnamn, kan det vere klokt å konsultere namneleksikonet til LENA PETERSON (2004). Arbeida til HÅKON MELBERG vil bli omtalte av ARNE TORP i bd. 2 av den komande norske språkhistoria (hovudred. HELGE SANDØY og AGNETE NESSE). I bd. 1 av dette verket blir det også gjeve ei kronologisk framstilling av norsk språkutvikling, frå den eldste tida (urnordisk) fram til i dag, vel verd å jamføre med den framstillinga som står her.

For den som ønskjer å studere opphavet til dei gamle orda i språket, byr HARALD BJORVAND og FREDRIK OTTO LINDEMAN, *Våre arveord* (1. utg. 2000, 2. utg. 2007) på eit breitt utval av ord i moderne norsk. Desse orda følgjer forfattarane bakover i tid steg

for steg og om mogleg heilt tilbake til det indoeuropeiske urspråket. Sjølv om dette er krevjande stoff, er dei enkelte artiklane i denne ordboka skrivne i ei meir tilgjengeleg form enn i dei fleste andre etymologiske ordbøker, som kan ha ein svært kompakt stil. Om ein vil søkje etymologien til eit ord som ein kjenner frå urnordisk eller norrønt, må ein då ta vegen om moderne norsk, og i dei fleste tilfelle vil ein finne fram. Alternativt kan ein bruke ei etymologisk ordbok som har norrøne oppslagsformer, slik som JAN DE VRIES (1962). Eit verdifullt oversyn over etymologiske ordbøker over germanske språk er elles gjeve av ODDVAR NES (1999); sidan dette oversynet er det først og fremst BJORVAND og LINDEMAN (2007) som har kome på marknaden Det står også innhaldsrike artiklar om ordtilfang og namnemateriale i det før nemnde *The Nordic languages* (utg. OSKAR BANDLE mfl. 2002–2005), m.a. ved MICHAEL SCHULTE (kap. 75), LENA PETERSON (kap. 76) og SVANTE STRANDBERG (kap. 77).

Når det gjeld forståinga av dei sentrale prosessane synkope, omlyd og bryting, kan det vere verdt å ta steget vidare til den nokså krevjande framstillinga til TRYGVE SKOMEDAL, "Synkope, bryting og omlyd i nordisk" (1980), og ikkje minst mange av arbeida til HREINN BENEDIKTSSON, mellom dei "Some Aspects of Nordic Umlaut and Breaking". Denne og fleire andre viktige, men fagleg utfordrande artiklar er samla i *Linguistic Studies, Historical and Comparative* (utg. GUÐRÚN ÞÓRHALLSDÓTTIR mfl. 2002), der arbeida til Hreinn Benediktsson er omtalte i ei innsiktsfull innleiing ved KJARTAN G. OTTOSSON.

Trass i den forlokkande tittelen *Urnordisk grammaatik* byr ERIK HARDING (1932) berre på fonologi; den nærmaste til å gje ei samla framstilling også av morfologien er enno Krause (1971), som dette kapittelet står i stor gjeld til. For utviklinga frå urnordisk til norrønt er det dei store grammatikkane som enno dominerer feltet, først ADOLF NOREENS tyskspråklege *Altisländische und altnorwegische Grammatik* (siste utg. 1923) og deretter, for det meste basert på Noreen, RAGNVALD IVERSENS *Norrøn grammaatikk* (første utg. 1923). I den siste utgåva av Iversens grammaatikk (1973) er dei innleiande delane reviderte og oppdaterte på mange punkt, noko som dette kapittelet også står i gjeld til. Men det er verdt å merke seg at i dei eldre utgåvene, fram til og med 6. utg. i 1961, har denne grammaatikken fleire urnordiske rekonstruksjonar i morfologien enn i revisjonen frå 1973. Den diakrone tradisjonen er vidareført i den mindre grammaatikken til ROBERT NEDOMA (1. utg. 2001, 3. utg. 2010), medan forfattaren av dette kapittelet har levert langt meir synkront orienterte grammaatikkar (ODD EINAR HAUGEN 2001, og under utgjeving 2013), og like eins MICHAEL P. BARNES (2008). Dei nyaste språkhistoriene på feltet, slike som ARNE TORP og LARS S. VIKØR, *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. utg. 2003) fér av forstælege grunnar nokså lett over den eldste perioden; då kan ein med fordel gå til det store oversiktsverket til EINAR HAUGEN, *Die skandinavischen Sprachen* (1984), ei revidert omsetjing av hans *The Scandinavian Languages* (1976). I *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv* (1998) gjev ARNE TORP ei konsis og lett tilgjengeleg framstilling av mange av dei spørsmåla som har vore drøfta i dette kapittelet.

Til slutt må det seiast at det kan vere stor usemje mellom dei forfattarane som det er referert til i denne lista, truleg større usemje enn i dei andre kapitla i *Handbok i norrøn filologi* (utg. Odd Einar Haugen 2013). Årsaka ligg i at så mykje av dette materialet

byggjer på rekonstruksjonar, som av natur er usikre, og alle slutningar som byggjer på rekonstruksjonar, blir i neste omgang endå meir usikre. Som om ikkje det er nok, vil ein oppdage at fleire av forfattarane har endra synspunkt i løpet av si forskargjerning. Ottar Grønvik er kanskje den som oftast har lagt fram revisjonar av sine tidlegare tankar. Det kan vere frustrerande for den som sokjer fast grunn, men det er noko ein må leve med, så snart ein sokjer seg bakover i det språklege og historiske mørkret.

Det siste ordet skal vi gje til den svenske språkforskaren Erik Harding, som tok på seg å rekonstruere eitt av dei eldste eddadikta, *Atlakviða*, slik det kan ha lydd på urnordisk – om det no var dikta så tidleg (Harding 1932: Bihang II). Språkforskaren og språkhistorikaren Arne Torp har lese inn eit utdrag av dette diktet med stor innleiving (og fagkunnskap), utlagt på heimesida hans (<http://folk.uio.no/arnet>).

## Forkortinger og særskilde teikn

1.	1. person	nvgerm.	nordvestgermansk
2.	2. person	o.l.	og liknande
3.	3. person	osv.	og så vidare
A.	akkusativ	pers.	person
adj.	adjektiv	PL.	plural
bd.	band	PRES.	presens
ca.	cirka	PRET.	preteritum
D.	dativ	red.	redigert av / redaktør
dvs.	det vi seie	rev.	revidert av
e.Kr.	etter Kristi fødsel	s.	side
f.	feminin / feminin genus	sing.	singular
f.Kr.	før Kristi fødsel	s.v.	<i>sub voce</i> (under oppslagsordet)
G.	genitiv	SG.	singular
germ.	germansk	st.vb.	sterkt verb
ieur.	indoeuropeisk	sv.vb.	svakt verb
ill.	illustrasjon	t.d.	til dømes (for eksempel)
jf.	jamfør	urn.	urnordisk
kap.	kapittel	utg.	utgåve ved / utgjevar
m.	maskulin / maskulin genus	vb.	verb
m.a.	mellom anna / mellom andre	Ø	nullending
mfl.	med fleire	⇒	normalisering til urnordisk
N.	nominativ	VIMOSE	lokalisering av runeinnskrift
n.	nøytrum / nøytral genus	*laukōR	rekonstruert form
norr.	norrønt		

Sjå også oversynet over teikn i tekstboksen s. 10–11.

## Litteratur

- ANDERSSON, THORSTEN. 2012. "Der nordgermanische Sprachzweig." I: *Altertumskunde – Altertumswissenschaft – Kulturwissenschaft: Erträge und Perspektive nach 40 Jahren der Germanischen Altertumskunde*. Ergänzungsband zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde, utg. HEINRICH BECK, Dieter Geuenich og HEIKO STEUER, 77: 215–244. Berlin. Walter de Gruyter.
- ANTONSEN, ELMER H. 1975. *A Concise Grammar of the Older Runic Inscriptions*. Tübingen: Niemeyer.
- . 2002. *Runes and Germanic Linguistics*. Trends in Linguistics. Studies and Monographs, 140. Berlin: Mouton de Gruyter.
- AUSTEFJORD, ANDERS. 2011. *Våre språklege røter: Ei innføring i indoeuropeisk*. Bergen: Bergen Open Research Archive, <https://bora.uib.no>
- BALDI, PHILIP. 1999. *The foundations of Latin*. Trends in linguistics, Studies and monographs, 117. Berlin: Mouton de Gruyter.
- BARNES, MICHAEL P. 1984. "The new runic finds from Illerup and the question of the twenty-second rune." *Saga och Sed* 1984: 59–76.
- . 2008. *A new introduction to Old Norse. Part 1: Grammar*. 3. utg. London: Viking Society for Northern Research.
- . 2012. *Runes: A handbook*. Woodbridge: Boydell Press.
- BJORVAND, HARALD, og FREDRIK OTTO LINDEMAN. 2000. *Våre arveord: Etymologisk ordbok*. [1. utg.] Oslo: Novus.
- . 2007. *Våre arveord: Etymologisk ordbok*. 2. utg. Oslo: Novus.
- BJORVAND, HARALD. 2010. "Om utviklingen av det norrøne sterke presens." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 28: 173–192.
- BANDLE, OSKAR mfl., utg. 2002–2005. *The Nordic Languages*. Bd. 1, 2002; bd. 2, 2005. Berlin: Walter de Gruyter.
- CLACKSON, JAMES. 2007. *Indo-European Linguistics: An Introduction*. Cambridge: Cambridge University Press.
- DYVIK, HELGE. 1978. "Breaking in Old Norse and related languages: A reassessment of the phonological conditions." *Arkiv för nordisk filologi* 93: 1–37.  
*Ethnologue*: <http://www.ethnologue.com>
- FEIST, SIGMUND. 1932. "The Origin of the Germanic Languages and the Indo-Europeanising of North Europe." *Language* 8: 245–254.
- GAMKRELIDZE, THOMAS V., og V.V. IVANOV. 1990. "The Early History of Indo-European Languages", *Scientific American* March 1990: 110–116.
- GRØNVIK, OTTAR. 1981. *Runene på Tunestenen: Alfabet, språkform, budskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1987. *Fra Ågedal til Sætre: Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1998. *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte*. Osloer Beiträge zur Germanistik, 18. Frankfurt am Main: Lang.
- . 1999. "Runeinnskriften på gullhornet fra Gallehus." *Maal og Minne* 1999: 1–18.
- . 2010. "Nordische Merkmale in der Sprache der älteren Runeninschriften." I: *Zentrale Probleme bei der Erforschung der älteren Runen: Akten einer internationalen*

- Tagung an der Norwegischen Akademie der Wissenschaften*, utg. John Ole Askedal m.fl., 115–135. Osloer Beiträge zur Germanistik, 41. Frankfurt am Main: Lang. — Konferansen vart halden 3.–4. september 2004. Ottar Grønvik døydde 15. mai 2008, så for hans del er dette ei posthum utgjeving.
- HØST, GERT HEYERDAHL. 1981. “‘Trylleordet’ alu.” *Det Norske Videnskaps-Akademi. Årbok* 1980: 35–49. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi.
- HAGLAND, JAN RAGNAR. 2013. “Kapittel 12: Gammalnorsk og gammalnorsk språk.” I: *Handbok i norrøn filologi*, utg. ODD EINAR HAUGEN, 600–638. Bergen: Fagbokforlaget.
- HARBERT, WAYNE. 2007. *The Germanic Languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- HARDING, ERIK. 1932. *Urnordisk grammatik*. Hafte 1–2 [alt som kom]. Lund: Gleerup.
- HAUGEN, EINAR. 1982. *Scandinavian Language Structures: A comparative historical survey*. Tübingen: Niemeyer.
- . 1984. *Die skandinavischen Sprachen: Eine Einführung in ihre Geschichte*. Rev. utg., omsett av Magnús Pétursson. Hamburg: Buske. — Omsett frå *The Scandinavian Languages*, London: Faber and Faber, 1976.
- HAUGEN, ODD EINAR. 1993. *Grunnbok i norrønt språk*. [1. utg.] Oslo: Gyldendal akademisk.
- . 2001. *Grunnbok i norrønt språk*. 4. utg. Oslo: Gyldendal.
- , utg. 2013. *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- , under utgjeving. *Norrøn grammatikk i hovuddrag*. Oslo: Novus. — Tysk utgåve under utgjeving på Helmut Buske Verlag i 2013.
- HAUGEN, ODD EINAR og ÅSLAUG OMMUNDSEN, utg. 2010. *Vår eldste bok. Skrift, miljø og biletbruk i den norske homilieboka*. Bibliotheca Nordica, 3. Oslo: Novus.
- HOCK, HANS HENRICH, og BRIAN D. JOSEPH. 2009. *Language History, Language Change, and Language Relationship: An Introduction to Historical and Comparative Linguistics*. Trends in Linguistics. Studies and Monographs, 218. Berlin: Mouton de Gruyter.
- HREINN BENEDIKTSSON, utg. 1972. *The First Grammatical Treatise*. Reykjavík: Institute of Nordic Linguistics.
- . 2002. *Linguistic Studies, Historical and Comparative*. Utg. GUÐRÚN PÓRHALLSDÓTTIR mfl. Reykjavík: Institute of Linguistics.
- IVERSEN, RAGNVALD. 1923. *Norrøn grammatikk*. [1. utg.]. Oslo: Aschehoug.
- . 1961. *Norrøn grammatikk*. 6. utg. Oslo: Aschehoug.
- . 1973. *Norrøn grammatikk*. 7. utg. rev. ved Eyvind Fjeld Halvorsen. Oslo: Aschehoug.
- KNIRK, JAMES E. 1977. [Melding av] ELMER H. ANTONSEN, 1975, *A Concise Grammar of the Older Runic Inscriptions*. *Maal og Minne* 1977: 172–184.
- . 2011. “Hogganvik-innskriften: En hard runologisk nøtt.” *Viking* 74: 25–39.
- KRAHE, HANS, og WOLFGANG MEID. 1969. *Germanische Sprachwissenschaft*. Bd. 1. *Einleitung und Lautlehre*. 7. Aufl. Berlin: Walter de Gruyter.
- KRAUSE, WOLFGANG. 1971. *Die Sprache der urnordischen Runeninschriften*. Heidelberg: Winter.

- KUHN, HANS. 1955. "Zur Gliederung der germanischen Sprachen." *Zeitschrift für deutsches Altertum und deutsche Literatur* 86: 1–47.
- LID, NILS. 1952. "Den nordiske nominativ singularis av maskuline *an*-stammer." *Norsk Tidsskrift for Sprogvitenskap* 16: 237–240.
- LOCKWOOD, WILLIAM BURLEY. 1969. *Indo-European philology*. London: Hutchinson.
- . 1972. *A panorama of Indo-European languages*. London: Hutchinson.
- MAKAEV, ÈNVER A. 1996. *The language of the oldest runic inscriptions: A linguistic and historical-philological analysis*. Translated from the Russian by JOHN MEREDIG; in consultation with ELMER H. ANTONSEN. Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Stockholm: Akademien. — Originalutg., Moskva: Nauka, 1965.
- MELBERG, HÅKON. 1951. *Origin of the Scandinavian Nations and Languages*. 2 bd. Halden – Oslo: Aschehoug (kommisjon).
- MOLTKE, ERIK. 1938. "Runestenen paa Einang." *Viking* 2: 111–119.
- MUNDAL, ELSE. 2013. "Kapittel 7: Edda- og skaldediktning." I: *Handbok i norrøn filologi*, utg. ODD EINAR HAUGEN, 356–416. Bergen: Fagbokforlaget.
- NEDOMA, ROBERT. 2010. *Kleine Grammatik des Altländischen*. 3. utg. Heidelberg: Winter.
- NES, ODDVAR. 1999. "Etymologiske ordbøker over germanske språk." *Maal og Minne* 1999: 19–56.
- NIELSEN, HANS FREDE. 1979. *De germanske sprog: Baggrund og gruppering*. Odense: Odense universitetsforlag. — Eng. oms. *The Germanic Languages: Origins and Early Dialectal Interrelations*. Tuscaloosa: University of Alabama Press, 1989.
- . 2000. *The early runic language of Scandinavia: Studies in Germanic dialect geography*. Indogermanische Bibliothek, Reihe 1. Heidelberg: Winter.
- . 2010. "The Early Runic Language of Scandinavia: Proto-Norse or North-West Germanic?" I: *Zentrale Probleme bei der Erforschung der älteren Runen: Akten einer internationalen Tagung an der Norwegischen Akademie der Wissenschaften*, utg. JOHN OLE ASKEDAL m.fl., 95–114. Osloer Beiträge zur Germanistik, 41. Frankfurt am Main: Peter Lang. — Konferansen vart halden 3.–4. sept. 2004.
- NIELSEN, MARIT AAMODT. 2013. "Kapittel 11: Syntaktisk utvikling fra urnordisk til mellomnorsk." I: *Handbok i norrøn filologi*, utg. ODD EINAR HAUGEN, 556–598. Bergen: Fagbokforlaget.
- NIÆR = Norges Indskrifter med de ældre Runer. 1891–1924. Bd. 1–4. Kristiania: Kildeskriktfondet.
- NOREEN, ADOLF. 1884. *Altländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urmordischen*. Bd. 1 av *Altnordische Grammatik*. [1. utg.] Halle: Niemeyer.
- . 1923. *Altländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urmordischen*. Bd. 1 av *Altnordische Grammatik*. 4. utg. Halle: Niemeyer. — Uendra opptrykk, Tübingen: Niemeyer, 1970.
- PAUL, HERMANN. 1879. "Zur Geschichte des germanischen Vocalismus." *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur*. 6(1): 1–261, særleg s. 16–30.
- PETERSON, LENA. 1994. "On the relationship between Proto-Scandinavian and Continental Germanic personal names." I: *Runische Schriftkultur in kontinental-*

- skandinavischer und -angelsächsischer Wechselbeziehung*, utg. KLAUS DÜWEL, 128–175. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde, 10. Berlin: de Gruyter.
- . 2004. *Lexikon över urnordiska personnamn*. Berre tilgjengeleg i digital utgåve: <http://www.sofi.se/1465>
- RINGE, DON, TANDY WARNOW, og ANN TAYLOR. 2002. “European and Computational Cladistics.” *Transactions of the Philological Society* 100(1): 59–129.
- ROBINSON, ORRIN W. 1992. *Old English and its Closest Relatives: A Survey of the Earliest Germanic Languages*. Stanford: Stanford University Press.
- SANDØY, HELGE, og AGNETE NESSE, hovedred. Under utgjeving 2013–2015. *Norsk språkhistorie*. 4 bd. Oslo: Novus.
- SCHLEICHER, AUGUST. 1860. *Die deutsche Sprache*. Stuttgart: Cotta’scher Verlag.
- . 1861. *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen*. [1. utg.] Weimar: Böhlau.
- . 1866. *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen*. 2. utg. Weimar: Böhlau.
- SCHMIDT, JOHANNES. 1872. *Die Verwandtschaftsverhältnisse der indogermanischen Sprachen*. Weimar: Böhlau.
- SCHWARZ, ERNST. 1951. *Goten, Nordgermanen, Angelsachsen: Studien zur Ausgliederung der germanischen Sprachen*. Bibliotheca Germanica, 2. Bern: Francke.
- SCOVAZZI, MARCO. 1966. *Grammatica dell’antico nordico*. Milano: Mursia.
- SEIM, KARIN FJELLHAMMER. 2013. “Kapittel 3: Runologi.” I: *Handbok i norrøn filologi*, utg. ODD EINAR HAUGEN, 128–193. Bergen: Fagbokforlaget.
- SKOMEDAL, TRYGVE. 1980. “Synkope, omlyd og bryting i nordisk.” I: *The Modern Languages and Modern Linguistics: Proceedings of the Fourth International Conference of Nordic and General Linguistics*, utg. EVEN HOVDHAUGEN, 120–139. Oslo: Universitetsforlaget.
- SPURKLAND, TERJE. 2001. *I begynnelsen var ¶ Æ ¶ R: Norske runer og runeinnskrifter*. Landslaget for norskundervisning, 138. Oslo: Cappelen. – Engelsk omsetjing, *Norwegian runes and runic inscriptions*, Woodbridge: Boydell Press, 2005.
- STOKLUND, MARIE. 1994. “Von Thorsberg nach Haitabu.” I: *Runische Schriftkultur in kontinental-skandinavischer und -angelsächsischer Wechselbeziehung*, utg. KLAUS DÜWEL, 95–116. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde, 10. Berlin: de Gruyter.
- SYRETT, MARTIN. 1994. *The Unaccented Vowels of Proto-Norse*. NOWELE Supplement, 11. Odense: Odense University Press.
- SZEMERÉNYI, OSWALD. 1960. *Studies in the Indo-European System of Numerals*. Heidelberg: Winter.
- TORP, ARNE. 1998. *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Oslo: Novus.
- TORP, ARNE, og LARS S. VIKØR. 2003. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 3. utg. Oslo: Gyldendal akademisk.
- TRASK, ROBERT LAWRENCE (LARRY). 1996. *Historical linguistics*. London: Arnold. – *Trask's Historical Linguistics*. 2. utg. ved ROBERT MCCOLL MILLAR. London: Hodder, 2007.

- VENNEMAN, THEO. 2000. "Zur Entstehung des Germanischen." *Sprachwissenschaft* 25: 233–269.
- VERNER, KARL. 1876. "Eine Ausnahme der ersten Lautverschiebung." *Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung* 23: 97–130.
- VRIES, JAN DE. 1962. *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: Brill.